

Budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan 2024-2027

Vestnes kommune

Kommunedirektøren sitt forslag



Innhold:

Kommunedirektøren si innleiing.....	3
Budsjettvedtak	6
Fokusområde.....	12
Introduksjon	12
Næringsutvikling.....	15
Busetting og oppvekst.....	22
Kultur og fritid	31
Folk, helse og omsorg.....	37
Det internasjonale Vestnes	46
Samferdsel og pendling.....	52
Klima, miljø og beredskap	58
Sentrale kapittel	64
Heilskapleg styring	64
Befolkningsutvikling	71
Rammevilkår og økonomisk utvikling	76
Driftsbudsjett.....	85
Investeringsbudsjett.....	99
Klimabudsjett	110
Kommunen sine rammeområde.....	123
Sentraladministrasjon	123
Oppvekst og kultur	129
Helse og omsorg.....	140
Samfunn og samskaping.....	154



Kommunedirektøren si innleiing

Dette dokumentet består av kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjettet 2024-2027. Meir konkret syner kommuneplanen sin handlingsdel korleis Vestnes kommune skal følgje opp kommuneplanen som er vårt overordna styringsdokument, i tillegg til lovpålagde oppgåver og nasjonale styringssignal. Økonomiplanen skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege utgifter, inntekter og prioriterte oppgåver i planperioden på 4 år. Budsjettet for det første året er bindande, medan økonomiplanen for dei tre siste åra er retningsgjevande. Handlings- og økonomiplanen rullerast årleg.

Framleis store omstillingsbehov

Vestnes kommune har over år hatt meirforbruk i drifta og vart i 2022 meldt inn i ROBEK – registeret. I 2022 fekk vi eit særst godt økonomisk resultat, som førte til at vi kom oss ut av ROBEK året etter. Økonomistatus for 2. tertial syner derimot til at vi vil gå med eit vesentleg meirforbruk i 2023. Sjølv om vi kom ut av ROBEK er symptoma dei same med eit alt for høgt driftsnivå. Prognosa er framleis usikker, men det er svært truleg at vi vil få eit meirforbruk i 2023 som må dekkast inn i 2024 og 2025 om vi skal unngå å bli meldt inn i ROBEK igjen. Det er også ein moglegheit å bli direkte innmeldt i ROBEK i 2024 dersom meirforbruket blir større enn 3 % av driftsinntektene.

Den økonomiske statusen syner at vi må halde fram omstillingstakta for å sikre ein berekraftig økonomi og dermed gi politikarane eit handlingsrom til å velje område dei vil satse på innan drift eller investeringar, til dømes ny ungdomsskule, kulturskule med meir.

Dei siste åra har vore krevjande med Covid-19 og no krigen i Ukraina. I 2022 tok krigen i Ukraina til og vi vedtok å ta imot 130 flyktningar, men busette over 140 flyktningar. I 2023 er vedtaket å busette 100 flyktningar. Vestnes kommune har god erfaring med busetting og integreringsarbeid, og vi har no bygd

opp eit tenesteapparat for å gi gode tenester til flyktningane og innbyggjarane generelt. Ei av dei største utfordringane er å ha nok bustadar og her har Vestnessamfunnet stilt opp på ein god måte.

Krigen i Ukraina har medført globale endringar som til dømes manglande tilgang på energi og varer. Ein konsekvens av dette er prisauke på vare og tenester samt auke i renteutgifter, noko som påverkar berekrafta i kommunal sektor. Vestnes kommune har ein del av låna knytt til fastrenter, men likevel har det vore ei vesentleg auke i renteutgifter og det vil truleg auke også i 2024. Dette igjen medfører lågare rammer til drift av dei kommunale tenestene.

Vi er no inne i ei stor omstilling for å redusere driftsnivået, noko som vil vere krevjande for politikarar, tilsette, administrasjon og innbyggjarar. Ein må vere budd på at vi må redusere utgiftene betydeleg. For Vestnes kommune er den klart største utgiftsposten, lønsutgifter. Desse må reduserast. Tal frå til dømes kommunebarometeret syner at det er ikkje noko fasitsvar at til meir enn puttar inn av pengar, til betre blir kvaliteten. Tvert imot ser vi mange effektive kommunar har god kvalitet. Vi må difor redusere utgiftene, men samstundes arbeide med å behalde kvaliteten eller auke kvaliteten. Dette vil vere krevjande og på kort sikt må ein rekne med redusert kvalitet og volum i tenesteproduksjonen. På lengre sikt må ein auke kvaliteten. Dette er bakgrunnsbiletet kommunedirektøren tok med seg inn i budsjettprosessen.

Den økonomiske situasjonen gjer at det ikkje er store investeringar i økonomiplanen. Det er avgjerande at Vestnes kommune no får kontroll over den økonomiske situasjonen slik at vi i framtida også kan investere og gi gode tenester til innbyggjarane.

Kommunedirektøren har hatt fokus på også i denne budsjettprosessen å legge fram mest mogleg konkrete tiltak og ikkje nytte klassiske «ostehøvel» prinsipp og uspesifiserte tiltak. I tillegg er det lagt inn plusstiltak der ein aukar ramma til kommunalområde sett opp mot endringar i drifta. Dette for å få eit berekraftig og realistisk budsjett. I den administrative prosessen har ein arbeida ut frå ein etablert prosessmal. Her har kommunalområda kome med tiltak som er analysert sett opp mot konsekvensar og moglegheitsrom. Kommunalsjefen har deretter summert opp tiltaka og kome med forslag til kommunedirektøren. Tilsvarende har det vore arbeida med kommuneplanen sin handlingsdel. I begge desse prosessane har tillitsvalte og verneombod delteke. Dette dannar grunnlag for kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan 2024-2027.

Utfordringsbiletet

Utfordringane i samfunnet er store og handlar mellom anna om demografi, utanforskap, flyktningstraum, klima og ein strammare økonomi. I tillegg til dagens utfordringar, må vi ha «langlysa» på for å identifisere og kome i forkant av morgondagens utfordringar.

Både i Møre og Romsdal og i Vestnes kommune døyr det fleire enn det blir født, noko som i utgangspunktet fører til reduksjon i innbyggjarar. Derimot har innflytting og flyktningar ført til at Vestnes kommune, er ein kommune i vekst. Dei demografiske endringane påverkar allereie Vestnes kommune. Der det tidlegare var klart fleire personar i alderen 0-19 enn 65 år og eldre har det no endra seg. Dette gjer at vi får fleire pensjonistar og færre i barnehage og skulepliktig alder. Vi ser også framover at talet på personar i arbeidsfør alder går ned. I tillegg til dei kompetanseutfordringane vi har i dag - vil det då vere fleire som treng helse og omsorgstenester, medan vi har færre til å yte desse tenestene. Dette krev at vi «tenker utanfor boksen» og gjer ting på ein annan måte enn i dag.

Vert forslaget til statsbudsjett knytt til vertskommunefinansiering vedteke, vil dette potensielt ha store innverknadar for Vestnes kommune. Tidlegare har det vore ei skjermingsordning ved dødsfall, men den er føreslått å ta vekk frå 2025. Dette gjer at vi har lita tid til å omstille oss for å redusere utgiftene. Ei anna utfordring er at vi ser det er mange yngre personar med store tenestebehov. Dette har gjort at vi har auka avlastningstilbodet i 2023 for å møte utfordringane tidlegare i innsatstrappa.

For å tydeleggjer korleis Vestnes kommune skal møte dagens og framtidens utfordringar, er det oppretta eit ad-hoc utval for innsatstrappa. Arbeidet er starta opp og vi skal arbeide med å sjå på korleis vi skal gi heilskaplege tenester på tvers av sektorar med fokus på førebyggjande arbeid. Det er slik vi kan sikre gode tenester for innbyggjarane også i framtida.

Historisk har det vore høgt sjukefråvær i barnehagane og i 2024 vil kommunedirektøren sette i verk eit sjukefråværsprosjekt i denne sektoren. Det er naturleg å tenke ein prosjektperiode på eitt år, før ein vurderer om dette er noko som skal innførast i heile organisasjonen.

Oppsummering

Oppsummert har det vore krevjande å kome i mål med kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplanen og årsbudsjettet. Dette har kravd store prosessar med mange involverte partar. Kommunedirektøren er nøgd med resultata frå prosessane og dei bidraga vi har fått frå heile organisasjonen, tillitsvalte og verneombod. Det som peikar seg ut som den største utfordringa er å omstille helse og omsorgssektoren til eit lågare driftsnivå, samstundes som talet på eldre aukar. Omstillingar er heilt naudsynte, og svært krevjande, men avgjerande for å få balanse mellom tenesteproduksjonen og dei økonomiske føresetningane vi har. Dette vil igjen gi handlingsrom for å utvikle organisasjonen, gjere gode investeringar og gi gode tenester også i framtida.

Kommunedirektøren har gjennom framlegg til budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan 2024-2027 gitt sine tilrådingar. Ved handsaming av formannskapet sitt framlegg i kommunestyremøte 14. desember, er det kommunestyret sine prioriteringar og vedtak som fastsett kommunen sine mål og rammer for perioden.



Foto: Illustrasjon

Budsjettvedtak

[Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak](#)

1. Handlingsplan 2024-2027

Vestnes kommunestyre vedtek kommuneplanen sin handlingsdel 2024-2027 slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan 2024-2027.

2. Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Vestnes kommunestyre vedtek økonomiplan for 2024-2027 og årsbudsjett for 2024 i samsvar med bevilgningsoversiktene etter §5-4, slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan 2024-2027.

3. Klima og miljø

Vestnes kommunestyre vedtek klimabudsjettet med tiltak slik det ligg føre i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan 2024-2027.

4. Investering og låneopptak

- Vestnes kommunestyre vedtek investeringsbudsjettet for 2024 i samsvar med bevillingsoversiktene etter § 5-5, slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan 2024-2027
- Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på kr 18,02 mill. kroner til finansiering av kommunen sine investeringar, jf. Kommunelova §14-15 første ledd
- Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på 15 mill. kroner til finansiering av vidareutlån til bustadformål, jf. Kommunelova §14-17
- Vestnes kommunestyre godkjenner bruk av trekkrettigheit og opptak av likviditetslån ved behov med inntil 80 mill. kroner. Dette i samsvar med kommunen sitt økonomi- og finansreglement

5. Eigedomsskatt

- I medhald av Eigedomsskattelova §§ 2 og 3, skriv Vestnes kommunestyre ut eigedomsskatt for 2024 på alle faste eigedommar i heile kommunen. På tidlegare skattlagte verk og bruk skriv Vestnes kommune ut skatt på næringsdelen (bygning og grunn). Ein skriv ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med seks sjuandedelar i 2024 (overgangsregel til §§ 3 og 4, første ledd første pkt. i Eigedomsskattelova)
- Generell skattesats vert sett til 7,0 promille. For bustad og fritidsbustad vert skattesatsen halden uendra på 4,0 promille. Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 4,0 promille. jf. Eigedomsskattelova § 11, 1. ledd og § 13
- Det vert ikkje rekna botnfrådrag for bustaddelen i bustadar og fritidsbustadar jf. Eigedomsskattelova §§ 11, 2. ledd.
- Som standard vert det 4 betalingsterminar jf. Eigedomsskattelova § 25. Vestnes tilbyr fleksibel fakturering, der ein kan velje mellom 1, 4 eller 12 terminar etter visse reglar
- For utskriving av eigedomsskatt på bustadeigedomar skal kommunen bruke Skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustadane der dette er berekna (§ 8 C-1 i Eigedomsskattelova). Elles skal Vestnes kommune sine gjeldande eigedomsskattevedtekter med revideringar vedtekne av Vestnes kommunestyre, nyttast
- Vestnes kommunestyre fritiek etter § 7 i Eigedomsskattelova:
 - a. Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylke eller staten.
 - b. Eigedom som har historisk verdi

6. Finansielle måltal

Vestnes kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

Finansielle måltal	2024	Langsiktig måltal
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	0,6 %	> 1,75 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	1,8 %	> 5 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	73,3 %	< 75 %

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rammetilskot	-221 110	-238 899	-245 077	-252 517	-255 228	-255 231	-255 238
Inntekt- og formuesskatt	-252 197	-229 153	-232 153	-254 677	-254 677	-254 677	-254 677
Eigedomsskatt	-22 809	-25 364	-25 364	-34 302	-34 802	-35 227	-35 652
Andre generelle driftsinntekter	-154 092	-168 740	-168 740	-185 025	-164 722	-153 760	-133 741
Sum generelle driftsinntekter	-650 209	-662 156	-671 334	-726 521	-709 429	-698 895	-679 308
Korrigert sum løyvingar drift, netto	601 752	607 755	616 933	667 888	652 488	642 468	625 868
Avskrivningar	45 985	43 400	48 018	48 333	49 137	50 613	51 601
Sum netto driftsutgifter	647 736	651 155	664 951	716 221	701 625	693 081	677 469
Brutto driftsresultat	-2 472	-11 001	-6 383	-10 300	-7 804	-5 814	-1 839
Renteinntekter	-2 283	-4 820	-4 820	-4 000	-3 900	-3 800	-3 800
Utbytte	-16 798	-5 700	-5 700	-6 400	-6 600	-7 400	-7 500
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	17 139	27 754	27 754	33 186	32 080	31 910	31 910
Avdrag på lån	28 742	30 300	30 300	30 500	30 700	31 500	32 500
Netto finansutgifter	26 800	47 534	47 534	53 286	52 280	52 210	53 110
Motpost avskrivningar	-45 985	-43 400	-48 018	-48 333	-49 137	-50 613	-51 601
Netto driftsresultat	-21 657	-6 867	-6 867	-5 347	-4 661	-4 217	-330
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	1 567	960	960	783	1 004	517	81
Bruk av bundne driftsfond	-3 951	-756	-756	-900	-154	-154	-195
Avsettingar til disposisjonsfond	3 915	0	6 663	5 150	4 091	4 864	1 654
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	20 126	6 663	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	21 657	6 867	6 867	5 033	4 941	5 227	1 540
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	-314	280	1 010	1 210

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Sentraladministrasjon	30 582	53 903	44 233	60 693	63 693	64 843	62 743
Oppvekst og kultur	188 996	178 530	184 666	191 383	180 583	173 883	167 283
Helse og omsorg	354 019	333 053	346 777	375 710	368 210	364 310	356 510
Samfunn og samskaping	29 264	42 374	45 979	45 119	45 990	45 109	44 720
Inntekter og finans	14	0	0	0	0	0	0
Sum løyvingar drift, netto	602 876	607 859	621 655	672 904	658 475	648 144	631 255
Av dette:							
Avskrivinger	45 985	0	4 618	5 133	5 137	5 313	5 501
Motpost avskrivninger	-42 370	0	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og -inntekter	-106	-100	-100	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	1 567	960	960	783	1 004	517	81
Bruk av bundne driftsfond	-3 951	-756	-756	-900	-154	-154	-195
Korrigert sum løyvingar drift, netto	601 752	607 755	616 933	667 888	652 488	642 468	625 868

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Investeringar i varige driftsmidlar	0	29 566	29 566	23 364	26 845	23 315	25 615
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	2 280	2 280	2 300	2 300	2 300	2 300
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	0	31 846	31 846	25 664	29 145	25 615	27 915
Kompensasjon for meirverdiavgift	0	-5 520	-5 520	-4 310	-5 085	-4 405	-5 025
Tilskot frå andre	0	-200	-200	-725	-375	-250	-250
Sal av varige driftsmiddel	0	-2 680	-2 680	-2 300	-2 300	-2 300	-2 300
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	0	-23 446	-23 446	-18 015	-21 665	-19 670	-21 550

Budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan for 2024-2027

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Sum investeringsinntekter	0	-31 846	-31 846	-25 350	-29 425	-26 625	-29 125
Vidareutlån	0	10 000	10 000	15 000	15 000	15 000	15 000
Bruk av lån til vidareutlån	0	-10 000	-10 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Avdrag på lån til vidareutlån	0	1 000	1 000	1 500	1 500	1 500	1 500
Mottatte avdrag på vidareutlån	0	-1 000	-1 000	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkede beløp	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	0	0	0	0	0	0	0
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	314	-280	-1 010	-1 210

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Sentraladministrasjon								
Sentraladministrasjon	0	1 566	1 566	1 500	2 800	1 200	1 200	6 700
Sum	0	1 566	1 566	1 500	2 800	1 200	1 200	6 700
Sentraladministrasjon								
Oppvekst og kultur								
Oppvekst og kultur	0	1 400	1 400	1 400	1 000	3 750	600	6 750
Sum Oppvekst og kultur	0	1 400	1 400	1 400	1 000	3 750	600	6 750
Helse og omsorg								
Helse og omsorg	0	14 500	14 500	0	0	0	0	0
Sum Helse og omsorg	0	14 500	14 500	0	0	0	0	0

Budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan for 2024-2027

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Samfunn og samskaping								
Samfunn og samskaping	0	12 100	12 100	20 150	23 325	19 375	25 025	87 875
Sum Samfunn og samskaping	0	12 100	12 100	20 150	23 325	19 375	25 025	87 875
Inntekter og finans								
Inntekter og finans	0	0	0	314	-280	-1 010	-1 210	-2 186
Sum Inntekter og finans	0	0	0	314	-280	-1 010	-1 210	-2 186
Investeringar i varige driftsmidlar	0	29 566	29 566	23 364	26 845	23 315	25 615	99 139

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Investeringar i varige driftsmidlar	0	0	0	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Kjøp av aksjer og andelar	0	2 280	2 280	2 300	2 300	2 300	2 300	9 200
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	2 280	2 280	2 300	2 300	2 300	2 300	9 200

4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Utlån av egne middel	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	0	31 846	31 846	25 664	29 145	25 615	27 915	108 339

Fokusområde



Foto: Zigg

Introduksjon

Visjon

Vestnes kommune sin visjon er «midt i blinken». Ein visjon kan definerast som eit bilete av ein framtidig, ønska tilstand.



midt i blinken

Visjonen vår «Midt i blinken» kan sjåast på fleire måtar:

Faktisk geografisk fordel:

- Den sentrale geografiske posisjonen gjer Vestnes eit naturleg val både for busetting og nyetablering i næringslivet

I meir overført betydning:

- Det er «midt i blinken» å etablere næring i kommunen. Vestnes kommune er ein aktiv medspelar overfor næringslivet
- Det er «midt i blinken» å bu og leve i Vestnes med rikt kulturliv og gode tenester som er treffsikre i kvalitet og innhald
- Vestnes kommune er «midt i blinken» for alle som er glade i natur-og friluftsliv. Kommunen legg til rette for eit aktivt friluftsliv med lett tilgjengelege naturområde. Dette er eit viktig bidrag til kommunens folkehelsearbeid
- Vestnes er «midt i blinken» som arbeidsgjevar og er ein serviceinnstilt, løysningsorientert og imøtekomande kommune

Innleiing handlingsdel

Kommuneplanen sin handlingsdel er enkelt fortalt, å omsette dei vedtekne måla og strategiane vi har til handling. Det vil sei kva tiltak vi sett i verk. Kommunedirektøren tek difor utgangspunkt i dei 7 fokusområda i oppbygginga av handlingsdelen.

Fokusområde 1: Næringsutvikling

Fokusområde 2: Busetting og oppvekst

Fokusområde 3: Kultur og fritid

Fokusområde 4: Folk, helse og omsorg

Fokusområde 5: Det internasjonale Vestnes

Fokusområde 6: Samferdsel og pendling

Fokusområde 7: Klima, miljø og beredskap

Kommunedirektøren meiner at dette vil gi «ein raud tråd» frå kommuneplanen som vårt overordna planverk og heilt ned i organisasjonen. Altså «frå nokon sitt ansvar (kommunestyret), til alle sin kvardag (alle tilsette)». Å bruke dei 7 fokusområda i handlingsdelen, gjer det også enklare for kommunedirektøren og følge opp dei einskilde måla, og for kommunestyret å sjå kor vi ligg an i høve måloppnåing og eventuelt korrigerende kurs.

For å nå måla i kommuneplanen, er vi avhengig av at Vestnes kommune tverrfagleg arbeidar mot dei same måla. Kommunedirektøren vil difor ha fokus på kva Vestnes kommune heilskapleg skal gjer for å nå måla og ikkje kvar eining – det er saman vi kan løyse dei komplekse problema og ikkje sektor eller einingsvis. I prosessen har difor sektorane i all hovudsak samarbeida om dette på tvers av einingane, før alt vert samkøyrte. Dei har blitt utfordra på:

- Kor er vi (kva har vi oppnådd og utfordringane framover)
- Kva gjer vi (tiltak for å nå måla)

I prosessen knytt til handlingsdelen, kjem det fram at det er gjort mykje godt arbeid sidan 2015 knytt til mange av måla og strategiane. Samstundes ser vi at det er område ein framleis må arbeide meir med for å kome i mål i planperioden. I dette arbeidet ser vi at det er mål og strategiar som går inn i kvarandre og det er tilsvarende mål og strategiar som manglar for å synleggjer heile spekteret av kva organisasjonen arbeider med. Til dømes er det lite synleggjort mål/strategiar om korleis vi skal bidra med å få folk i

arbeid, gjer oss ein attraktiv arbeidsgivar, økonomiske måltal, Vestnes kommune som organisasjon med meir. Dette meiner kommunedirektøren vi må arbeide mot i ny kommuneplan.

For å synleggjere kor vi er (status), har vi teke med ulik statistikk der storparten er henta frå Fylkesstatistikken, SSB, folkehelse- og oppvekstprofil med meir.

Kommunedirektøren gjer merksam på at det som står under «Om fokusområde» er henta frå kommuneplanen sin samfunnsdel og delar av det kan såleis vere utdatert informasjon no.



Foto: Ziggj

Næringsutvikling

Om fokusområde


Ein av hovudgrunnane til å busette seg ein stad, er tilgang til relevant arbeid. Både knoppskyting og nyetableringar er såleis sentrale element for næringslivsvekst og busetting. Vestnes har eit sterkt næringsliv, med tyngda i skipsrelatert industri og offentleg omsorg. I tida framover må Vestnes vere attraktiv for yngre og kompetent arbeidskraft. Nye store samferdselsprosjekt forsterkar Vestnes sin strategiske og sentrale geografiske plassering. Vestnes ønsker å framstå som ein god samarbeidspart og ein kommune som satsar på næringsutvikling, inkludert landbruk.

Næringsstruktur

Tal frå fylkesstatistikken syner at i Vestnes kommune er dei største næringane (næringsstruktur) sekundærnæringar (industri, bygg og anlegg med meir), rett føre helse- og sosialtenester. Helse- og sosialtenestene er i stor grad knytt til den kommunale drifta. Etter desse to, er det sørvisnæringa som er størst i Vestnes.

I 2022 var det 219 nyetableringar av selskap (alle typer) i Vestnes kommune. Det totale talet på selskap i Vestnes er 1 583 (Alle typer).

Tal sysselsatte etter sektor og næring, per 4. kvartal 2022



Handlingsdel

Kor skal vi? (Mål og strategiar)	Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)	Kva gjer vi? (Tiltak)
<p>Legge til rette for ekspansjon rundt eksisterande bedrifter, men også ta omsyn til moglege konflikhtar mellom næringsverksemd og bustadbygging</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruker forkjøpsrett ved å kjøpe tilbake næringsstomter som ikkje er nytta • Vestnes Næringsforum fungerer som bindeledd mellom næringslivet og kommunen <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Areal aust for dagens industriområde (avsett i kommuneplanen) er framleis bandlagt til eventuell ny hovudveg frå Vik til Tresfjordbrua. Ny E39 vil truleg dra ut i tid 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Legge til rette for ekspansjon er viktig ved revidering av kommuneplanen sin arealdel 2. Vestnes kommune nyttar forkjøpsrett ved å kjøpe tilbake næringsstomter som ikkje vert nytta 3. Tildelingsreglar som er tilpassa næringslivet sitt behov
<p>Utvikle nye næringsareal; spesielt nær ny E39 på Vik, eventuell etterbruk av området ved Furneset ferjekai og finne eigna areal med tanke på samfunnsnyttig bruk av steinmassane frå planlagt tunnel under Romsdalsfjorden</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Reguleringsplan for Vik – Ørskogfjellet er vedteke <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Framdrifta knytt til Møreaksen er usikker og det gjer det difor vanskeleg å planlegge 	<ul style="list-style-type: none"> • Kollektivknutepunkt på Vik er ikkje avklart. Dette krev reguleringsending. Statens vegvesen har ansvar for planendinga. Kommunen følgjer opp tett • Regulering fra Ørskogfjellet til Digernes inkludert kryssløysing på Ørskogfjellet står att • Bør vurdere om det er mogleg å utvide arealet på dei eksisterande industriområda/næringsareala. Dette vil bli vurdert i arealdelen
<p>Etterspurnad etter næringsareal i nærleiken av kommunesenteret må også dekkast</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Har areal i Misfjordskogen • Restareal på Skorgeneset er under opparbeiding 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vurdere næringsareal i kommuneplanen sin arealdel. Næringsarealet Misfjordskogen kan vurderast utvida

	<p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Finne nye og attraktive næringsareal, slik at kommunen kan tiltrekke seg næringsaktivitet 	<p>2. For å utvikle eit kompakt og attraktivt sentrum bør det leggast til rette for nye næringsetableringar i sentrum av Vestnes kommune</p>
<p>Det skal leggast til rette for småskala reiseliv ved å utnytte vår nærleik til fjord og fjell og vårt sentrale utgangspunkt for kortreiste turar til attraktive turmål i heile fylket</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom nettstaden www.iVestnes.no blir aktivitetar og tilbod i Vestnes synleggjort for innbyggjarar og tilreisande • Vi har nokre areal avsett til fritidsbustader og utleigehytter/orrbuer • Samarbeid mellom skule og småskala reiseliv gjennom valfaga og/eller elevbedrifter • Leirskule 7. klasse på Bjørnsund for alle elevane i dei offentlege skulane i Vestnes • Ulike fjelltur mål og (mest lokalt i kommunen) Døme på ekskursjonar: - Besøk til akvariet i Ålesund - Besøk ulike museum i fylket - Besøk til biblioteket • Overnattingstur ute på ungdomsskulesteget. Samarbeid med frivillighetssentralen i høve lån av turutstyr, t.d. for å padle kano i Flatevågen • Det er etablert fleire camping/bubilparkeringar i Vestnes kommune • Postvegprosjektet har lagt til rette for økt fokus på lokalhistoria. Vi har fått på plass skilting frå kyrkja gjennom sentrum og til prestegarden • Ustyrssentralen har blitt ein del av BUA - ordninga • BUA har turustyr med meir som kan lånast gratis av alle 	<p>1. Informasjonen på heimesida kring turmål skal vere oppdatert</p> <p>2. Planer om å få til årleg vandreteater, og eventuelt et større scenestykke/musikal om båtbyggerhistoria</p> <p>3. Søblomsten skal sjøsetjast 2025 og vil bli ein viktig attraksjon for reiselivet</p> <p>4. Marknadsføre turvegar. Vestnes har fleire fine turmål. Det er eit potensial til at fleire nyttar StikkUT-turane</p> <p>5. Søke statlege midlar til etablering av fleire parkeringsplassar i tilknytning turstiar/turvegar</p> <p>6. Eit mål bør vere at elevane kjenner til kva tilbod og ressursar som finst i eige fylke</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Turistinformasjonsskilt er sett opp på Vågstranda • "Nappekart" er oppdatert <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er relativt få arbeidsplassar knytt til turisme i Vestnes kommune 	
<p>Satse på breibandsinfrastruktur som gir næringslivet tilstrekkeleg kapasitet</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har full fiberdekning med unntak av Vågstranda/Hjelvika <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Etter at Vågstranda/Hjelvika vart ein del av Vestnes kommune, har dei ikkje same fiberdekning 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeide mot at Vågstranda/Hjelvika skal få same fiberdekning som resten av kommunen
<p>Næringslivet og Vestnes kommune har eit godt samarbeid gjennom Vestnes Næringsforum. Dette skal vidareførast og kan utviklast til tettare samarbeid med Fønix Næringshage</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Næringsforumet er vidareført med kommunal delfinansiering. Det er også laga ein formalisert avtale mellom Næringsforum og kommunen • Utvikle nettstaden www.ivistnes.no. Fokus her er å synleggjere tilboda i kommunen • Skulane har i dag samarbeid med næringslivet gjennom blant anna innovasjonscamp • Kultureininga har eit godt samarbeid med Vestnes næringsforum med blant anna nettsida ivistnes.no, samt samarbeid kring ulike arrangement. Næringsforum driver ivistnes instagram sida 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tettare samarbeid mellom skule og næringsliv for å utvikle Ungt Entreprenørskap 2. Gjere NAV sine verkemiddel for inkludering kjend for kommune, Næringsforum og næringslivet, til dømes arbeidstrening, lønstilskot, mentorordning med meir 3. Hoppid gir gründerbistand til nyetablerte i kommunen

	<ul style="list-style-type: none"> • Etablert og organisert NAV kontoret i marknadsteam som skal ha kontakt ut mot næringslivet i kommunen. I tillegg er det tilsett ein jobbspesialist. Det er også nyleg tilsett ein jobbspesialist i arbeidet opp mot flykningar. • Prosjekt knytt til NAV, EKI og næringsforum med å få flykningar inn i arbeidslivet (integreringsmesse) • Vestnes Næringsforum: Etablert næringshage i samarbeid med Nordveggen <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Næringsliv og kommune bør i større grad sjå til NAV ved behov for rekruttering og inkludering 	
<p>Detaljhandel bør leggest til sentrum. Vestnes kommune skal fortsette samarbeidet med fylkeskommunen og private om utvikling av kommunesenteret. Målet er å utvikle eit triveleg og passende urbant tilbod i vår målestokk, som strategisk plassert handelsstad mellom Moa og Molde</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Godt kompakt sentrum som er definert og der storparten av handelen er lokalisert • Sentrumsforeining som organiserer handelsbedriftene • Vestnes Næringsforum arbeidar med å etablere gardeigarforeining for ytterlegare samarbeid og utvikling i sentrumskjerna • Sjøfront del 1 og 2 er ferdig. Steg 1 av del 3 er også ferdig • Sjøblomsten er ein attraktivitet i sentrum som gjer at potensielt fleire tek turen til sentrum både frå eigen og andre kommunar • Ad-hoc utval: Velkommen til Vestnes. Har ordna skilting og 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ad-hoc utval for utvikling, næringsforum og Sentrumsforeininga vil samarbeide om vidare utvikling av sentrum 2. Arbeide med å realisere Sjøfronten del 3. Fullføre gangvegssystemet og sjøpromenaden, utvikle attraktive møteplassar og få på plass grøntaksen

	såleis synleggjere kor sentrum er	
Kommunesenteret skal ha rom for ekspansjon både for handelsnæringa, fleire bustader og styrking av sentrum som triveleg, sosial og kulturell møteplass - eit velorganisert og universelt tilgjengeleg trafikkknutepunkt med lett tilgang til nok parkeringsplassar	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen har bygd ut 4. arma, rasteplass/bobilplass og parkeringsplassen ved idrettsparken • Biblioteket og Stella Maris har blitt ein god møteplass for alle 	<ul style="list-style-type: none"> • Ferdigstille Tettstadsprosjektet med attraktive og tilpassa sosiale møterom • Samarbeide med Vestnes næringsforum og sentrumsforeininga om utvikling av møteplassar i sentrum
Alle offentlege funksjonar som Vestnes skal ha berre éin av bør lokalisert til Helland		<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeide for at offentlege funksjonar vert lagt til Vestnes
Vestnes kommune vil arbeide for at naturlege regionale eller nasjonale funksjonar også kan lokalisert til Vestnes kommune	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har sett av/fokus på å sette av næringsareal til slike formål. Mange av næringsareala ligg i tilknytning til europavegane og framtidige hovudvegane, og det ligg difor til rette for slike etableringar («Midt i blinken») 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeide aktivt for å avdekke moglegheitsrommet for at regionale eller nasjonale funksjonar kan lokalisert til Vestnes 2. Problemstillingar knytt til lokalisering av regionale og nasjonale funksjonar kan bli eit tema i kommuneplanarbeidet




Foto: Zlggi

Busetting og oppvekst

Om fokusområde

Folketalsutviklinga syner ei auke i folketal, men fødselsoverskotet er negativt både i Vestnes og Møre og Romsdal. Det vil sei at det dør fleire enn det blir født. Grunnen til vi gjekk opp ein del frå 2020 til 2021, har samanheng med grensejusteringa knytt til Vågstranda og Hjelvika. I tillegg har vi teke imot mange flyktningar, spesielt frå Ukraina, og dette er ein medverkande årsak til folketalsauke.

Befolkningsutviklinga 2008–2023



Helland er den bygda der flest bur, deretter kjem Tomrefjord. Tilrettelegging for vekst og utvikling i heile kommunen er viktig for å nå kommunen sine overordna mål og ta vare på alle ressursar.

Vekst i folketal og arbeidskraft til næringslivet kan sikrast gjennom auka tilflytting og innvandring. Dette kan igjen medføre positiv utvikling i fødselstalet.

Busetting

Vestnes kommune har eit stort og variert tilbod av bustadområde. Om vi tek turen frå vest til aust kan vi nemne:

Stad	Namn	Privat/kommunalt	Status
Rekdal	Sandane	K	Utbygd. Få ledige
Fiksdal	B1	P+K samarbeid	Utbygd. Få ledig
Fiksdal	Sjøbakken	P	Utbygd og ledig
Tomrefjord	Lid (Sigurdsmarka)	P	Ferdig regulert
Vik Selnes	Solbakken	P	Utbygd og ledig
Tomrefjord	Tuen (Bårdsneset)	P+K samarbeid	Ferdig regulert
Tomrefjord	Vikfjørå	P	Ferdig regulert
Øverås	Røtbakken	P	Utbygd, få ledige
Åsbygda	Åslia Panorama	P	Under utbygging
Åsbygda	Fagerbakken	P+K samarbeid	Utbygd og ledig
Vestnes	Bakken	P	Utbygd og fullt
Buktavegen	Riseplassen	P	Regulert, under utbygging
Hagneset	«Aure-marka»	P	Oppstartfase regulering
Helland	Ramberget	P	Utbygd, noko ledig
Helland	Sjøgata 17	P	Ferdig regulert
Remmetsbukta	Gnr 44 bnr 6 og 11	P	Ferdig regulert
Remmetsbukta	«Ekert brygge»	P	Oppstartfase regulering
Skorgen	Skorgevik 3	K	Ferdig regulert

Stad	Namn	Privat/kommunalt	Status
Tresfjord	Sylteråket	K	Utbygd, noko ledig
Tresfjord	Sentrum	K	Ferdig regulert
Tresfjord	Ved museet	K	Ferdig regulert
Sætre	Sessneset	P	Utbygd, noko ledig
Vike	Sentrum	P+K samarbeid	Ferdig regulert
Vike	Bakneset	K	Utbygd og ledig
Vike	Gjermundnes	P	Utbygd og ledig
Vågstranda	Vågstranda sentrum	K	Delvis utbygd

I tillegg er mange einskilde tomter og mindre område i privat eige som kan bebyggast. Det er opning for spreidd busetnad som til dømes på store delar av Rekdal, Brastadstranda, aust-sida i Tresfjorden. Fleire leilegheitsprosjekt i Vestnes sentrum, både ferdig regulerte og ferdig utbygde. Andre område som er avklart i gjeldande kommuneplan sin arealdel og kan utviklast, samt eventuelt nye område som kan drøftast i revisjon av kommuneplanens arealdel.

Undervisning

Elevtalet i Vestnes har gått mykje ned dei seinare åra og vil gå ytterlegare ned i åra framover. Som følge av grensejusteringa i 2021 fekk Vestnes kommune eit viktig tilskot av elevar frå Hjelvika/Vågstranda, men fødselstalet er lågt også her. Dei siste tala knytt til barn fordelt på krinsane i Vestnes viser at vi vil ha ca. 105 færre elevar i løpet av seks år. Store elevkull går no ut av grunnskulen medan små kull kjem inn. Det har vore ein massiv flyktningstraum frå Ukraina til Noreg dei siste åra, og det er forventa at det kjem fleire i 2024 også. Busettinga av flyktningar gjer at talet ikkje blir lågare på kort sikt, men det vil ikkje vere nok for å hindre elevtalsnedgang i åra framover

Vi har sett at det har vore ei auke i talet på elevar som tek imot spesialundervisning fram til 2020. Sektoren har arbeidd mykje med fokus på tilpassa opplæring, og ser no ei utvikling der det er færre som har vedtak om spesialundervisning. I 2020 hadde 15,1 % av elevane i Vestnes vedtak om spesialundervisning. I 2022 var det ein nedgang og prosentandelen kom på 8,6 %. For 2023 er prosentandelen 9,5 %. Det er lågare tal for dei offentlege skulane enn dei private, der samla prosentandel er 15,04 %.

Det har dei siste 6-7 åra vore noko variasjon i grunnskulepoenga til avgangselevane. Dei to førre åra har resultatet gått opp med tre poeng, mens vi dette året ser at vi har gått noko ned att. Elevane som gjekk ut av grunnskulen i Vestnes våren 2023 hadde i snitt 39,7 grunnskulepoeng. Frå å ligge over både landsgjennomsnitt og snittet i Møre og Romsdal i 2022, ligg vi no litt under desse snitta. Det er ein nær

samanheng mellom grunnskulepoenga til elevane og gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Pr. tida ligger vi lågt i høve gjennomføringsgrad på vidaregåande skule sett opp mot dei andre kommunane i fylket.

Vestnes kommune er med i Oppfølgingsordninga. Vi får støtte frå Stasforvaltaren, og i samarbeid med NTNU og Høgskolen i Volda, arbeidar skular og barnehagar med fokus på kvalitet, og det å betre resultatane våre.

I Vestnes kommune er prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen vore på 100 % dei tre siste åra. Dette er betre enn nasjonalt nivå på 97,7% og fylkesnivå på 97,6 %.

Handlingsdel

Kor skal vi? (Mål og strategiar)	Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)	Kva gjer vi? (Tiltak)
Eit av dei viktigaste momenta for yngre vaksne, er tilgangen på barnehageplassar. Vestnes kommune skal derfor ha barnehageplass for alle og heilårsopne barnehageavdelingar.	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle som søker og har rett på barnehageplass i hovudopptaket får plass. Fortløpande opptak gjennom året ved ledige plass 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeide for å sikre nok plassar til at alle som søker utanom hovudopptaket får plass
Barnehagetilbodet skal utviklast i takt med etterspurnaden, mellom anna tilrettelagt for familiar som pendlar	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har lengre opningstid enn bykommunane i dei fleste av barnehagane våre, kl. 06:45-16:30. Max opphaldstid for eit barn er 9 timar, men individuelle avtalar utover dette 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Behovsundersøking kvart år i høve opphaldstid og andre tilbakemeldingar
Det skal arbeidast for å ha relevant kompetanse i barnehagane	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei fleste barnehagelærarane rekrutterer vi internt i sektoren. Lite dispensasjonar frå utdanningskravet, dei fleste stillingane er eigd av utdanna personale • Det er krav om fagbrev for fast tilsetjing, noko som medfører at det er få assistentar igjen i sektoren <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Utfordring å behalde kompetansen i sektoren, samt få tak i relevant kompetanse • Færre lærlingar enn ønskjeleg • Nytte NAV i større grad i rekrutteringa 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gjennomføre utdanning gjennom UDIR ordninga, legge til rette for fagbrev 2. Tilskot til barnehagelæruddanning på deltid og styrarutdanning via Kunnskapsnett Romsdal. 3. Legge til rette for fagbrev 4. Eigen plan for rettleiing av nyttilsette nyutdanna 5. Vere kjend med moglegheitene knytt til rekruttering og arbeidskraft gjennom NAV Vidare avklare moglegheiter for kvalifisering av flyktningar 6. Ta inn lærlingar gjennom RVOK (Rauma og Vestnes opplæringskontor) og auke til 14 lærlingar som er det vedtekne målet

<p>Vestnes kommune skal legge til rette for auka bulyst gjennom tilbod på utbyggingsklare, attraktive bustadtomter i alle bygdene, med breibandsinfrastruktur som gir innbyggjarane tilstrekkeleg kapasitet. Utbygging kan skje både i eigen regi eller i samarbeid med private</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen kan tilby tomter i: Rekdal, Fiksdal, Tomrefjord, Tresfjord, Daugstad, Vestnes og Vikebukt. • Private kan tilby tomter i Vestnes, Vikebukt, Fiksdal, Tomrefjord og Vågstranda • Tilrettelagt for gode møterom i Vestnes sentrum i Tettstadsprosjektet <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bustadtomtene må oppfattast som attraktive. Lokalisering av tomtene vil ha stor betydning 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Opplysningar om kommunale tomter ligg på heimesida og i Vestnes 2. Det blir arbeidd med å fullføre Tettstadsprosjektet 3. Rask saksbehandling i plan og byggjesaker 4. Det skal arbeidast for å byggje ut gatelys i fleire bygder 5. Løypande oppgradering av kommunale vegar 6. Samarbeid med frivilligheita om etablering av turvegar 7. Oppgradering og vedlikehald av parker i Vestnes sentrum
<p>I all planlegging skal det leggst vekt på omsynet til barn og unge sitt oppvekstmiljø, med Barnerepresentanten og Ungdomsrådet som sjølvagte høyringspartar</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Leiar og nestleiar i ungdomsrådet har møte og talerett i kommunestyret • Ungdomsrådet er høyringspart i aktuelle saker <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er viktig at i planlegginga vert det satt fokus på utanforskap, barnefattigdom, skolenærver og fritidsaktivitetar med like moglegheiter 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ungdomsrådet skal vere med i planlegginga av aktivitetar og tilbod i biblioteket 2. Nytt og engasjert ungdomsråd vart vald i 2023. Rådet har mange planar for den komande perioden 3. I planlegginga vert det satt fokus på utanforskap, barnefattigdom, skolenærver og fritidsaktivitetar med like moglegheiter 4. Det skal leggst opp til at barn og unge skal delta aktivt i arbeidet med kommuneplanen
<p>Skulane skal ha fokus på trivsel og oppretthalde/forbetre læringskvaliteten</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Språkplan (kommunal strategiplan for lesing og skriving) er under utarbeiding. Denne

	<ul style="list-style-type: none"> • Skulane arbeidar systematisk med trivsel og kvalitetsutvikling • Årleg signering av partnarsskap mot mobbing • Jobbar med livsmeistringsprogrammet «Livet og sånn» • Leikepatruljen • Fleire elevundersøkingar for å kartleggje trivsel • Digital kompetanseplan • System rundt kartlegging/oppfølging av elevresultat • Samarbeid med rådsorgan <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Utanforskning og nulltoleranse for mobbing 	<p>strategiplanen må inkludere ein plan for systematisk opplæring i bruk av kompenserande hjelpemiddel for elevar som har utfordringar knytt til lesing og skriving</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Nytte aktivt den kommunale planen for digital kompetanse frå 1.-10. steg 3. Jobbe godt med rekruttering av lærarar med fagkompetanse 4. Grunnopplæringa må henge saman, og delplanane skissert over må vere ein del av ein heilskapleg strategiplan for oppvekstsektoren i Vestnes. Den må gjelde heile 4-årsperioden, men med årleg rullering. Målet er at elevane i Vestnes skal få det same opplæringstilbodet uavhengig av kva skule dei går på 5. Vestnes kommune er med i eit treårig oppfølgingsløp gjennom UDIR knytt til kvalitetsutvikling
<p>Satsinga på systemretta arbeid for å styrke kvaliteten i undervisninga og læringsmiljøet til elevane skal vidareførast</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosjekt «Få elevane heim» er etablert • Kompetanseheving innan profesjonsfagleg digital kompetanse i samarbeid med Høgskulen i Volda • Hatt fokus på tilpassa opplæring sett opp i mot spesialundervisning. • Felles overordna system rundt elevane sitt psykososiale miljø 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule, samt mellomsteget og ungdomssteget 2. Fokus på tidleg innsats både i skule/barnehage og i helsetilboda 3. Heve kvaliteten på den ordinære opplæringa gjennom fokus på tilpassa undervisning. Det kan redusere talet på barn og unge som treng spesialundervisning

	<ul style="list-style-type: none"> Planprosess: <p>Med midlar frå Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, utvikle ein god struktur med tanke på det tverrfaglege samarbeidet knytt til det utvida laget kring barnet</p> <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vi har eit mål om å kome enda lågare i høve spesialundervisning 	<ol style="list-style-type: none"> Fortsette med program for folkehelse og livsmeistring i skulen (til dømes: Livet og sann/Mitt val) Etablert kommunalt/kommunale tilbod for elevar som i kortare eller lengre periodar treng ein alternativ opplæringsarena og/eller alternativ opplæring Vestnes kommune er med i eit treårig oppfølgingsløp gjennom UDIR knytt til kvalitetsutvikling Nytte det overordna systemet knytt til elevane sitt skolemiljø som Kunnskapsnett Romsdal har utarbeidd
<p>Vestnes kommune skal tilby rask og god språkopplæring for alle som har krav på det</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vi legg opp til integrering i ordinære klassar og nærskule Ein utøvande spesialpedagog er knytt til barnehagesektoren. I tillegg logopedressurs for skule og barnehage Biblioteket tilbyr bøker på dei fleste aktuelle morsmål. Samt ressursar til språkopplæring Rask oppstart på norskopplæring for alle innvandrarar. Har kvalifisert personale til å gjennomføre språkopplæringa Vi sender ut infobrev til alle nye innbyggjarar som har rett og eller plikt til opplæring som ikkje kjem under kommunen sin introduksjonsordning 	<ol style="list-style-type: none"> Eigne spesialpedagogar i barnehage der det er behov. I fråvær av spesialpedagogar må vi ha ein plan for å sikre tilbodet til barna Bør sikre at PP-kontoret har brei kompetanse for å sikre tilrettelegging for dei som treng dette Samarbeid mellom kultureininga og eining for kvalifisering og integrering knytt til kva språk som er i Vestnes Samarbeid med NAV og næringslivet knytt til språkpraksisplassar

	<ul style="list-style-type: none"> • Språkkafé på Frivilligsentralen, ein arena for uformell læring og integrering 	
<p>Helland skule, Tomrefjord skule og Tomrefjord idrettsbygg skal få nødvendig oppgradering</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tomrefjord idrettsbygg er nyleg renovert <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulane har ikkje fått nødvendig oppgradering/rehabilitering • Vestneshallen treng oppgradering • Behov for ny ungdomsskule • Må ha meir fokus på vedlikehald 	<p>1. Naudsynt oppgradering av skulane blir sett i samanheng med prosjekt Vestnes ungdomsskule</p>



Foto: Zlggi

Kultur og fritid

Om fokusområde

Kultur og frivillighet står sentralt i det norske samfunnet og fungerer som eit sosialt lim, som bidreg til å styrke samholdet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Deltaking i kultur, idrett og anna frivilligheit er ei viktig kjelde til å finne identitet og kjensla av å høyre til. Innsatsen til frivillige lag og organisasjonar er såleis vesentleg for det sosiale livet i bygdene våre. Idrettslaga, korps, revy- og teaterlag, Musikkens venner, Vestnes musikkverksted, Gapskrattfestival og Fikstival er gode eksempel på aktørar som set Vestnes på kartet. Det offentlege tilbodet består mellom anna av kulturskulen, bibliotek , frivilligsentral, idrettsbygg og kyrkja. Biblioteket er ein unik lokal kulturarena med gode besøkstal, men treng betre lokale. Kulturskulen er eit ressurscenter for alle i kommunen, som rekrutterer profesjonelle utøvarar som heile samfunnet nyt godt av. Også kulturskulen treng betre lokalar/lokalisering.

Spelemidler

I år, som i fjor, har regjeringa sett av 1,7 milliardar kroner frå overskotet i Norsk Tipping AS (spelemidlane) til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane i heile landet. Møre og Romsdal fylkeskommune ved kultur-, næring og folkehelseutvalet, fordelte 108 325 000 kroner til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i fylket. Dette er 7,28 mill. kroner meir enn i fjor.

Vestnes hadde ingen godkjente søknadar i år, men fleire prosjekt er søknadsklare i januar 2024. Dei tre siste åra har Vestnes fått til saman 7 353 000 kroner av spelemiddelpotten til anlegg for idrett og fysisk

aktivitet. Det er ein langt lågare sum av spelemidlane som går til kulturbygg. Møre og Romsdal får omlag 3 500 000 kroner til fordeling kvart år. Av dette har til saman 2 200 000 kroner gått til prosjekt i Vestnes dei tre siste åra.

StikkUT!

Vestnes starta med StikkUT i 2016. I 2023 er det 703 aktive deltakarar i Vestnes som StikkUT, noko som er ein liten nedgang. Det var ei klar auke i 2021, ei tid der kanskje covid-19 bidrog i positiv retning. Vi har i tillegg blitt ein større kommune med tanke på grensejusteringa knytt til Vågstranda og Hjelvika.

2023: 703 aktive deltakarar, 13 907 registrerte turar
2022: 714 aktive deltakarar, 13 656 registrerte turar
2021: 800 aktive deltakarar, 17 000 registrerte turar
2020: 522 aktive deltakarar, 15 915 registrerte turar
2019: 394 aktive deltakarar, 11 715 registrerte turar
2018: 390 aktive deltakarar, 8 865 registrerte turar
2017: 358 aktive deltakarar, 9 459 registrerte turar
2016: 284 aktive deltakarar, 6 635 registrerte turar

Biblioteket

Leseevne er grunnleggande for all læring. Det er no 5,3 utlån per innbyggjar, noko som er særskilt bra og framleis høgast blant reine folkebibliotek i fylket.

Handlingsdel

Kor skal vi? (Mål og strategiar)	Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)	Kva gjer vi? (Tiltak)
<p>Vestnes kommune skal verdsette den unike floraen av frivillig innsats og kulturaktivitetar</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • I 2020 la vi til rette for å ta heim Sjøblomsten og dermed gjer den tilgjengeleg for heile kommunen og regionen. Det arbeidast med at Sjøblomsten vert sjøsett og kan nyttast til turar • Vi har FrivilligForum, der alle frivillige lag og organisasjonar er inviterte til å delta • www.ivestnes.no gir frivillige lag og organisasjonar ein gratis plattform for å synleggjere seg sjølv og sin aktivitet, og gir innbyggjarane ei oversikt over tilboda i kommunen • Kommunen deler årleg ut aktivitetsmidlar etter søknad frå frivillige organisasjonar • Abonnerer på Tilskuddsportalen, eit verktøy som kommunen og frivillige organisasjonar kan nytte for å finne økonomisk støtte til egne prosjekt • Frivillisentralen og kulturrådgevar rettleiar frivillige organisasjonar i organisasjonsarbeid og i søknads- og prosjektarbeid • Kommunen leiger ut lokalar rimeleg til frivillige og til kulturaktivitetar • Formidling av dirigenttenester, musikktenester til lokallag, korps og spelemannslag 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Biblioteket har vekt på lokal identitet i si utforming med maritim profil. Vi samarbeider også med Kulturskolen, NTNU Ålesund og Båtbyggarmuseet om prosjektet Maritimt kulturlaug, der elevane får innføring i båtbyggjarhistoria, samt informasjon frå skipsbyggarnæringa om aktuelle yrkesveggar i eigen kommune 2. Vi arbeider tett opp mot dei frivillige laga i Vestnes for å vise fram bredda av frivillige organisasjonar og kulturtilbod 3. Drifte nettsida iVestnes saman med Vestnes Næringsforum 4. Årleg søknadsprosess for lokale organisasjonar 5. Har regelmessige møter med frivillige lag og organisasjonar 6. Opprettheld tilgang til lokalar for lokale lag og organisasjonar 7. Sikre medverknad frå frivilligsektor i utarbeiding av planar for Vestnes kommune

<p>Vestnes kommune skal, så langt råd er, støtte opp om utvikling av lokale forsamlingshus og idrettsanlegg</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen gir rettleiing og behandlar søknadar om statlege spelemidlar • Spelemiddelordninga er ein viktig støttespelar ved bygging og vedlikehald av kulturbygg, idretts- og nærmiljøanlegg i kommunen • Tomrefjord kunstgrasbane er reparert hausten 2023 • Tomrefjord idrettshall er betydeleg oppgradert • Vågstranda har fått ny kunstgrasbane • Parkeringsplass (på Øverås) for turveg Øverås-Lervågen er ferdigstilt og open for allmenn bruk <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Drift og vedlikehald av kommunale idrettsanlegg • Alle turparkeringsplassane treng vedlikehald (brøyting/grusing/rydding av kant-vegetasjon) 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vere ein aktiv medhjelpar for lag og foreiningar i prosessen med å søke eksterne midlar 2. Gjere saksgangen frå idé til søknadsklart prosjekt meir kjent gjennom temakurs 3. Utarbeide ny og fleirårig temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 4. Utarbeide gode avtalar med idrettslaga som driftar kommunale idrettsanlegg
<p>Vestnes kommune skal vidareføre aktivitetsnivået i kulturskulen og arbeide for betre lokalar og lokalisering</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilbyr desentralisert opplæring i kulturskulen der dette er mogleg • Har eit variert tilbod i kulturskulen • Dirigentstøtte (delfinansiering) <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Lokala til kulturskulen 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vidareføre støtta til lokale lag og organisasjonar 2. Vi lagar/arrangerer produksjonar som er open for alle i målgruppa 3. Fokus på framdrifta av nye lokale til kulturskulen

<p>Vestnes kommune skal arbeide for å jamne ut sosiale ulikheiter med omsyn til deltaking i fritid- og kulturtilbod</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikling av BUA på Frivilligsentralen, gratis utlån til alle innbyggjarar for aktivitet heile året • Kulturskulen tilbyr gratis plass til familiar med låg inntekt • Vi har oppretta SMUD, Stella Maris Ungdom. Eit gratis lågterskel tilbod for ungdom i samarbeid med frivilligheita. Har fått på plass eigne lokalar til ungdomsklubb • Biblioteket er eit lågterskeltilbod, der barn og ungdom også får tilgang til teknologi og spel-utstyr • Babysong er oppretta (drifta med folkehelsemidlar). Det er eit gratistilbod der ein ikkje treng å melde seg på <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har behov for å vurdere bemanninga ved biblioteket for å kunne oppretthalde opningstider og tilgjengelegheit for barn og unge 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bevisstgjeringsarbeid ut til publikum 2. Barns behov skal alltid vurderast og takast omsyn til ved søknad om økonomisk sosialhjelp 3. Gode rutinar for samarbeid og sambruk, sørge for at lokalbefolkninga kjenner eigarskap til lokala 4. Har oppdaterte spel knytt til biblioteket
<p>Bibliotek må utviklast som offentleg møteplass og debattareana med dertil eigna lokalar</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det nye biblioteket i Vestnes har gode lokalar i Stella Maris, der ein kan lage eigne arrangement på scena, ha utstillingar med meir • Biblioteket er ein fin arena for kulturskulen 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Halde fram arbeidet med ny kulturskule

<p>Bibliotek og kulturskuleaktivitetar bør om mogleg samlokaliserasast</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vestnes bibliotek og frivillighetssentralen er samlokalisert ved innflytting i Stella Maris. Det nye biblioteket er ein fin arena for kulturskulen. For effektiv bruk bør kulturskulen ligge i nærleik til biblioteket 	
<p>Det skal leggest til rette for møteplassar og aktivitetar for innbyggjarane</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Frivilligdagen og FrivilligForum • Biblioteket som arena, med filmrom, setegrupper, gamingrom, lesesal med meir • SMUD, Ungdomsklubb for barn og unge i alderen 13-18 år • Babysong, eit gratis tilbod til alle innbyggjarane i Vestnes <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Utfordringa på sikt vil være å ha nok bemanning til å kunne bistå når innbyggjarar vil bruke dei meir tekniske elementa med det nye biblioteket 	<p>1. Vi har satt av ein liten stillingsressurs for å gi dei aller minste eit lågterskeltilbod, lokalisert på Stella Maris</p>



Folk, helse og omsorg

Om fokusområde

Prognosen viser jamn vekst i folketalet. Stabilt for dei yngste gruppene, medan særleg dei eldre gruppene vil vekse. Dette gir utfordringar for kommunens tenestetilbod. Temaplanane for Folkehelse (vedtatt 27.09.2012), Bustadsosial handlingsplan (vedtatt 18.11.2010) og Omsorgsplan 2020 (vedtatt 12.06.2014) er utgangspunkt for arbeidet innfor dette fokusområdet. Folkehelseprofilen viser mellom anna at ein høgare del barn og unge menn, har overvekt, og ein høgare del unge kvinner røykjer enn i landet elles. Ein aukande del av innbyggjarane slit med psykiske lidingar. Likeins aukar talet på yngre med rusrelaterte vanskar. Vestnes har sidan 2008 hatt en sterk nedgang i fråfall frå vidaregåande skule og ligg no under landsgjennomsnittet. Kommunen vil fokusere på familien og dei vaksne sine evne til å gje god omsorg, leggje til rette for gode og varierte fritidsarenaer med eit godt læringsmiljø og læringsutbytte. Kommunen vil styrkje helsestasjon og skulehelsetenesta som viktige bidragsytarar til ein god oppvekst for barn og unge.

Nasjonale utfordringar

Den demografiske utviklinga syner at vi som dei fleste kommunar får stadig fleire eldre og færre yngre, sjå kapittel om demografiutvikling.

Mangel på kvalifisert helsefagleg kompetanse er ei nasjonal utfordring. Om lag 2/3 av alle nyutdanna i 2030 må utdannast innan helse og sosial om vi skal ha same pleiefaktoren som i dag. Dette på grunn at vi nasjonalt og i Vestnes får stadig fleire eldre. Dette medfører også at vi får færre yrkesaktive som skal gi tenester til våre innbyggjarar. Vi må difor løyse desse utfordringane gjennom andre arbeidsmetodar og til dømes gjennom bruk av velferdsteknologi.

Handlingsdel

Kor skal vi? (Mål og strategiar)	Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)	Kva gjer vi? (Tiltak)
<p>Alle innbyggjarar skal ha høve til å leve og bu sjølvstendig i aktivt fellesskap med andre</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Omorganisert Tenestekontoret (no Tildeling og koordinering) • Tenestebehov tilpassa den enkelte tenestemottakar sine behov • Samarbeidsprosjekt med Vestnes næringsforum, EKI (Eining for kvalifisering og integrering) og NAV med tanke på at flyktingane skal få arbeidstilbod. Har arrangert inkluderingsmesser • Tilsett jobbspesialist for flyktingar <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Livsløpsperspektiv; individuelt tilrettelagt tenester gjennom heile livet • Stort tal av flyktingar som treng bistand til å bli økonomisk sjølvstendige og bli inkludert i aktivitet og arbeid • Bukollektiv for eldre er ikkje etablert • Miljøterapeutisk team er ikkje etablert • Låg dekningsgrad når det gjeld fysio- og ergoterapi • Folkehelsekoordinator/ tverrfagleg perspektiv • Behov for barnekoordinator. For få einingar å spele på i høve fordeling av koordinatorrolla både til barn og vaksne brukarar 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ferdigstille kommuneplanen med den som overordna plan for å danne grunnlag for anna planverk i helse og omsorg, til dømes bustadsosial handlingsplan, ruspolitisk plan med meir 2. Arbeider etter formålsparagrafen i sosialtenestelova med å: Betre levkår for vanskelegstilte og at den einskilde får moglegheiter til å leve og bu sjølvstendig og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet 3. Velferdsteknologi som «digital strategi for heilskapleg tenking i tenesteytinga». Sjå moglegheita her 4. Prosjekt Dag- og aktivitetstilbod vil ha fokus på også å sjå på eit heilskapleg tilbod for dei ulike brukargruppene 5. Auke samarbeidet med frivilligheita i Vestnes 6. Auke samarbeidet mellom kommunen og næringslivet

	<ul style="list-style-type: none"> • Nytte moglegheitsrommet knytt til velferdsteknologi • Utfordring i høve drift og standard på kommunale vegar • Manglande heilskapleg tenking. Til dømes organisering av aktivitet og arbeidstilbod, eit godt tilbod for unge under 30 år • Aktivitetstilbod til personar med rusutfordringar • Tidleg innsats/førebygging • Endring i arbeidslivet med større kompetansekrav • Ikkje alle område har stort nok samarbeid med frivilligheita 	
<p>Yte treffsikre omsorgstenester på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse. Det skal arbeidast for å behalde og rekruttere relevant fagkompetanse</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tildeling og koordinering gir eit koordinert tilbod for å sikre tenester på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse • Nye saksbehandlingsrutine knytt til endring/fornyng av tenestevedtak. Endring av vedtaksmynde frå einingsleiarane til Tildeling og koordinering • Etablert kompetanseplanar både på einingsnivå og sektornivå • Helseplattformen: Kompetanseheving knytt til dokumentasjon • Nytt overordna styringsdokument for internkontroll i Vestnes kommune er utarbeida og teke i bruk. Opplæring for alle tilsette i helse og omsorg knytt til avvikshandtering er gjennomført 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tettare samarbeid mellom utøvande einingar og Tildeling og koordinering 2. Bruke rekrutteringsplanane aktivt og målretta for å kartlegge kompetansebehov og i høve rekruttering. 3. Betre synleggjering av tilskotsordningar og retningsliner for tilskot ved utdanning 4. Systematisk samarbeid med spesialisthelsetenesta 5. E – læring, til dømes KS læring og www.veilederen.no med fokus på etiske refleksjonar kring bruk av velferdsteknologi 6. Arbeid med barn og unges helsetenester 7. Gjennomgang av turnus som eit kontinuerleg arbeid 8. Bruke NAV sin kompetanse og

	<p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tverrfagleg samarbeid fora og former, internt og eksternt • Korleis tilpasse rett teneste i omsorgstrappa • Utfordring å rekruttere, samt behalde fagkompetanse • At barn og unge som har utfordringar knytt til fysisk eller psykisk helse mottak adekvat og samordna hjelp i kommunen • Mangel på helsefagleg kompetanse • Etablere gode arbeidstidsordningar • Fokus på etiske dilemma knytt til velferdsteknologi 	<p>«verktøykasse» for å utdanne og rekruttere kompetent arbeidskraft. Sørge for å nytte NAV tidleg i oppfølginga av sjukefråvær</p> <ol style="list-style-type: none"> 9. Ad-hoc utval innsatstrappa som vil omfatte alle kommunens tenester. Innsatstrappa skal erstatte omsorgstrappa 10. Auke talet på lærlingar til 14 som er det vedtekne målet 11. Delta i rekrutteringskampanjar, besøke høgskular med meir 12. Leiarutvikling 13. Bygge omdømme
<p>Gjennom førebyggjande arbeid utsette hjelpebehovet hos eldre, bremse utvikling av livsstilssjukdomar og betre situasjonen for personar med psykiske lidningar</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrking av ungdomsteam i NAV som arbeidar med personar under 30 år. I tillegg har NAV ein jobbspesialist som arbeider opp mot dei som har vore lenge utanfor arbeidslivet • Gode turvegar/turistiar med meir <p><u>Utfordringar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Demografiske endringar, gjennom til dømes auke i talet på eldre • Større og meir komplekse og samansette oppgåver blir overført til kommunane • Pakkeforløp (standard pasientforløp) – krev meir kommunale ressursar • Korleis kome tidleg nok inn – både når det gjeld alder og forløp 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Prosjekt: Dag og aktivitetstilbod må driftast rasjonelt og gi eit bredt spekter tilbod for å imøtekomme alle brukargruppene 2. Vurdere oppretting av demensteam. Pårørandetiltak som til dømes pårørandeskule 3. Fokus på tilrettelegging i bustad, samt hjelpemiddelformidling 4. Fokus satsingsområda i reform «Bu trygt heime» 5. Arbeide på tvers. Til dømes fastlegar, spesialisthelsetenesta, kommunen og frivillige organisasjonar

	<ul style="list-style-type: none"> • Komplekse saker som krev samarbeid internt og eksternt • Auke andel ungdom under 30 med psykiske helseutfordringar som vanskeleggjer arbeidsretta aktivitet 	
<p>Styrka livskvalitet ved å ta i bruk velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fornya satsing på velferdsteknologi. Deltok i interkommunalt samarbeid og har etablert lokal arbeidsgruppe <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Implementering er kostands- og ressurskrevjande • Vi må ha tillit til teknologien • Velferdsteknologiens ABC er ikkje gjennomført i alle aktuelle einingar • Ethiske dilemma knytt til velferdsteknologi 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tidleg innsats – både i alder og forløp 2. Informasjonsspreiing (tilsette, brukarutval, til dømes eldreråd, råd for funksjonshemma med meir) 3. Opplæring for brukarar og tilsette 4. E – læring t.d. KS læring og www.veilederen.no med fokus på etiske refleksjonar kring bruk av velferdsteknologi
<p>Tilrettelegge framtidige buløysingar tilpassa ulike hjelpebehov, med fokus på brukarstyring og private og kommunale initiativ</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Praktiserer dei nye retningslinene for tildeling av bustadar <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Manglar bustadar til einskilde/nokre formål og tenestebehov • Manglar bukollektiv for eldre • Ikkje alle kommunale bustadar tilfredsstillar dagens behov, standard og er for dårleg vedlikehaldt 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vidareføre arbeidet i bustadnemnda (kartlegging av bustader og tilrettelegging av hjelpebehov). Avklare mandat, samansetning og nye retningsliner etter ny Lov om bustadsosialt arbeid. I tillegg må det utarbeidast ny bustadsosialhandlingsplan 2. Vurdere meir individuelt tilpassa bustadar

<p>Styrke tilbudet til heimebuande demente</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Avlastning i form av opphald i institusjon og dagtilbod • Nytilsett demenskoordinator. Tilbyr mellom anna pårørandestøtte/retteleiing • Støttekontakt, praktisk hjelp og bistand • Aktivitetstilbodet til heimebuande demente er flytta til Aktivitetssenteret. Arealet inne og ute er tilrettelagt for denne brukargruppa <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Implementere heilskapleg tenestemodell for velferdsteknologi. Komme tidsnok inn. Informasjon til brukar og pårørande 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fokus på Informasjon 1. Bruk av velferdsteknologi
<p>Fortsette arbeidet med å legge til rette turstiar og friluftsområde med allmenn tilgang</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vestnes kommune har eit rikt organisasjonsliv å bygge på, til felles nytte for folkehelse • Lagt til rette med turstiar dei siste åra som bidrar til folkehelsearbeid • Vi har etablert mange turveggar/turstiar i fleire av bygdelaga. I tillegg er det etablert fleire parkeringsplassar ved starten av slike veggar/stiar. Her ventar fleire gode prosjekt avklaring og planlegging. Dette er viktige tiltak i folkehelseperspektivet, bulysta, for tilreisande m.m. • Frivilligsentralen som koordinator for samarbeid og aktivitet 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bidra til turveg frå Fagervik til Syltenausta 2. GodHelse – Samarbeidsavtale. Jobbe etter formåla i avtalen 3. Folkehelse i fokus i alt vi gjer 4. Det blir tilrettelagt for StikkUT!-turar kvart år 5. Synleggjer betre dei tilboda vi har 6. Avsett ressurs knytt til folkehelsearbeid 7. Frivilligsentralen koordinerer arbeidet med Stikk UT! mellom frivillige, kommune og friluftsrådet (turskildring, merking og registrering) 8. Vi søker miljødirektoratet for midlar til parkering i samband med turveggar

	<ul style="list-style-type: none"> • Vestnes kommune er med i turregistreringsordninga StikkUT! som bidreg til styrka folkehelse gjennom tilrettelagte turar på ulike nivå • BUA (utstyrsentralen) har gratis utlån av turustyr til alle innbyggjarane i kommunen • Turstiar i Tomrefjord, Flatevågen og Tresfjord ligg inne i kommuneplanen sin arealdel <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Folkehelsearbeid på tvers/skape felles eigarskap for folkehelse 	<p>9. Kommunen hjelper til med kartlegging og planlegging</p> <p>10. Nye turstiar og friluftsområde skal vurderast og leggest inn i ny kommuneplan</p>
<p>Legge universell utforming til grunn for all planlegging så langt som råd</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Universell utforming er lovpålagd og det blir lagt til rette for i alle nybygg, til dømes Stella Maris • Er innarbeidd i saksbehandlingsrutinane <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Få på plass bevisstgjerjing for universell utfordring i alle kommunale bygg og offentlege uterom 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vestnes kommune skal innarbeide krav til universell utforming på nettsidene 2. Legge til rette for sjølvbeteningsløysingar i Servicekontoret 3. Vi må bli betre på universell utforming i bygg og i andre uteområde 4. Viktig å inkludere råda, som eldrerådet og råd for funksjonshemma
<p>Trygge overgangar mellom barnehage- barneskule- ungdomsskule og vidaregåande skule</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er egne rutine for overføring mellom barnehage og skule • Samarbeidsmøte mellom barnehage og skule for førskulebarn. Eigen rådgjevarressurs på ungdomskuletrinnet som informerer elevane og føresette om vidaregåande. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ad-hoc utval innsatstrappa 1. Planlegge og gjennomføre hospitering/ besøks-ordningar før overgang

	<p>Elevane har utdanningsval som fag alle åra på ungdomstrinnet</p> <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokus på heilskaplege tenester på tvers av sektorar 	
<p>Skular og barnehagar skal prioritere sunne matvanar og fysisk aktivitet for å førebygge overvekt hos barn og unge</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Helsesøster har informasjon om sunne matvanar til foreldre/føresette på skulen • Barnehagen har eigen kosthaldsplan. Alle barnehagar får nytte idrettshall/gymsal/symjehall utanom Helland barnehage • Tilgang til gode arenaer for svømmeopplæring og kroppsøving og det er vasstilvenning for førskulebarna (tilskot frå Statsforvaltaren) • Fokus på å lære gode matvanar i skulefaga • Tannpleiar med statusoppdatering om tannhelse til barnehagen ein gong i året <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Skuledagen er til dels planlagd ut frå tilgjengeleg skuleskyss. Dette kan somme tider gå utover utetida til elevane • Kapasiteten ved dei gode arenaer for svømmeopplæring og kroppsøving 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fokus på mykje og riktig fysisk aktivitet i barnehage og skulen 2. Informasjon og rettleiing - fokus på sunt kosthald i tråd med nye retningslinjer for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet 3. Fokus på retningslinjer for helsestasjon i høve førebyggjande av overvekt hos barn og unge 4. Tettare kommunikasjon kring skule og barnehage om ledig halltid
<p>Ingen born eller unge skal begynne med tobakk eller snus, eller andre rusmidlar</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulehelsetenesta fanga opp utfordringar hos barn og unge. Tenesta har over fleire 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Informasjon og rettleiing på person og systemnivå 2. Samarbeid med politi og barnevern 3. Aktivt bruk av politirådet

	<p>år vore styrka gjennom prosjektmidlar frå helsedirektoratet. Dette har bidratt til ei meir synleg teneste og ein auka bruk, både av elevar og lærarar. Helsefagleg kompetanse i skulen er nødvendig med tanke på kompleksiteten i sakene</p> <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fange opp ungdom som fell utanom etablerte tilbod • Nok og riktige ressursar til førebyggjande arbeid 	<p>4. Bruke utvalde program som «Det er mitt val»</p>
<p>Legge forholda til rette for at innbyggjarane kan halde seg i betre fysisk form</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har mange flotte turveggar/stiar, idrettshallar og andre idrettsanlegg. I tillegg har alle bygder og sentrum tilgang på fjord og fjell til formålet • Vi leiger ut gymsal og det vert leigd ut forsamlingshus til innbyggjarane i kommunen som lågterskeltilbod • Turregistreringa Stikk UT! motiverer til turgåing på alle nivå • BUA gir alle innbyggjarar tilgang på gratis lån av utstyr for å vere aktiv ute • Postvegen er eit nytt lågterskel turmål 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Legge til rette for allsidig aktivisering på ulike arena i samarbeid med frivilligheita, lag og foreiningar 2. Koordinere StikkUT ordninga i kommunen



Foto: illustrasjon

Det internasjonale Vestnes

Om fokusområde

At Vestnes kommune har auke i folketalet skjer mykje på grunn av arbeidsinnvandring, asylsøkarar som ventar på bustadkommune og busette flyktningar. Som eksempel har over 10 % av barnehageungane foreldre med utanlandsk opphav og 20 % av nyfødde i 2012 hadde minoritetsspråklege foreldre. Dette mangfaldet må vurderast som ein ressurs i staden for eit problem. Sett på spissen kan det seiast at "Utan innvandring stoppar Vestnes."

For å sikre ei god samfunnsutvikling er det nødvendig å sørge for god integrering av utanlandske innbyggjarar. Arbeid, språk og god forståing og respekt for norsk kultur og historie er viktigast. Frivillige organisasjonar og kulturaktivitetar kan også vere dørøpnarar til deltaking i lokalsamfunnet og viktige arenaer for integrering, saman med folkehelsearbeidet i kommunen. Vestnes kommune har eit godt utgangspunkt med god kompetanse i språkopplæring både i skulen og ved Vaksenopplæringa.

Folketalsutvikling

Vestnes kommune er ein kommune i vekst på trass av at det dør fleire enn det blir født. Hovudgrunnen til vekst er at Vågstranda og Hjelvika vart ein del av Vestnes kommune i 2021, i tillegg at vi har teke i mot mange flyktningar, spesielt frå Ukraina. Dette med bakgrunnen i krigen mellom Russland og Ukraina.

Mottak av flyktningar

Kommunestyret gjorde 15.06.23 PS-38/23 følgjande vedtak knytt til ny oppmoding om busetting av flyktningar:

Kommunestyret sitt vedtak

- Vestnes kommunestyre vedtek å busette til saman 100 flyktningar i 2023, der familiegjenforeining kjem i tillegg.
- Vestnes kommunestyre ber IMDI ta omsyn til at det er viktig å fordele busettinga over ein lengre periode i 2023 for å greie å sikre eit forsvarleg og godt teneste- og bustadtilbod til flyktningane.
- Auka utgifter til arbeidet med flyktningar vert dekt gjennom auke i integreringstilskotet og andre aktuelle tilskot knytt til flyktningar.

Kor skal vi? (Mål og strategiar)	Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)	Kva gjer vi? (Tiltak)
<p>Arbeid er viktigast. Vestnes kommune skal derfor ha eit godt samarbeid med næringslivet for å lykkast med å få busette flyktningar i arbeid</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Eining for kvalifisering og integrering (EKI) har fokus på samarbeid mellom næringslivet og NAV om praksisplassar og språktreningsplassar NAV som ein viktig samarbeidspart for EKI og har omorganisert oppfølginga av flyktningar. Det er fokus på å sikre tilgang på ledige stillingar og tiltaksplassar Samarbeide med den kommunale organisasjonen, bedrifter og dialog med NAV om praksisplassar og språktreningsplassar NAV er tilført 2 stillingar i arbeidet med flyktningar: Jobbspesialt og saksbehandlar 	<ol style="list-style-type: none"> Oppfølging av flyktningar vert lagt til ungdomsteamet i NAV Auka talet på samarbeidsmøter - ny samarbeidsavtale mellom EKI og NAV oppretta Arbeidsgjevarkontakten byggast ytterlegare ut for å sikre tilgang på ledige stillingar og tiltaksplassar Arbeidsretting knytt til intro-programmet Møte med NAV uavhengig kvar i løpet flyktningen er. Utveksle informasjon om behov og tilgang i marknaden mellom NAV og EKI Lage intensjonsavtaler (og ev. mentorordning) med einssilde bedrifter
<p>Vestnes kommune har som mål å få 80 % av busette flyktningar i arbeid etter at introduksjonsprogrammet er avslutta</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vi har høg måloppnåing (høgare enn nasjonale tal) i høve å få flyktningar i arbeid/skule etter intro-programmet er avslutta <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> 5 år etter busetting er det framleis ein for stor andel som ikkje er kome i arbeid/aktivitet. I denne gruppa har fleire liten eller ingen tilknytning til arbeidslivet, svake norskkunnskapar og lite formell kompetanse I 2023 var det vedtak om å ta imot 100 flyktningar og ein 	<ol style="list-style-type: none"> Den nye intergreringslova gjer det mogleg med eit meir differensiert og tilpassa løp for den einssilde deltakar og såleis kan måloppnåinga bli enda betre For brukarar med svake kvalifikasjonar skal opplæringstiltak som gjev formell kompetanse vektast. Sikre eit forsterka samarbeid med fylkeskommunen og andre utdanningsaktørar for å gi målgrupper kompetansehevande tilbod Fokus på å bygge ut arbeidsgjevarkontakten ytterlegare for å sikre

	<p>har lukkast med å skaffe nok bustadar til dei. Utfordringa er å ha nok bustadar om det vert opp mot tilsvarande mengde flyktningar i framtida</p>	<p>tilgang på ledige stillingar og tiltaks plassar</p>
<p>Vestnes kommune skal vere ein attraktiv plass å bu for alle, og ein stad med trivsel og engasjement</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har ein kombinasjon av kommunale og private bustadar som vert nytta, men i 2022 og 2023 er det i all hovudsak private bustadar • Vi tilrettelegg gjennom arealplan. Elles støttar vi ofte opp om velforeiningar, idrettslag og andre med praktiske ting i prosjekt for fellesskapet i alle bygdelag • Oppretting og drift av nettsida iVestnes, denne gir ei god oversikt over kva som rører seg i Vestnes kommune. Sida gjer det lett å kome i kontakt med Frivilligsentralen som koplar innbyggjarar med organisasjonar og aktivitet • BUA (utstyrsentralen) bidreg til at ein kan halde på med aktivitetar kostnadsfritt <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Om kommunen har nok eigna bustadar å tilby, avhenger av søkarmassen på sosialbustadar • Leigeprisane har auka etter auka renter og truleg flyktningstraumen 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Utnytte ordningar knytt til Husbanken 2. Tidleg ute å annonsere i høve bustadar ved busetting av til dømes flyktningar 3. Bruk av nettportalen www.ivestnes.no gir informasjon til innbyggjarane og dei som eventuelt vil flytte hit 4. Bruk av nettsidene til Vestnes kommune med informasjon om kommunen og kommunale tenester
<p>Vestnes kommune skal jobbe heilskapleg for å sikre ei god integrering av alle innbyggjarane i kommunen. Kommunen skal i dette</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har gjennom NAV oppretta eige marknadsteam for å strukturere marknadsarbeidet 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samarbeide med Næringsforum for å nå til dømes utanlandske arbeidarar som ønskjer å bu i Vestnes. Her kan www.ivestnes.no

<p>arbeidet spele på lag med næringslivet</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Har samarbeidsavtalar med bedrifter om inkludering • Velkomstbrev og velkomstpakke. Alle nye innbyggjarar får tilbod og aktivitet. Pakka kan dei hente på biblioteket • Røde Kors har oppretta gratisbutikk • Prosjekt i samarbeid med Vestnes næringsforum, NAV Vestnes, EKI og Møre og Romsdal fylkeskommune der integrering og inkludering i arbeidslivet skjer gjennom å skape møtearenaer mellom arbeidssøkjjar og arbeidsgjevar. Jobbmesser og fleire bedriftsbesøk er gjennomført i 2023 <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire har liten eller ingen tilknytning til arbeidslivet og har liten formell kompetanse • Introduksjonsprogrammet er kortare enn tidlegare, vanskeleg å oppnå tilstrekkeleg norsknivå og konkurrere med andre med same kompetanse i det ordinære arbeidslivet • Få tilstrekkeleg samarbeid mellom kommune og næringsliv. Fokus i kommunen som arbeidsgjevar og næringsliv i forhold til inkludering 	<p>og www.vestnes.kommune.no nyttast for å spreie informasjon</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Arbeidsgjevarkontakten må byggast ytterlegare ut for å sikre tilgang på ledige stillingar og tiltaksplassar 3. Organisere fleire faste samarbeidspunkt og samarbeidsmøte
<p>Opplæring i norsk språk, kultur og samfunn er det mest effektive tiltaket for god integrering</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Introduksjonsprogrammet inneheld obligatoriske element som opplæring i norsk og samfunnskunnskap. I tillegg skal det vere arbeidsretta element i opplæringa. I 2020 starta EKI 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samarbeid for å gjere tilboda til dømes ved biblioteket kjend 2. Halde fram og styrke samarbeidet på tverrfagleg i kommunen til dømes for sikre god språkopplæring,

	<p>med undervisning i faget Livsmeistring som eit obligatorisk kurs, jf. integreringslova</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har lave prisar ved vaksenopplæringa • Biblioteket som ein viktig integreringsarena, gjennom informasjon, deltaking på ulike arrangement m.m. • Einingar (eige vedtak) tek imot personar som treng språkpraksis. Til dømes i barnehagane m.m. <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire tilfredsstillar ikkje kravet om norsk i arbeidsretta tiltak og ikkje nok kjennskap til norsk arbeidsliv og kultur 	<p>språkpraksisplassar med meir</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Fokus på at tilsette i EKI skal ha god kompetanse og dialog med deltakarane på kva utfordringar som møter dei i eit nytt land 4. Samarbeid med andre instansar og at dei kan besøke EKI og fortelje om tilboda deira 5. Halde økonomikurs for flyktingane
<p>Kultur, frivillige og folkehelsearbeidet er andre sentrale verkemiddel i dette arbeidet</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Biblioteket er ein fin integreringsarena • Introduksjonsprogrammet inn held informasjon om kulturlivet, det å være frivillig og folkehelsearbeid. Elevar ved Vaksenopplæringa deltek på arrangement på Biblioteket. I faget Livsmeistring får deltakarane til dømes informasjon om ulike frivillige organisasjonar og korleis kontakte dei 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Drift av nettsida iVestnes, denne gir ei god oversikt over kva som rører seg i Vestnes kommune. Sida gjer det lett å kome i kontakt med Frivilligsentralen som koplar innbyggjarar med organisasjonar og aktivitet 2. Samarbeid mellom bibliotek og EKI for å gjere tilbodet kjend og utnytte synergjar. Samarbeid om innhald og aktivitet. Invitere bibliotek og frivillige organisasjonar til å besøke EKI og fortelje om deira tilbod 3. Nettsidene til Vestnes kommune informerer om dei kommunale tenestene



Foto: Geir Løvbukt

Samferdsel og pendling

Om fokusområde

Visjonen stadfester Vestnes kommune si strategiske og sentrale plassering. Nye samferdselsprosjekt gjer Vestnes enda sterkare integrert både i Molderegionen, Ålesundsregionen og arbeidsmarknaden i Rauma. Dette gir tilgang til eit vidt spekter av arbeidsplassar. 26 % av den yrkesaktive befolkninga pendlar ut frå Vestnes . Molde er største arbeidsstad for dei som ikkje har arbeid i eigen kommune. Innpendlinga til kommunen er knapt halvparten av utpendlinga.

Samferdsel

E39 Vik – Julbøen

Strekninga frå Vikkrysset via undersjøisk tunnel til Otrøya og bru over Julsundet til Julbøen har ferdig reguleringsplan frå 2016. Det er seinare (2021) gjort ei mindre endring av kryssområdet på Vik. Ved godkjenning av denne endringa, bestemt kommunestyret at det også skal leggast fram ei ny reguleringsendring for å få til ei mest mogleg optimal løysing for bussknutepunkt og pendlarparkering. Denne endringa er så langt ikkje gjort.

På grunn av ein rekkefølgebepemming skal det ikkje settast trafikk på strekninga før parsellen Julbøen – Molde står ferdig. Også Ørskogfjellet – Vik skal vere ferdig før opning av fjordkryssinga, jf. kommunestyret sitt vedtak i mars 2021. E39 - prosjektet skal i tillegg kombinerast med ein (spektakulær)

fylkesveg over Kjerringsundet, mellom Sundsbøen på Otrøya og Tangen på Gossen, slik at også Gossen blir landfast.

E39 Ørskogfjellet – Vik

Forslag til detaljreguleringsplan er vedtatt i kommunestyret 15.juni 2023. Det er foreslått tunnel frå ovanfor Bakkesetra på Fremstedalen til Ura/Vik Industriområde. Planforslaget er avslutta 7-800 meter før kommunegrensa mot Ålesund og løyser såleis ikkje behova for kryss sentralt på Ørskogfjellet. Planforslaget viser elles eit T-kryss på Fremstedalen, som Vestnes kommune har vurdert som ei uheldig og trafikkfarleg løysing.

E136 Vik – Rømmem

Det er førebels ikkje arbeid vidare med planer for denne strekninga, men strekninga er heller ikkje formelt lagt bort som uaktuell for framtida. Situasjonen kan beskrivast slik: Møreaksen med traseen Ørskogfjellet - Vik truleg vil generere lite ekstra trafikk på Fv. 661 mellom Vik og Vestnes, men samtidig er det lite ønskeleg med meir trafikk i det heile tatt på denne strekninga.

Fv661

Reguleringsplan godkjent i 2018. Dette er eit trafikksikringsprosjekt med gang-/sykkelveg og avkjørselsaneringar. Framleis aktuelt for å gjere vegen tryggare, sjølv om det truleg ikkje blir mykje ekstra gjennomgangstrafikk på grunn av fjordkryssinga. Det er ikkje gjort vurderingar om tiltak på Fv661 mellom Vik og Fiksdal som følgje av potensiell «trafikklekkasje» over Nakkedalen.

E 136 – Hjelviktunnelen og Gjermundnessvingane

Sterkt behov for ny veg på desse strekningane av «Eksportvegen». Slike innspel er meldt inn til «Nye Veier AS», som har fått ansvaret for E39 Vestnes – Dombås. Behov for forbiøyringsfelt/krabbefelt frå rundkøyringa på Rømmem og opp bakken sørover, samt i bakkane på Fremstedalen opp til ny E39 bør også vurderast. Her er det Satens vegvesen som rår.

Handlingsdel

Kor skal vi? (Mål og strategiar)	Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)	Kva gjer vi? (Tiltak)
<p>Vestnes kommune skal vere førstevallet når våre eigne ungdommar er ferdig med studia og vurderer kvar dei skal busette seg. Her kan dei i akseptabel pendlaravstand bu i Vestnes og arbeide i byane Ålesund og Molde, samt i andre nabokommunar</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • www.iVestnes.no vil vere synleg for ungdommen. Her kjem det fram informasjon om arbeidsplassar, fritidstilbod, kulturelle tilbod m.m. • www.vestnes.kommune.no informerer om dei kommunale tenestene • Vestnes kommune sin facebook blir brukt til informasjonskanal og er godt besøkt • Furneset er forsterka med at all persontrafikk (gratis) skal gå med ferje <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • For liten del av dei som studera flyttar heim igjen (spesielt kvinner) til kommunen vår. Vi må difor gjer det attraktivt nok i høve arbeid, bustad, skule, kultur m.m. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. God kvalitet i barnehage og skule. Kvalitet: Kommunal strategiplan for lesing og skriving. Denne strategiplanen må inkludere ein plan for systematisk opplæring i bruk av kompensierende hjelpemiddel for elevar som har utfordringar knytt til lesing og skriving 2. Vi må vere til stades i ulike fora kor vi møter våre tidlegare innbyggjarar og andre for å synleggjere tilboda i Vestnes kommune. Til dømes delta på rekrutteringsmesser 3. Vi arbeider (og må halde fram med det) opp mot Statens Vegvesen og Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen for å synleggjere utfordringane 4. Kommunal plan for digital kompetanse frå 1.-10. steg, inkludert koding og programmering 5. Jobbe godt med rekruttering av lærarar med fagkompetanse 6. Grunnopplæringa må henge saman, og delplanane skissert over må vere ein del av ein heilskapleg strategiplan for oppvekstsektoren i Vestnes. Den må gjelde heile 4-årsperioden, men med årleg rullering. Målet er at elevane i Vestnes skal få det same opplæringstilbodet uavhengig av kva skule dei går på

<p>Vestnes kommune vil arbeide målretta for å sikre offentlig transport tilrettelagt for pendling. Hurtigbåten over Romsdalsfjorden (Romsdalsruta: Vikebukta - Helland - Molde) har vital betydning for den felles arbeidsmarknaden Molde – Vestnes, uavhengig av ferjefri fjordkryssing. Dette tilbudet må beholdast og vidareutviklast i likskap med Timekspresen. Før ferjefri fjord må ferjekapasiteten Vestnes – Molde styrkast med fleire ferjer og min. 20 minuttss avgangar</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Ferje kvart 20. min. (på dagtid) er innført frå 2021. Ferja er gratis for passasjerar <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Hurtigbåten er lagt ned frå 2021 Meir offentlig kommunikasjon til og frå Furneset (buss) enn i dag 	<ol style="list-style-type: none"> Det er teke det opp i møte med Statens vegvesen (Møreakseprosjektet) og Fylkeskommunen at hurtigbåten eventuelt bør reetablerast når det blir ferjefri fjordkryssing, i og med at køyreavstandane blir store og reisetida lang. Dette må ein arbeide vidare med Vi arbeidar (og må halde fram med det) opp mot Statens Vegvesen og samferdselsavdelinga i fylkeskommunen for å forbetre kollektivtransport, til dømes vil vi arbeide med tilkallingsbussar Tiltak knytt til gang- og sykkelveg ved Furneset
<p>Betre korrespondansen, slik at moglegheita for innbyggjarane i Vestnes kommune til å bruke flyplassane i Ålesund og Molde, samt jernbanen frå Åndalsnes blir optimalisert</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vi kjem med innspel i planprosessar <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Ferje Molde – Vestnes korresponderer ikkje godt med tidleg fly til Oslo 	<ol style="list-style-type: none"> Tett dialog både politisk og administrativt med Statens Vegvesen og fylkeskommunen for å peike på behovet for betre korrespondanse og knutepunktutvikling
<p>Vestnes kommune skal arbeide for å sikre best moglege løysingar i samband med ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden, ny trase for E39 sørover og tilknytning austover til E136</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vedtatt reguleringsplan Vik - Ørskogfjellet <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Ved realisering av Møreaksen kan det vere at sentrum i Vestnes ikkje blir same trafikknutepunkt som no. Då må vi sikre god busskorrespondanse 	<ol style="list-style-type: none"> Tett dialog med Statens Vegvesen for å få på plass trafikktrygging og tiltak for kollektivknutepunkt på Vik

<p>Arbeide for utbetring av E136 opp Romsdalen og planlagde krabbefelt over Ørskogfjellet</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Nye veier har fått oppdraget med utbetring av strekninga Dombås – Vestnes. Vestnes kommune har gitt innspel til viktige utbetningspunkt på strekninga Vestnes sentrum til Vågstranda <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Krabbefelt Fremstedalen er ikkje inkludert i planforslaget – Vik Ørskogfjellet. 	<ol style="list-style-type: none"> Vi held fram med å gi innspel og sette fram krav til oppgradering av vegstrekninga når det gjeld trafikktrygging og framkomelegheit
<p>Vestnes kommune vil arbeide for at alle bygdelag får god tilgang på fullverdig internett og vil vere ein aktiv medspelar for utbygging av fiberkabel og mobilnett i kommunen</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Fiber er lagt ut i heile kommunen med unnatak av Vågstranda og Hjelvika 	<ol style="list-style-type: none"> Vi må sjå på moglegheita å legge fiber i heile Vågstranda/Hjelvik området Arbeide mot at alle område får god mobildekning. Dette gjeld spesielt knytt til hyttefelta i kommunen
<p>Vestnes kommune vil saman med nabokommunane arbeide for heilårsveg over Kjersemfjellet og at vegen skal bli fylkesveg. Dette vil styrke både samkvemmet med nabokommunane i sør og næringsutvikling og friluftsliv knytt til Kjersemfjellet og omland</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vestnes kommune har fått på plass ein heilårsveg fram til grensa <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Ålesund må gjera det same slik at fylkeskommune kan overta heile vegen 	

<p>Systematisk vedlikehold av kommunale vegar for å ivareta investert kapital</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er satt av midlar i budsjettet kvart år for vedlikehald • Kartleggingsarbeidet i samband med innkjøp av forvaltningssystem for veg (Rosy) er gjennomført Data og analyse som grunnlag for asfalteringsprogram føreligg <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterslep på kommunale vegar 	<p>1. Løypande arbeid med vedlikehald. Det er satt av midlar i økonomiplana kvart år for å ta igjen etterslep</p>
<p>Arbeide for å sikre best mogleg intern offentleg kommunikasjon i kommunen</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har god kontakt med busselskap og viktige brukargrupper, og prøver å få til forbetringar etter behov • Vi har no fleire venteskur/busskur som vert sett ut på stader med stor trafikk • Har lagt godt til rette på knutepunktet på Kataholmen <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er lågt passasjergrunnlag. Det er difor dyrt for fylkeskommunen å oppretthalde busstilbodet 	<p>1. Halde fram samarbeidet med interne og eksterne samferdselsaktørar</p> <p>2. Statens Vegvesen vil i løpet av 2024 utbetre tilhøva for mjuke trafikantar på Furneset ferjekai</p>



Foto: Edmund Melkild

Klima, miljø og beredskap

Om fokusområde

Vestnes kommune har utarbeidd egne temaplanar både for klima- og energi og heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Dei siste åra har vist oss at vi er avhengige av lokal beredskap og at denne er godt trent og førebudd.

FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål har som mål å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. FNs berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål, jf. figuren under.



Måla er som ein felles global arbeidsplan som gjev retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Måla vart laga på ein demokratisk måte gjennom innspel frå land over heile verda og nesten ti millionar menneske fekk sagt sin meining gjennom ei spørjeundersøking.

Overordna ROS – analyse og beredskapsplan

Gjennom overordna ROS – analyse (heilskapleg ROS – analyse) ser vi på utvalde hendingar og sannsyn/konsekvensar av desse. Dette dannar grunnlaget for arbeidet med beredskapsplanen. I arbeidet med ROS – analyse, finn ein risikoreduserande tiltak. Desse tiltaka må forankrast i kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og årsbudsjett, slik at til dømes tiltak som krev kjøp av utstyr vert lagt inn.

I 2023 vart det gjennomført ei ny overordna ROS – analyse og den var tidleg på året politisk vedteke. Den erstatta den gamle frå 2017. Dei risikoreduserande tiltaka som kom fram der var:

- Bistandsavtale
 - Fast rutine ved hendingar som brann og redning over kommunegrensa mot Rauma
 - Munnleg avtale om gjensidig bistand ved brann Rauma og Ålesund
- Opplæring av mannskap for overflateredning redning til sjøs/i vann
 - Har tre lokale instruktørar
 - Det vert arbeida med båtførarbevis og pålagt sikkerheitskurs for småbåt i tråd med sjøfartsdirektoratets krav er gjennomført for 8 personar
- Gjennomgang av beredskapsmessig utstyr
 - Var tildelt midler, men prosjekt trukket i innsparing.
- Plan for krisekommunikasjon
 - Tiltak i ny ROS
- Gjennomgang av ny konsekvens i samband med Opstadhornet
 - Tiltak i ny overordna ROS – arealplan
- Hovudplan for avløp
- Faganalyse datasikkerheit
 - Arbeida med dette knytt til ROR-IKT og lokalt gjennom øving og oppfølging av denne
 - Gjennomgang av kommunens arbeide med personvern- og datasikkerheit er tiltak i overordna ros
- Rutine for oppfølging av bygging i strandsona 3,5 m i planverket
 - Havnivåstigning og stormflod, byggegrense inn i arealplana – tiltak i overordnet ros
- Oppfølging av NVE sin rapport om rassikkerhet i Vestnes – må starte arbeid med dette
- ROS – analyse – tilsette sin sikkerheit
 - Til dømes har NAV laga slik analyse – arbeidet har starta i forbindelse med pågåande sak – også tiltak i overordna ROS
- Utarbeide krise-rutinar og øve på desse. Fleire planverk er under revisjon:
 - Revidere planverk i henhold til overordna ROS
 - Beredskapsplan
 - EPS-senter
 - Smittevern
 - Helseberedskap
 - Atomberedskap

Kor skal vi? (Mål og strategiar)	Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)	Kva gjer vi? (Tiltak)
Følgje opp målsettingane i Klima- og energiplanen, m.a. potensialet for småkraftanlegg	<p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Eksisterande klimaplan er utdatert og lite anvendeleg. Den gir et dårleg utgangspunkt for vidare klima og miljørøysatsing. Lite dekkande for dei ny utfordringane kommunen står ovanfor, gjeld både dei lovpålagte oppgåvene og «nye» klima- og miljøtrugslar. Ny handlingsdel må utarbeidast 	<ul style="list-style-type: none"> Arbeidet med kommuneplan er starta hausten 2023. Klima og miljø vil vere viktige tema Vidare arbeid med klimaplan og måloppnåing avklarast i kommuneplanen
Utnytte eksisterande grunnlagnsinvesteringar best mogleg ved planlegging av nye utbyggingsområde, både med tanke på økonomi og redusert bilbruk	<p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Det vil bli bygd fleire leilegheiter, småhus og rekkehus sentralt i bygdene Vi har planlagt noko for fortetting (for eksempel Åsbygda), men har meir å gå på her 	<ol style="list-style-type: none"> I kommuneplanens arealdel skal utnytting av eksisterande areal vurderast
Gang- og sykkelveggar skal ha ein sentral plass i planlegginga	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vi har arbeidd med gang- og sykkelveg gjennom t.d. sentrumsplanen og Buktavegen Godkjent gang- og sykkelplan frå Furneskrysset – Vik <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Betre skilting av gang- og sykkelveggar 	<ol style="list-style-type: none"> SVV har starta arbeidet med reguleringsplan Furneset ferjekai til Buktavegen Vi må arbeide med at gang- og sykkelveggar får nok fokus i dei store vegplanane i kommunen Vurdere strengare krav til private utbyggjarar kring dette Planlegg infrastruktur der det ligg

		tilrettelagt for gang- og sykkelveg
Verdifulle natur-, kultur- og miljøkvalitetar skal takast omsyn til i all planlegging	<p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Vedtatt planprogram for kommuneplan for naturmangfald 	<ol style="list-style-type: none"> Kartlegging av naturmangfald starta hausten 2023 Kartlegginga er grunnlaget for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
Avgrense omdisponering og oppsplitting av dei mest verdifulle jordressursane	<p><u>Oppnådd:</u></p> <p>Jordvern blir ivareteke i saksbehandlinga</p> <p><u>Utfordring</u></p> <p>Det blir gitt dispensasjonar frå kommuneplanens arealdel som kan føre til ein gradvis oppsplitting</p>	<ol style="list-style-type: none"> I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vil areal knytt til jordbruk bli avgrensa i tråd med lowerk
Avgrense konsekvensar for lokalsamfunnet ved uønska hendingar og ulykker	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Våren 2023 blei heilskapleg ROS- analyse for kommunen godkjent. ROS- analysen er grunnlaget for kommunen sin beredskapsplan som er revidert i tråd med analysen Nytt krisestøtteverktøy. RAYVN erstattar CIM <p><u>Utfordring.</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Oppfølging av ROS- analysen i planverket Det må til ein kvar tid arbeide for å lukke tiltak og 	<ol style="list-style-type: none"> Plan for evakuering/pårørande ferdigstillast i 2023 Atomberedskapsplan er under arbeid Planlegge øvingar for til dømes kriseleiinga Det er interkommunalt samarbeid om oljevern

	<p>avvik og oppdatere planverk</p> <ul style="list-style-type: none"> • Øving av mannskap og tilsette som har roller og ansvar i planverket • Implementere krisestøtteverktøyet RAYVN i organisasjonen og lage ein for opplæring 	
<p>Vestnes kommune vil arbeide for meir synleg politi og kortare responstid</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Inntrykk av at politiet er meir synleg no etter vi er saman med Rauma enn når organiseringa var knytt mot Ålesund <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er låg dekning av talet på politi sett opp mot innbyggjarar i heile Møre og Romsdal om ein samanliknar med andre fylke 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Politirådsmøte er eit godt møtefora der politiet, ordførar og kommunedirektør deltek fast. Dette er ein arena for gjensidig informasjon og drøfting
<p>Påverke helsestyresmaktene slik at ambulansetenesta blir utvida med 1 ekstra ambulanse, for å sikre beredskapen når den eine bilen er på transportoppdrag</p>		<ol style="list-style-type: none"> 1. Halde fram arbeidet med å auke beredskapen knytt til ambulanse
<p>Halde fram oppgradering av mannskap og materiell i brannvesenet i samsvar med forskrift</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Årlege øvingar. Dei fleste har grunnkurs deltidsmannskap i høve regelverket <p><u>Utfordring:</u></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Mannskap blir opplært og kursa i samsvar med forskrift og planverk 2. Vi gjennomfører jamleg ros-analyse knytt til behov for kompetanse og utstyr 3. Opplæring på litium ion-batteri med tanke

	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg mannskap ved alle stasjonar • Viktig å følgje utviklinga knytt til dømes litium ion-batteri • Tilstrekkeleg mannskap i administrasjonen 	<p>på bilar, busser, skip med meir</p>
<p>Det skal arbeidast for eit robust og berekraftig legevaktsamarbeid</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har inngått legesamarbeid med Ålesund kommune på kveld og helg. Dette gjer at vi sikrar god kompetanse knytt til legevakt 	
<p>Følgje opp vedteken overordna beredskapsplan og heilskapleg ROS-analyse</p>	<p><u>Oppnådd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Våren 2023 blei heilskapleg ROS- analyse for kommunen godkjent. ROS- analysen er grunnlaget for kommunen sin beredskapsplan som er revidert i tråd med analysen <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av ROS- analysen i planverket • Det må til ein kvar tid arbeide for å lukke tiltak og avvik og oppdatere planverk • Øving av mannskap og tilsette som har roller og ansvar i planverket 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeid med evakuering/pårørande senter er igangsett og ferdigstillast i løpet av 2023 2. Arbeid med atomberedskapsplan er under arbeid 3. Oppdatering av planverket i forhold til samfunnsutviklinga 4. Planlegge øvingar

Sentrale kapittel



Foto: Ziggi

Heilskapleg styring

Heilskapleg styring i ein kommune vektlegg å styre og rapportere resultat på fleire dimensjonar, som til dømes: økonomi, tenesteyting, organisasjon/medarbeidarar og samfunnsutvikling. Dette krev tydelege mål, samanhengar mellom mål/strategiar og tiltak, samt evne til å lære og fornye seg basert på eigne resultat, altså ein «lærande organisasjon». Vidare krev det gode plandokument, internkontrollsystem og møteplassar som innbyr til dialog.

Overordna planverk

Plansystemet i Vestnes kommune

Kommunal planstrategi skal vedtakast kvar valperiode innan eitt år etter at nytt kommunestyre er konstituert, jf. Plan og bygningslova § 11-1. Et viktig mål med planstrategien er å få ei oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument, med ei vurdering og prioritering av kva for planarbeid ein bør starte opp eller vidareføre i fireårs-perioden.

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan. Kommuneplanen består av ein samfunnsplan og ein arealplan. Kommuneplanen er kommunens overordna plan, og kommunestyret sitt viktigaste styringsdokument. Kommuneplanen gir føringar for tema og verksemdsplanar og administrative og politiske vedtak generelt.

Samfunnsdelen vart vedteken i kommunestyre den 10. februar 2015. Arealdelen vart vedteken av kommunestyret 1. oktober 2015.

Kvart år skal følgjande styringsdokument utarbeidast på overordna nivå:


- Kommuneplanen sin handlingsdel, jf. Plan- og bygningslova § 11-1 og kommunelova 14-4, 5. ledd
- Økonomiplan og årsbudsjett, jf. kommunelova kap. 14

I den nye kommunelova er følgjande ordlyd teken inn i § 14-4 – Økonomiplan og årsbudsjett:

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Oppbygging av overordna planverk

Figuren nedanfor synleggjer oppbygginga av planverket vårt. Dei ulike planane er beskrive i punkta nedanfor.



Overordna risiko og sårbarheitsanalyse (ROS – analyse)

ROS - analysen er utført på eit overordna nivå, og inneberer ei kartlegging av farar og potensiell risiko. Analysen er ei grovanalyse som gir eit oversiktsbilde, og vil være utgangspunkt for vidare analyser/utgreiingar og utarbeiding av ein revidert beredskapsplan. Vidare må funna her takast med i utarbeiding av kommuneplan (areal- og samfunnsdel) og vere knytt opp mot kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjett. Dette slik at funna i ROS – analysen vert teke inn i høve tiltak som til dømes kan ivaretakast gjennom kommuneplanen sin arealdel direkte, kva for tilhøve som må utgreiast vidare, ivaretakast innkjøp av utstyr, ulike investeringar med meir.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

- Skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon
- Bør beskrive og vurdere eventuelt alternative strategiar for utviklinga
- Skal vere grunnlag for sektorane sine planer og verksemd
- Skal gi retningslinjer for korleis kommunens mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd
- Kan ha kommunedelplanar for spesifikke tema eller verksemdsområde

Kommuneplanen sin arealdel

- Skal vere ein arealplan for heile kommunen, som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk
- Skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer/vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk
- Skal ta omsyn til både bruk og vern av areala
- Kan detaljerast med kommunedelplanar
- Skal i tillegg til plankart/arealformål innehalde omtale og føresegner

Kommuneplanen sin handlingsdel

I tillegg til samfunnsdelen og arealdelen, er det ein handlingsdel kor ein operasjonaliserer kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel over til korleis gjer vi det, altså tiltak.

- Skal angi korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei 4 komande åra
- Skal reviderast årleg
- Økonomiplanen kan inngå i handlingsdelen, eller:
- Økonomiplanen kan rett og slett utgjere handlingsdelen (plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd)

Økonomiplan og årsbudsjett

Innhaldet i økonomiplanen og budsjettet er regulert i kommunelova kap. 14. Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp dei neste 4 åra. Både økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets prioriteringar og bevillingar og dei måla og premissane som økonomiplanen bygger på.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse og vere berekraftig, realistiske, fullstendige og oversiktleg. Årsbudsjettet er bindande i motsetnad til økonomiplanen som kan endrast kvart år.

Ny kommuneplan

Vestnes kommune sin kommuneplan vart vedteken i 2015 og gjeld fram til 2025 eller til ny plan er laga, kommuneplanen er lenka her: <https://www.vestnes.kommune.no/tenester/administrasjon-og-okonomi/planar-og-styringsdokument/kommuneplan/>

Vi er no godt i gong med ny kommuneplan og målet er at denne skal vere ferdig før sommaren 2024.

Vi går derfor inn i ei spanande tid der vi skal «sette ny kurs» for vår kommune. Dette er ein prosess vi inviterer alle innbyggjarane i Vestnes til å vere med på.

Internkontroll

Vestnes kommune har nyleg etablert nytt overordna internkontrollsystem. I denne kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjett legg difor kommunedirektøren med ei beskriving av innhaldet i systemet, slik at dette blir kjent for kommunestyret og innbyggjarane.

I kommunelova står det følgjande presisert knytt til internkontroll, jf. § 25-1:

§ 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen. Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.*

I slutten av 2022 og i starten av 2023 har det vore arbeida mykje med å utvikle det overordna internkontrollsystemet. Dette arbeidet har vore viktig for å stette lovkravet, men også i høve å utvikle organisasjonen.


Kommunen sine hovudoppgåver er regulert i eit breitt sett av lovverk og forskrifter.

Måla for kommunen kjem fram i kommuneplanen (her samfunnsdel og arealdel). I samband med budsjett og økonomiplan, vert også handlingsdelen for kommuneplanen vedteke. Der framkjem det ein oversikt over dei 7 fokusområda. Kvart av fokusområda inneheld ulike mål og strategiar. For kvart mål/strategi står det: Kor er vi? (Kva har vi oppnådd og utfordringane framover) og Kva gjer vi? (tiltak).

Vestnes kommune vart i 2022 organisert etter 3-nivå modellen, sjå [PS-13/22 – Organisorisk gjennomgang av Vestnes kommune](#). Det vil seie at kommunedirektør som øvste leiar, deretter har kommunalsjefane delegert mynde innan fag, økonomi og personal. Einingsleiarane har fått

vidaredelegert dei same områda frå sin kommunalsjef (eventuelt også vidaredelegert til avdelingsleiar). Kommunalsjefen er næraste overordna til einingsleiarane. Ei slik organisering gjer at vi får avgjerselemynde nærast mogleg innbyggjaren. Vidare sikrar det tydelege liner i organisasjonen.

Den overordna internkontroll er delt i 4 fasar, jf. figuren under.



I tillegg til å stette lovkrava er det overordna plansystemet viktig for å få informasjonsflyt frå tilsette til kommunestyret som gjer at vi sikrar at innbyggjarane får lovmessige tenester. Til dømes at informasjonen kjem fram i høve planarbeid, til dømes budsjett, kommuneplan med meir.

- **I første fase «Risiko»** vil ein gjennomføre ei ROS-analyse i kvar eining som handlar om å identifisere og analysere interne og eksterne risikoar og korleis desse skal prioriterast. Her vil mellom anna avviksmeldingar og tilsynsrapportar vere viktige verktøy for å finne desse risikoane eller farane. Dette kan vere alt frå å levere lovmessige tenester, retningsliner innan HMT med meir. Vurderingane her gjerast av leiarar, tillitsvalde og verneombod. I dei einingane kor ein ser størst utfordringar vil ein gjennomføre kvalitetssamtale. Kommunedirektør vil då også delta saman med ovannemnde deltakarar. I og med at dette er første året vi tek i bruk dette systemet, så har kommunedirektøren delteke i ROS-analyse av dei fleste einingar. Dette har vore svært lærerikt.
- **I andre fase «Oppfølging»** handlar det om å følgje opp og sette inn risikoreducerande tiltak der det trengs. Det same gjeld implementering av tiltaka.
- **I tredje fase «Kontroll»** går på å avdekke behov for og forbetre ulike rutinar og prosedyrar. Dette mellom anna for så sikre at vi gir lovpålagde tenester.

- **I fjerde fase «Rapport»** er dei 4 fasane gjort greie for i årsberetninga (årsrapporten). Dette vert også ofte referert til som «overordna leiing sin gjennomgang av internkontrollen». Der skal det kome fram: Risikoen/tiltaket i ROS-analysen og status ved gjennomgang av internkontrollen. Vidare om dette er lukka/ev. plan for å lukke dei. I tillegg vert det i tertialrapportane omtala status for arbeidet.

Det er etablert ei eiga rutine kor desse fasane vert nærare omtala.

Vestnes kommune har ulike rapporteringskanalar. Hovudrapporteringa gjer vi i årsrapporten. Her synleggjer vi året som har vore på overordna nivå og ned på einingsnivå. Vidare ser vi på utfordringane framover.

I kommuneplanen sin handlingsdel (dette dokumentet), rapporterer vi korleis vi ligg an i høve mål og strategiar som ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Som ein del av oppfølgingsansvaret knytt til skule, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, det vil sei kommunestyret og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane. Barneverntenesta legg også fram tilstandsrapport årleg.

I tertialrapportane synleggjer vi status kring økonomi og eventuelle tiltak, sjukefråvær, overordna internkontroll og oppfølging av politiske saker.

Arbeid med avvik er eit viktig verktøy i arbeidet med eit overordna internkontrollsystem. Vestnes kommune har gjennomgått og revidert rutineane for avvik. Avvik handlar om å oppdage, melde, rette opp og førebygge brot, fastsett i eller i medhald av gjeldande lovverk, rutiner, prosedyrar med meir. Figuren nedanfor er nyleg utvikla og synleggjer flytskjemaet i avvikshandteringa.



Alle leiarar skal oppmode tilsette om å melde avvik. Det er næraste leiar som i all hovudsak behandlar avvik som den tilsette melder. Om avviket gjeld næraste leiar eller om avviket ikkje vert behandla innan ein viss periode eller ein ikkje klarer å løyse avviket, går avviket vidare til leiaren over. Om vi ikkje klarer

å lukke avviket i line, går avviket til kommunedirektøren. Klarer ikkje kommunedirektøren å lukke avviket, skal det meldast til kommunestyret.

Kommunedirektøren ser at det er avgjerande at vi har fokus på kva eit avvik er, korleis vi melder det og at det er låg terskel for å melde. Dette er særst viktig for å få fram område der vi bryt lova, forskrifter med meir og der vi har generell forbedringspotensial. Det er eit kontinuerleg arbeid for å sikre at alle tilsette har informasjon om kvifor og korleis vi melder avvik.

Registrering av avvik blir mellom anna gjort i internkontrollsystemet Risk Manager. Avviksregistrering er inndelt i områda HMT, informasjonssikkerheit, forbedring, tenestekvalitet og intern varsling. Pasientavvik, bygningsmessige avvik med meir blir registrert i fagsystem. Derimot vil vi om litt nytte Risk Manager også til å melde pasientavvik med meir. Dette er fordi Helseplattformen ikkje har eige avvikssystem. Ein startar no snarast på opplæring kring dette. Dette gjer at det blir færre system for dei tilsette å melde i. I tillegg går vi no til innkjøp av ein appversjon av avvikssystemet. Kommunedirektøren vonar at dette både gjer det enklare, men også at terskelen for å melde avvik vert lågare.



Foto: Edmund Melkild, Bygdebladet

Befolkningsutvikling

Ei av dei største utfordringane for Vestnes kommune og mange distriktskommunar er demografiske endringar og folketalsutviklinga generelt. Fylkesstatistikken peikar på at ein konsekvens av sentralisering er sterk aldring i utkanten. Dei unge flyttar til sentrale strøk, medan dei eldre blir buande igjen på bygda. Framskrivningane som SSB har gjort av folketalet, viser at alle kommunane i landet vil ha ei eldre befolkning i 2050, men at den eldste befolkninga framleis vil vere i utkanten.

I løpet av dei siste 10 åra har folketalet i Vestnes kommune auka med 7 % (480 personar). Ei av årsakene til denne auka skuldast grensejusteringa med Rauma kommune som var gjeldande frå 01.01.2021. Vestnes kommune fekk då tilført 411 personar frå Vågstranda og Hjelvika. Ser ein vekk frå desse innbyggjarane har folketalsutviklinga i realiteten auka med 1 % (69 personar), som skuldast flyktningstraumen frå Ukraina.

Etter kvart som den eldre befolkninga aukar er det venta at fødselsoverskotet går ned. Det store 1946-kullet blir 80 år i 2026 og representerer starten på ein lang periode med fleire eldre, noko som vil føre til auka utgiftsbehov både for kommunane og for offentlig sektor generelt.

Det er i dei eldste aldersgruppene at befolkningsprognosen er mest sikker. Dei yngre aldersgruppene vil kunne bli påverka av mellom anna flytting, samt utviklinga i busetting og arbeidsplassar. Den største auka er i aldersgruppa 80-89 år. Dette er ei gruppe som byrjar å få behov for tenester frå kommunen, og vil derfor påverke pleie- og omsorgssektoren i stor grad i åra framover. Helsepersonellkommissjonen skriv også om utfordringa i [NOU 2023: 4 Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste](#) om korleis demografiutviklinga framover vil auke etterspørselen etter helsepersonell, samtidig som veksten i tilgjengeleg arbeidskraft blir avgrensa. Frå midten av 2030-talet vil talet på personar i yrkesaktiv alder falle. Denne utviklinga vil forsterke seg ytterlegare etter 2040. Demografiutviklinga betyr altså både ei auke i tal på eldre og ein reduksjon i tal på personar i arbeidsfør alder – **samtidig**.

Befolkningsutvikling per årsak

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av kvartalet	6 626	6 615	6 708	6 611	6 577	6 559	6 536	6 532	6 958	6 936	7 051
Fødde	54	62	62	68	51	52	66	60	53	43	25
Døde	84	50	64	67	58	67	58	51	72	82	39
Fødselsoverskot	-30	12	-2	1	-7	-15	8	9	-19	-39	-14
Innvandring	119	176	116	89	39	60	46	29	74	128	37
Utvandring	43	32	30	36	47	34	20	11	45	28	14
Innflytting, innanlands	218	222	151	192	191	178	165	205	206	267	116
Utflytting, innanlands	275	283	332	282	200	211	202	219	238	210	81
Netto innvandring og flytting	19	83	-95	-37	-17	-7	-11	4	-3	157	58
Folkevekst	-11	93	-97	-34	-18	-23	-4	15	-22	115	44
Folketalet ved utgangen av kvartalet	6 615	6 708	6 611	6 577	6 559	6 536	6 532	6 547	6 936	7 051	7 095

Ved inngangen til 2023 var det registrert 7 051 innbyggjarar i Vestnes kommune. Per 01.07.2022 var innbyggjartalet auka til 7 095. Befolkninga i første halvår 2023 auka med 0,6 % (44 personar). Auke i folketalet i Vestnes kommune dei siste to åra kjem hovudsakeleg frå flyktningstraumen frå Ukraina. Dette ser ein av tala i tabellen over, som viser ei positiv nettoinnflytting som følgje av innvandring. Det har derimot vore eit negativ fødselsoverskot dei siste åra, som betyr at det er fleire som har døydd enn som har blitt født.

I løpet av første halvår i 2023 er det busett 38 flyktningar. Kommunen vedtok å ta i mot 130 flyktningar i 2022, og har vedtatt å ta imot 100 flyktningar i 2023. Mest truleg vil ein også neste år ta i mot fleire enn det som har vore vanleg tidlegare år. Auken i folketalet i åra 2013-2015 har samanheng med asylmottak som var i kommunen på den tida. Nedgangen i 2015 skuldast nedlegging av asylmottaket. Over tid ser ein at det er innvandring frå utlandet som har halde folketalet oppe i Vestnes kommune. Trenden det siste tiåret er også ei negativ flytting innanlands, det vil sei at det flyttar fleire frå Vestnes til andre kommunar enn det flyttar tilbake.

Det er verdt å merke seg at prognosen for befolkningsutviklinga tek berre avgrensa omsyn til situasjonen som kommunane no står i knytt til flyktningstraumen frå Ukraina. Det er venta at talet på busette flyktningar vil fortsette å auke. Utslaget dette vil ha på folketalet er enno særst usikkert, og i vidare tal er det ikkje lagt inn noko auke i folketalet utover det som ligg til grunn i SSB sin prognose (framskrivingsalternativ middel vekst).


Demografi

Befolkningsprognose

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033
0 - åringar	46	57	55	55	55	55	56	56	57	57	57
Barnehage (1-5 år)	332	331	325	310	304	299	298	296	295	298	300
Grunnskole (6-15 år)	813	765	753	738	738	742	726	727	717	701	690
Videregående (16-19 år)	355	346	341	345	331	312	311	287	291	304	295
Voksne (20-66 år)	4 058	3 954	3 921	3 919	3 907	3 895	3 874	3 858	3 846	3 805	3 780
Eldre (67-79 år)	1 092	1 112	1 140	1 116	1 104	1 103	1 113	1 132	1 102	1 110	1 112
Eldre (80-89 år)	280	309	332	370	405	426	449	461	498	521	555
Eldre (90 år og eldre)	75	78	73	76	76	80	79	83	88	93	94
Total	7 051	6 952	6 940	6 929	6 920	6 912	6 906	6 900	6 894	6 889	6 883

Prognose type : Middels nasjonal vekst
 Prognose periode : 10

Prognose vekst




Budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan for 2024-2027

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033
0 - åringar	100,0 %	123,9 %	119,6 %	119,6 %	119,6 %	119,6 %	121,7 %	121,7 %	123,9 %	123,9 %	123,9 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	99,7 %	97,9 %	93,4 %	91,6 %	90,1 %	89,8 %	89,2 %	88,9 %	89,8 %	90,4 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	94,1 %	92,6 %	90,8 %	90,8 %	91,3 %	89,3 %	89,4 %	88,2 %	86,2 %	84,9 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	97,5 %	96,1 %	97,2 %	93,2 %	87,9 %	87,6 %	80,8 %	82,0 %	85,6 %	83,1 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	97,4 %	96,6 %	96,6 %	96,3 %	96,0 %	95,5 %	95,1 %	94,8 %	93,8 %	93,1 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	101,8 %	104,4 %	102,2 %	101,1 %	101,0 %	101,9 %	103,7 %	100,9 %	101,6 %	101,8 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	110,4 %	118,6 %	132,1 %	144,6 %	152,1 %	160,4 %	164,6 %	177,9 %	186,1 %	198,2 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	104,0 %	97,3 %	101,3 %	101,3 %	106,7 %	105,3 %	110,7 %	117,3 %	124,0 %	125,3 %
Total	100,0 %	98,6 %	98,4 %	98,3 %	98,1 %	98,0 %	97,9 %	97,9 %	97,8 %	97,7 %	97,6 %

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

Demografiutgifter



Grafen viser korleis forventa utviklingstrekk for brutto utgiftsbehov vil vere framover med bakgrunn i framskriven befolkningsendring. Her blir dei økonomiske effektane av endring i befolkningsprognosen frå eit år til neste vist. Tala er akkumulerte tal berekna ut frå basisåret 2022. Modellen er ingen fasit, den gir berre anslag basert på ein rekke gitte føresetnader, men den gir ein indikator på trend og utvikling dei neste ti åra.

Det er eit stort aukande utgiftsbehov på eldre, spesielt innan aldersgruppa 80-89 år. I planperioden utgjer til dømes utgifter til denne gruppa om lag 24 mill. kroner. Utgiftsbehov for same aldersgruppa for komande tiårsperiode utgjer over 56 mill. kroner, medan utgiftsbehovet innan grunnskule og barnehagar vil gå ned med om lag 26 mill. kroner. Aldersgruppa voksne (20-66 år) er den aldersgruppa kor ein har flest yrkesaktive. Prognosen viser at vi får færre i yrkesaktiv alder, noko som vil bli ei stor utfordring i tida framover med tanke på stadig fleire eldre som treng tenester. Færre yrkesaktive vil også bidra til lågare skatteinntekter.

Som vi ser av graf og tal over så vil det skje ei markant endring som får konsekvensar for dei største tenesteområda. For å kunne etablere ei forsvarleg drift i samsvar med behovet innanfor dei ulike tenesteområda vil det vere heilt avgjerande å lukkast med å vri ressursbruken frå område med færre brukarar (barn og unge) og til område med auke i talet på brukarar (eldre). Dette fordi utgiftsbehovet innanfor helse og omsorg vil auke kvart år, medan utgiftsbehovet innan oppvekst vil gå ned.

Når staten styrker kommunen sine inntektsrammer for å kompensere for auka utgiftsbehov som følgje av at fleire blir eldre, vil dei same inntektene reduserast når talet på barn går ned. Det er nettoverknaden av fleire eldre og færre barn som utgjer kor mykje staten totalt kompenserer kommunane. Utfordringa for Vestnes kommune er å dreie bruken av kommunale midlar frå oppvekstsektoren til helse og omsorg.

For å imøtekomme dei demografiske endringane krev det innovasjon og nye løysingar, spesielt innanfor helse og omsorg. I ei tid med aukande demografiutfordringar treng vi nye løysingar som kan bidra til meir velferd og tenester med relativt sett færre til å utføre jobben. Løysinga kan vere alt frå nye måtar å arbeide på, dreining av ressursbruken lenger ned i omsorgstrappa, velferdsteknologi, effektiv utnytting av Helseplattformen med meir. Dette må prioriterast, og stå i fokus og arbeidast godt med i tida framover.



Foto: Ziggi

Rammevilkår og økonomisk utvikling

Rammevilkår

I dette kapitlet vil det bli gjennomgått dei overordna økonomiske rammevilkåra for kommunen og dei økonomiske utsiktene for Vestnes kommune framover.

Statsbudsjettet

Kommunedirektøren legg til grunn regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2024, som blei lagt fram 6. oktober 2023. Dersom det skjer endringar i Stortinget si behandling av budsjettet som har konsekvensar for Vestnes kommune, vil kommunedirektøren orientere om dette og eventuelt ta omsyn til det i budsjettrevisjon for 2024.

Kommunen blir påverka av ustabilitet i verda. Krigen i Ukraina og generell høg aktivitet i økonomien har bidratt til sterk prisvekst. Høg prisvekst og stramt arbeidsmarknad bidreg til høg lønsvekst. Høg løns- og prisvekst påverkar kommunen sitt handlingsrom gjennom auka drift- og investeringsutgifter, kor løn utgjør ein vesentleg del. Vidare har Norges Bank heva renta betydeleg gjennom 2023 med bakgrunn i den høge prisveksten. Det er forventa at veksten vil avta, men likevel vere langt høgare enn inflasjonsmålet til Noregs Bank, som tilseier at rentenivået fortsett vil halde seg relativt høgt. Alt dette påverkar handlingsrommet til kommunen negativt.

I regjeringa sitt forslag til statsbudsjett er det lagt opp til ein realvekst i kommunane sine frie inntekter på om lag 5,1 mrd. kroner, som er over det anslaget som blei varsla i kommuneproposisjonen. Den auka realveksten må såast i samanheng med anslaget for vekst i pensjonskostnader, som ligg an til å bli 1,8

mrd. kroner høgare enn lønsveksten i 2024. Anslag for demografikostnadar som finansierast med dei frie inntektene er uendra frå kommuneproposisjonen med 3,1 mrd. kroner. Veksten i pensjon- og demografikostnadar blir dekt innafor veksten i dei frie inntektene.

Kommuneøkonomien er stram. Det som kan gje auka handlingsrom innafor dei frie inntektene er om skatteinntektene blir høgare enn forventa. Men og skatteinntektene blir styrt ved at det blir lagt opp til at 40 % av kommunesektoren sine totale inntekter skal vere skatteinntekter. Dette blir gjort ved å bestemme den kommunale inntektsskatteøren, som angir kor stor andel av skatt på alminneleg inntekt for personlege skattyttarar som tilfaller kommunesektoren. Skatteøren er i 2024 redusert med 0,2 prosentpoeng til 10,95 %. Dette må mellom anna sjåast i samanheng med ein relativ høg forventa vekst i lønnssummer og i reguleringa av pensjonsinntekter.

Det er kome fleire endringar i oppgåver som er innlemma i rammetilskotet for 2024. Endringane som har direkte påverknad på tenesteproduksjonen er lista opp i tabellen under.

Innlemming og oppgåveendringar	Landet	Vestnes sin andel
Oppvekst og kultur		
Barnehage: Reduksjon i maksimal foreldrebetaling 2024	1 560 065	1 717
Barnehage: Endringer i kontantstøtten - konsekvenser for barnehage	119 700	132
Barnehage: Pensjonspåslag private barnehager nedtrapping overgangsprdning	-57 469	-63
Barnehage: Gratis barnehageplass fra tredje barn i barnehage	24 000	26
Barnehage: Helårseffekt av kompensasjon for redusert foreldrebetaling barnehage	66 778	73
Skule: Ny opplæringslov - regelendringer med økonomiske konsekvenser	47 235	62
Skule: Gevinster nytt prøvegjennomføringssystem i grunnskolen	-6 571	-9
Skule: Gratis SFO - 2. trinn -med 12 timer	863 567	1 139
Helse og omsorg		
Famile og helse: Basistilskudd fastleger	250 000	364
NAV: Økt barnetillegg i kvalifiseringsprogrammet	1 043	1
NAV: Helårseffekt av økte sosialhjelpssatser fra 1. juli 2023	295 788	295
SUM	3 164 136	3 737

Dei fleste endringane som kommunen får kompensasjon for gir auka kostnader i tenesteproduksjonen. Dei mest vesentlege endringane er lagt inn i rammene til sektorane, og blir spesifisert under «nye tiltak».

Løns- og prisvekst

Løns- og prisvekst, den såkalla kommunale deflatoren, er anslått å vere 4,2 %. Av denne utgjer årslønsveksten 4,9 %, som utgjer om lag 60 % av deflatoren. Prisveksten er berekna til 3,4 %. Desse prosentsatsane er lagt til grunn i budsjettet. Det er ikkje lagt inn løn- og prisauke i perioden 2025-2027. Alle endringar i budsjettet er i 2024-kroner.

Kostnadsveksten har i 2023 vore vesentleg høgare enn det som blei lagt til grunn i statsbudsjettet. Dette har staten kompensert delvis gjennom auka skatteanslag og delvis gjennom auke i rammetilskotet. Prisveksten i 2023 ser derimot ut til å bli lågare enn det som blei anslått i Revidert budsjett, mellom anna som følgje av nedgang i prisene på elektrisitet og svakare prisvekst på byggjevarare. Regjeringa har no nedjustert anslaget for løns- og prisvekst i 2023 til 4,5 % (ned 0,7 % i høve RNB). Anslaget for løns- og prisvekst i statsbudsjettet for 2024 er berekna ut frå det nedjusterte kostnadsnivået for 2023.

Finanskostnadane påverkar stadig meir driftsramma

Dei siste åra har ein stadig større del av driftsramma gått med til å dekke finanskostnader. Ei auke i renter og avdrag må dekkast inn gjennom reduksjon i tenesteproduksjonen. Økonomiplanen legg opp til ein særskilt investeringsnivå for å bremse gjeldsutviklinga.

Lånerenta var på eit historisk lågt nivå under pandemiperioden. Frå 2022 har renta auka gradvis grunna uro i verdsmarknaden med krigen i Ukraina og høg inflasjon. Renteoppgangen har vore større enn det som var venta for eitt år sidan som følgje av høg prisvekst. For 2024 er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg flytande rente på 5,3 %. Det er då teke utgangspunkt i prognosa for rentekurva til 3 mnd. Nibor som er lest av i midten av oktober. At kommunen har fastrente på om lag 48 % av gjeldsportefølja er med på å dempe auke i renteutgiftene. Renteutgiftene for 2024 aukar med om lag 5,7 mill. kroner i høve opphavelig budsjett for 2023. Og det er med utgangspunkt i eit særskilt nivå knytt til nye investeringar.

Det vil vere mange investeringsbehov framover som er fornuftige å få gjennomført. Det kan mellom anna nemnast ny ungdomsskule, kulturskule og rehabiliteringar. Dette er store investeringar som ikkje kan gjennomførast før økonomien er vesentleg meir berekraftig og lånegjelda er redusert. Det må tøffe prioriteringar til, og dei prosjekta som blir prioritert må enten gje gevinst i tenesteproduksjon eller vere prekære for at tenesteproduksjon skal oppretthaldast.

Demografidrivne utgifter aukar

Staten forutsett at kommunane greier å nedjustere utgiftene til barnehage og skule for å kunne finansiere auka utgifter til dei eldre. Dette kjem til utrykk gjennom utgiftsutjamninga i rammetilskotet. For 2024 er Vestnes kommune trekt om lag 5,8 mill. kroner i rammetilskotet knytt til lågare barnetal i aldersgruppa 0-15 år.

Befolkninga blir eldre og det vil bli færre yrkesaktive for kvar pensjonist. Dette vil medføre auka utgifter til pensjon og press på helse- og omsorgstenestene. Ser ein på utviklinga i talet på pensjonistar kontra innbyggjarar i arbeidsdyktig alder, vil talet stige jamt det neste tiåret. Dette tydeleggjer viktigheita av betre ressursbruk og omprioriteringar for å framleis kunne utvikle velferdssamfunnet. Det blir viktig å fortsette å satse spesielt på helsetenester i heimen, velferdsteknologi og større tilrettelegging av førebyggjande eigenomsorg. Videre må det planleggast for at tilgangen på arbeidskraft og kompetanse blir meir avgrensa, samtidig som at vi må utnytte potensiale hjå medarbeidarane vi allereie har gjennom å sørge for kompetanseutvikling.

For nærare omtale om den demografiske utviklinga sjå kapittel «Befolkningsutvikling».

Vertskommune

I forslag til statsbudsjett ligg det inne at skjermingsordninga knytt til vertskommunefinansieringa skal takast bort frå neste år. Det betyr at Helsedirektoratet vil berekne nivå av tilskot basert på direkte fråfall av bebuarar. Det vil difor vere sær s vanskeleg å vite nivå på tilskot i åra framover. For 2024 vil nivået vere overkommeleg, sidan Vestnes kommune (og Kvæfjord kommune) fekk ein avgrensing på maks 3 mill. kroner i nedtrekk. Nivået på tilskot dei påfølgjande åra blir derimot ei rein gjetting sidan vi ikkje veit tal på bebuarar som fell frå kvart år. Mange av vertskommunebebuarane er gamle og har dårleg helse, så fråfallet kan bli høgare enn det som er lagt til grunn i 2025-2027. Tala blir ytterlegare beskriven under kapittelet «Driftsbudsjett».

Endringa som er føreslått vil gje betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune. Det vil vere ei sær stor utfordring å greie å omstille drifta frå eitt år til eit anna basert på fråfall av bebuarar, med eit inntekststap som vil vere vesentleg og varierende. Den største utfordringa knytt til dette er at Vestnes kommune har sær høge pensjonskostnadar i og med vi tok over det som tidlegare var ein sentralinstitusjon med dei tilsette som var der. Dette har gjort at vi har hatt langt fleire tilsette frå 1992 til no enn vi ville hatt om vi ikkje tok på oss dette samfunnsoppdraget.

Kommunedirektøren har saman med Kvæfjord kommune, og i dialog med KS, utarbeida eit notat kring forslaget og kva konsekvensar dette vil ha. Notatet vil bli sendt inn som ein høyringsuttale til Stortinget. Politikarane er også informert og jobbar aktivt inn mot sine parti på Stortinget fram mot behandlinga av statsbudsjettet.

Krigen i Ukraina

Som følge av krigen i Ukraina har vi busett langt fleire flyktningar enn det som var planlagt. Kommunen tok i mot 143 flyktningar i 2022, og det er venta å ta i mot 100 i 2023. I budsjettet er det lagt til grunn ei busetting av 60 nye flyktningar i 2024 (kommunedirektøren må her legge til grunn eit tal før saka har vore politisk handsama), og deretter ei nedtrapping på 40-30-20 dei påfølgjande åra. Det er knytt stor usikkerheit til desse tala, og er avhengig av både kor mange flyktningar som kjem til Norge og korleis staten vel å fordele flyktningane til kommunane.

Auka busetting betyr auka tilskot frå staten knytt til integreringsarbeid og busetting. Integreringsperioden er definert til fem år, og kommunen vil mottek integreringstilskot i denne perioden. Auka busetting betyr også auka utgifter. Oppvekstsektoren og helse- og omsorgssektoren må byggje opp tenestnivået for å kunne handtere flyktningane som kjem. Etter kvart som talet på flyktningar avtek må tenestene byggjast ned. Å byggje ned i same takt viser seg ofte å vere krevjande. I

2024 vil kommunen få ei høgare auke i integreringstilskot enn auke i utgifter knytt til mottak av flyktingar. Nettoeffekten er på nesten 45 mill. kroner og er nytta til å finansiere andre tenester samt gjere det mogleg å kunne sette av midlar på disposisjonsfond. Det må samstundes presisere at flyktingane også nyttar dei tenestene som vert finansiert av desse midlane.

Helseplattformen

Helseplattformen blei «skrudd på» den 3. november 2023, og er den største prioriteringa i år. Helseplattformen er eit nytt, felles pasientjournalssystem for sjukehus, kommunar, fastlegar og private spesialistar i Midt-Norge. Dette er eit stort digitaliseringsprosjekt som skal gje ein mengde gevinstar, ikkje minst knytt til betre samhandling og felles informasjon. Vi håper og trur at innføringa av Helseplattformen kan løfte nivået på tenestedata innanfor helse og omsorg. Data vil også bli lettare tilgjengeleg i organisasjonen, og kan då gi oss betre grunnlag for å kunne ta dei riktige prioriteringane i tida framover.

I samband med innføring av Helseplattformen har det blir satt opp ein strategisk gevinstrealiseringsplan for Vestnes kommune. Trondheim kommune viser til at dei reknar mellom 2-3 år frå innføringsdato til ein kan nyttegjere seg av Helseplattformen på linje med dei journalssystema ein hadde frå før. Gevinstrealisering total sett vil difor kome etter det, og er av den grunn ikkje lagt inn som ei innsparing i denne planperioden.

Inntektssystemet under revisjon

I 2020 blei det starta på eit arbeid med å vurdere kommunen sitt inntektssystem.

[Inntektssystemutvalet](#) la fram sin rapport 29. august 2022. Anbefalinga er knytt til endringar i utforminga av systemet. Forhold som utvalet mellom anna har sett på er utforminga av skatteelementa i inntektssystemet, utgiftsutjamninga, kostnadsnøkklane og regionalpolitiske tilskot. Regjeringa planlegg å leggje fram forslag til nytt inntektssystem for kommunane for Stortinget i løpet av våren 2024. Det nye inntektssystemet er meint å få verknad frå og med 2025.

Anslag på fordelingsverknadane viser at det er dei største kommunane som kjem best ut når ein summerer utvalets forslag, medan dei minste kommunane får størst innteksreduksjon. For Vestnes kommune blir det oppgitt i rapporten ei mindreinntekt på 276 kroner per innbyggjar som følgje av utvalets forslag, som tilsvarar ein reduksjon i dei frie inntektene på rundt 1,9 mill. kroner frå dagens nivå. Utvalet sine anbefalingar er ikkje teke omsyn til i økonomiplanen.

Finansielle måltal


Kommunestyret er pliktig til å forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna bli ivaretatt over tid (jf. kommunelova § 14-1). Kommunestyret skal vedta finansielle måltal. Desse skal indikere om kommunen sin samla økonomi utviklar seg i riktig retning, og seie noko om kommunen si handlingsfriheit dei komande åra. Dersom ein oppnår målkrava kan det gje rom for nødvendige investeringar framover og gjere kommunen meir robust med tanke på framtidige økonomiske svingingar.

Vestnes kommune har i finans- og økonomireglementet vedteke å ha følgjande 3 finansielle måltal:

- *Netto driftsresultat*
- *Disposisjonsfond*
- *Gjeldsgrad*

Det er vidare vurdert korleis desse tre måltala vil utvikle seg i tråd med kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan. Det er også vurdert kva måltala bør vere i eit meir langsiktig perspektiv, for å kunne etablere eit økonomisk berekraftig driftsnivå slik at kommunen kan bygge og behalde si økonomiske handleevne over tid.

Netto driftsresultat (resultatgrad)



Tabell	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Budsjett 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027
Vestnes kommune	0,0 %	-2,1 %	-1,9 %	2,6 %	0,8 %	0,6 %	0,6 %	0,6 %	0,2 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetning og bidra til å finansiere investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. For å oppretthalde eit stabilt investeringsnivå utan reell auke av gjeld, er det naudsynt at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene (også omtalt som resultatgrad) held seg på eit relativt høgt nivå. Netto driftsresultat er det viktigaste nøkkeltalet for å beskrive om kommunen har god økonomisk styring.


Teknisk berekningsutval anbefala at kommunesektoren bør ha eit netto driftsresultat på 1,75 % over tid som eit minimum. Det vil for Vestnes kommune bety eit positivt netto driftsresultat på rundt 15 mill. kroner i 2024. Ut frå den økonomiske situasjonen som kommune står i, vil det vere lite realistisk å ha dette som ein målsetting i planperioden. Kommunedirektøren rår til at måltalet på 1,75 % bør vere ei langsiktig målsetting, for å kunne bevare kommunen sin formue over tid.

Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år. Vestnes kommune har over mange år hatt ei alt for høgt driftsnivå, noko som førte til at kommunen blei meldt inn på ROBEK i 2022. Opphaldet på ROBEK varte berre eitt år, sidan driftsresultatet i 2022 blei særst godt. Det gode resultatet i 2022 kom ikkje av ei særst effektiv drift, men av fleire ekstraordinære inntektsposter. Tenesteproduksjonen er ennå alt for høg. Utviklinga visar at det må store endringar til i drifta for å oppnå ein berekraftig økonomi. I budsjett- og økonomiplan 2024-2027 er det budsjettert med eit netto driftsresultat som er positivt, men likevel eit godt stykke under anbefalt nivå.

For å kunne oppnå eit positivt driftsresultat dei neste åra er det lagt inn ei rekke tiltak for å redusere driftsnivået i tenesteproduksjonen. Det er heilt avgjerande at alle tiltak som kommunedirektøren legg fram blir gjennomført og gir dei økonomiske effektane som er førespegla.

Grafen over viser korleis resultatet har utvikla seg frå 2020, og korleis nøkkeltalet vil utvikle seg i åra framover dersom ein legg til grunn kommunedirektøren sitt forslag til budsjett- og økonomiplan. Måltallet er på 0,6 % dei tre første åra, og deretter ned til 0,2 % i 2027. Bakgrunn for at måltallet går ned skuldast i hovudsak vesentleg reduksjon i sentrale inntekter. Positivt netto driftsresultat dei første åra vil truleg gå med til å dekke inn tidlegare års meirforbruk, dersom siste prognose endar opp med å bli faktisk årsresultat. Det betyr at det kan ta fleire år før kommunen får sette av midlar på sparekontoen sin, som sårt er tiltrengt.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Budsjett 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027
Vestnes kommune	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,5 %	1,3 %	1,8 %	2,3 %	2,9 %	3,2 %
Handlingsregel	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %

Måltallet for disposisjonsfond heng saman med måltallet for netto driftsresultat. Disposisjonsfond er oppsparte midlar som kommunen fritt kan nytte til finansiering av både drift- og investeringsutgifter. Dette er «bufferen» kommunen kan ha til å handtere svingingar i inntekter og utgifter. Utan eit

tilstrekkeleg disposisjonsfond, vil uventa bortfall av inntekter eller auke i utgifter slå direkte inn på tenesteproduksjonen. Statsforvaltaren tilrår at kommunane bør ha eit disposisjonsfond som utgjer 5-10 % av brutto driftsinntekter.


Med bakgrunn i eit godt resultat i 2022 blei det anledning til å sette av midlar på disposisjonsfond. Kommunen har difor 3,9 mill. kroner på disposisjonsfond, som utgjer 0,47 % av driftsinntektene, ved inngangen til 2023. Dersom vi legg til grunn årsprognosa i siste tertialrapport vil kommunen bruke opp heile disposisjonsfondet i 2023, samt måtte bruke dei avsette midlane på disposisjonsfond i 2024 og 2025 til å nedbetale tidlegare års meirforbruk.

Målalet stig i planperioden, sidan det legg til grunn at dei avsette midlane blir ståande på disposisjonsfond kvart år. Gitt siste økonomisk status, så vil disposisjonsfondet mest truleg bli tømt kvart år for å dekke tidlegare års meirforbruk. Nøkkeltalet vil difor mest truleg ligge nærare 0 %. Det er likevel satt av midlar på disposisjonsfond i økonomiplanperioden kvart år, for å ha moglegheit til å nedbetale tidlegare års gjeld og etter kvart kunne sette av midlar på sparekontoen.

Ut frå den økonomiske situasjonen og føresetnadane som ligg til grunn i økonomiplanen, ser kommunedirektøren det krevjande å skulle nå anbefalinga med eit disposisjonsfond på 5-10 % i nær framtid. Likevel bør ein på lang sikt strekkje seg etter å kome dit kor ein har eit høgt nok disposisjonsfond til å handtere uføresette svingingar. Kommunedirektøren rår difor til at det langsiktige målalet for disposisjonsfond bør vere på 5 %. Basert på budsjetterte driftsinntekter for 2024 utgjer dette om lag 45 mill. kroner.

Netto gjeld i % av brutto driftsinntekter

Gjeldsgrad



Tabell	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Budsjett 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027
Vestnes kommune	0,0 %	88,9 %	88,0 %	80,5 %	80,0 %	73,3 %	73,7 %	73,3 %	73,7 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Gjeldsgrad visar samla lånegjeld til investeringar i høve driftsinntektene. Ei aukande gjeldsgrad betyr at gjelda stig meir enn driftsinntektene. Riksrevisjonen definerer nivået for høg lånegjeld til 75 % av inntektene.

I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i gjeldsforvaltninga. Kva finansiell risiko kommunen toler vil vere avhengig av kommunen sitt disposisjonsfond og driftsnivå. Med bakgrunn i at kommunen har eit veldig lite disposisjonsfond som truleg blir tømt i 2023, og eit alt for høgt driftsnivå, er det eit viktig mål å redusere lånegjelda slik at den finansielle risikoen blir redusert.

Gjeldsgraden auka mykje i 2019 som følge av låneopptak til Helsehuset Stella Maris, og har etter det haldt seg relativt høg. Ein høg gjeldsgrad og ei rente som har auka jamt etter pandemiperioden har gjort at ein stadig større del av dei årlege driftsinntektene blir bunde opp til å dekke renter og avdrag. Det har vore eit særst nøyaktig investeringsnivå dei siste par åra, noko som har bidratt til at gjeldsgraden har gått gradvis ned etter 2021. Dette er også ei målsetting i økonomiplanperioden 2024-2027, kor investeringsnivået er satt på eit minimum.

I førre budsjettbehandling (PS-103/22) blei det vedteken at det langsiktige målalet for gjeldsgrad er å kome under 75 %. I økonomiplanperioden for 2024-2027 går gjeldsgraden ned, og vil ligge rett i underkant av 75 % som er målsettinga. Bakgrunn for at målalet går ned skuldast auke i driftsinntektene, eit særst nøyaktig investeringsnivå, samt at det blir betalt meir i avdrag enn opptak av lån.

Å budsjettere gjeldsgrad er krevjande sidan det er avhengig av mellom anna framdrifta på investeringsprosjekta. Dersom investeringsprosjekta har lågare framdrift enn budsjettert, vil dette påverke gjeldsgraden positivt fordi kommunen brukar mindre lån. I tabellen over er det tatt utgangspunkt i balanseverdier som er rapportert i 2022, og lagt til endringane som kjem fram i budsjettet. Ut frå det vil målalet bli 73,3 % i 2024. Det er viktig at gjeldsgraden går ned med tanke på å få økonomien på riktig spor. Kommunedirektøren rår til at det langsiktige målalet for gjeldsgrad er å halde seg under 75 %, noko forslag til økonomiplan 2024-2027 oppfyller.

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

	Budsjett 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Sum inntekter	-816 195	-881 944	-864 852	-854 318	-834 731
Sum utgifter	805 194	871 644	857 048	848 504	832 892
Brutto resultat	-11 001	-10 300	-7 804	-5 814	-1 839
Netto finansutgifter og inntekter	47 534	53 600	52 000	51 200	51 900
Motpost avskrivinger	-43 400	-48 333	-49 137	-50 613	-51 601
Netto resultat	-6 867	-5 033	-4 941	-5 227	-1 540
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	6 867	5 033	4 941	5 227	1 540
Årsresultat	0	-0	-0	-0	-0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	0,8 %	0,6 %	0,6 %	0,6 %	0,2 %



Foto: Reidun Bjølverud

Driftsbudsjett

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Opph. bud. i fjor 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Rammetilskudd	-238 899	-252 517	-255 228	-255 231	-255 238
Inntekts- og formuesskatt	-229 153	-254 677	-254 677	-254 677	-254 677
Eiendomsskatt	-25 364	-34 302	-34 802	-35 227	-35 652
Havbruksfond	-2 500	-6 000	-4 000	-6 000	-4 000
Komp. Eldreutb./skule m.m.	-1 600	-1 600	-1 550	-1 500	-1 500
Integreringstilskott	-58 870	-70 575	-58 852	-49 213	-34 466
Vertskommunetilskott	-105 770	-106 850	-100 320	-97 047	-93 775
Sum frie inntekter	-662 156	-726 521	-709 429	-698 895	-679 308

Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

Inntektssystemet definerer det statlege bidraget som kommunane får til si drift i form av rammetilskot og skatteinntekter, og utgjør om lag 70 % av dei samla inntektene til kommunen. Dette er frie inntekter som kommunen kan disponere fritt, utan andre føringar enn gjeldande lovar og regelverk. Nivået på dei

frie inntektene vert bestemt ut frå pris- og lønsvekst, tillagt vekst i frie inntekter som blir korrigert for innlemming av øymerka tilskot, satsingar over rammetilskotet og oppgåveendringar.

Eit overordna føremål ved inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. Ved fordeling av rammetilskot tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og skilnader i skatteinntektene. Dette vert gjort ved at utmålinga av rammetilskot vert påverka av utgift- og inntektsutjamning.

Anslaget for frie inntekter for budsjettåret 2024 byggjer på statsbudsjettet som ble lagt fram 6. oktober 2023. Her legg regjeringa opp til ein realvekst i kommunane sine frie inntekter på om lag 5,1 mrd. kroner, som mellom anna skal dekke veksten i pensjon- og demografikostnadar. Ut frå anslaga er det budsjettert med 507,2 mill. kroner i frie inntekter i 2024 for Vestnes kommune, som er ei auke på om lag 39 mill. kroner i høve opphavelag budsjett for 2023.

Rammetilskot

Basert på KS sin prognosemodell, som byggjer på regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2024, vil Vestnes kommune få ei rammeoverføring på 252,5 mill. kroner for 2024. Av dette utgjer 13,4 mill. kroner inntektsutjamning, som må sjåast i samanheng med skatteinntektene. I anslaget ligg det også inne ordinære skjønnsmidlar på 1,1 mill. kroner. Rammetilskotet aukar med 13,6 mill. kroner i høve opphavelag budsjett for 2023. Ved berekning av rammeoverføringar for 2024 vert innbyggartalet 01.07.2023 lagt til grunn.

I tabellen under ser ein kva element rammetilskotet (ekskl. inntektsutjamning) er samansett av.

Rammetilskot (i 1000 kr)	2023	2024	2025	2026	2027
Innbyggjartilskot	195 921	211 716	215 074	215 076	215 083
Utgiftsjamning	17 263	15 193	14 737	14 737	14 737
Distriktstilskot	5 919	6 264	6 314	6 314	6 314
Ordinære skjønn	1 900	1 100	1 100	1 100	1 100
Særskilte saker	4 311	5 393	5 161	5 161	5 161
Inntektsgarantiordning	- 286	- 518	- 500	- 500	- 500
Sum rammetilskot	225 028	239 148	241 886	241 888	241 895

Innbyggjartilskot

Dette er hovuddelen i rammeoverføringa. Her får kommunen ein lik sum per innbyggjar. For 2024 er tilskotet per innbyggjar satt til 29 832 kroner. Det er talet på innbyggjarar per 01.07.2023 som er lagt til grunn, som då var på 7 095.

Utgiftutjamning

Det er til dels store skilnader i kostnader i tenesteytinga mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadene som dei ikkje kan påverke sjølve. Det gjeld til dømes aldersfordelinga og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som er sett saman av ulike kriterium med vekt. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling mellom kommunane.

Vestnes kommune har alltid vore over snittet på indeksen for utgiftsbehov og dermed fått ekstra kompensasjon. Behovsindeksen for 2024 er 1,0533, som inneber at det er 5,3 % dyrare å drive Vestnes kommune enn landsgjennomsnittet. Ut frå det får kommunen 24,5 mill. kroner ekstra i rammetilskot.

Alderssamansetjinga betyr mykje for behovsindeksen. Unge og eldre veg særst høgt, medan aldersgruppa 20-67 veg mindre. Ser ein på kriterieindeksen per kriterie, ser ein at Vestnes kommune vert trekt grunna lågare barnetal enn landsgjennomsnittet, medan kommunen mottok ekstra midlar grunna fleire eldre enn landsgjennomsnittet. Av tabellen under ser vi mellom anna at Vestnes kommune blir trekt 5,8 mill. kroner i 2024 knytt til aldersgruppene 0-15 år som følgje av at kommunen har færre barn enn landsgjennomsnittet. For aldersgruppene 67-90 mottok kommunen 17,5 mill. kroner sidan kommunen har fleire eldre i denne gruppa enn landsgjennomsnittet.

Kostnadsnøkkel	Antal	Indeks	Beløp (1000 kr)	Endring 2023-2024
0-1 år	95	0,689	-831	-273
2-5 år	281	0,960	-2 503	1 023
6-15 år	812	0,979	-2 473	2 407
16-22 år	586	0,997	-37	-131
23-66 år	3 845	0,941	-2 914	-402
67-79 år	1 113	1,323	9 005	1 447
80-89 år	290	1,098	3 626	-924
over 90 år	75	1,265	4 923	780
Basistillegg	0,68	1,931	6 992	602
Sone	53 534	1,926	4 391	731
Nabo	18 348	1,443	2 103	237
Landbrukskriterium	0	2,142	1 000	8
Innvandrere 6-15 år ekskl Skandinavia	93	1,326	1 007	914

Flyktninger uten integreringstilskudd	53	0,224	-2 786	-12
Dødlighet	56	1,044	964	989
Barn 0-15 med enslige forsørgere	176	0,916	-653	-42
Lavinntekt	249	0,752	-1 200	19
Uføre 18-49 år	170	1,063	175	-28
Opphopningsindeks	0,08	0,504	-2 011	283
Aleneboende 30 - 66 år	616	0,929	-592	-37
PU over 16 år	37	1,404	9 423	129
Ikke-gifte 67 år og over	633	1,234	5 116	513
Barn 1 år uten kontantstøtte	19	0,344	-4 923	-4 188
Innbyggere med høyere utdanning	1 219	0,604	-3 264	-219
Kostnadsindeks		1,053	24 536	3 826

*Indeks 1 = landsgjennomsnittet. Ved høyere indeks får ein ekstra tilskot, medan lågare enn 1 blir det trekk i tilskotet

Korreksjonsordning for elevar i statleg og private skular

I utgiftutjamninga er det korrigert for elevar i statlege og private skular. Dette er elevar som kommunen ikkje har utgifter for, og må difor trekkast ut frå ramma. Beløp per elev er i 2024 satt til 121.700 kroner. Det er heimkommunen til elevar per 01.10.2022 som dannar grunnlaget for berekninga.

År	Sats	Tal på elevar	Årleg trekk (1000 kr)
2023	113 000 kr	68	7 684
2024-2027	121 700 kr	116	14 117

Summen av beløpet som blir trekt inn på landsbasis blir så fordelt ut igjen til alle kommunane ut frå kommunen sin andel av utgiftsbehovet. For Vestnes kommune blir nettoeffekten av å ha elevar i private og statlege skular 9,3 mill. kroner i 2024.

Kommunestyret vedtok i 2021 å gå inn for etablering av to nye privatskular. Utslaget for dette kjem først i 2024, gjennom større trekk i rammeoverføringa. Basert på at det er registrert 116 elevar i dei private skulane i Vestnes kommune per september 2022, medfører det eit trekk i rammetilskotet på 14,1 mill. kroner frå 2024. Det er lagt inn dei same føresetnadane som for 2024 i dei påfølgjande åra i planperioden.

Distriktstilskot

Distriktstilskot Sør-Norge skal ivareta kommunar i Sør-Norge med svak samfunnsmessig utvikling. Tildelinga tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som målar grad av distriktsutfordringar i ein kommune og består av ulike indikatorar som målar forskjell i geografi, demografi, arbeidsmarknad og levekår. Tilskotet blir høgare dess lågare indeksen er, som visar til større distriktsutfordringar.

For kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire blir tilskotet gjeve med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Tilskotet blir rekna ut frå talet på innbyggjarar per 1. januar 2023. Vestnes kommune har ein indeks på 41, noko som gir kommunen eit distriktstilskot på 6,3 mill. kroner i 2024.

Skjønnstilskot

Skjønnstilskotet blir brukt for å kompensere kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Dette tilskotet blir delt ut av Statsforvaltaren. For 2024 er det budsjettet med 1,1 mill. kroner i skjønntilskot. Dette er knytt til at kommunen har særleg høge utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar og barnevern.

Saker med særskilt fordeling og inntektsgarantiordning

I rammetilskotet ligg det også tilskot som blir fordelt etter særskilt fordeling. Dette er enkelsaker som ikkje er egna til å fordele ut frå innbyggjartal. For Vestnes kommune utgjør dette 5,4 mill. kroner og er knytt til følgjande:

- Grunnskuletilskot: 1,6 mill. kroner
- Barnevernsreforma: 1,1 mill. kroner
- Tilskot til helsestasjon og skulehelseteneste: 1,3 mill. kroner
- Redusert maksimal foreldrebetaling i barnehage med bakgrunn i sentralitetssone 5 og 6: 0,7 mill. kroner
- Kompensasjon for gradert basiskriterium: 0,7 mill. kroner

Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn 562 kroner per innbyggjar blir kompensert opp til denne grensa. Inntektsgarantiordninga er ei omfordelingsordning, der alle kommunane er med på å finansiere ordninga med eit likt beløp per innbyggjar. I 2024 er finansieringa på 73 kroner per innbyggjar, og utgjør for Vestnes kommune eit trekk i rammetilskotet på 0,5 mill. kroner.

Inntektsutjamning

Inntektsutjamning er kobla opp mot kommunen sine skatteinntekter, men omfordelinga skjer gjennom rammetilskotet da skatteinntektene ikkje kan flyttast mellom kommunane. Denne omfordelinga jamnar delvis ut skilnadar i skatteinntektene mellom kommunane. Kommunar med skatteinntekter under landssnittet, slik som Vestnes kommune, blir kompensert for 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landssnittet. I motsetning til resten av rammetilskotet er ikkje inntektsutjamninga eit fast og kjent beløp bestemt av Stortinget, men eit anslag som er til dels usikkert. For 2024 har kommunedirektøren lagt til grunn at vi får 13,4 mill. kroner i inntektsutjamning. Anslaget er basert på forslaget som ligg til grunn i statsbudsjettet.

Inntekts- og formueskatt

Skatteinntektene utgjør om lag 40 % av kommunens totale inntekter og litt over halvparten av dei frie inntektene. Skatteinntektene har difor stor betydning for inntektsnivået i kommunen. Det er store variasjonar i skattegrunnlaget mellom kommunane, noko som skaper store skilnader i inntektsnivå. Gjennom ein eigen inntektsutjamning utjamnast delvis desse forskjellane mellom kommunane, ved at skatteinntekter blir omfordelt frå kommunar med skatteinntekter per innbyggjar over landsgjennomsnittet til kommunar med skatteinntekter per innbyggjar under landsgjennomsnittet. Vestnes kommune har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet og vert rekna som minsteinntektskommune. Dei siste åra har kommunen hatt ein gjennomsnittleg skatteinngang på om lag 89-90 % av landsgjennomsnittet. Dette nivået er nytta i økonomiplanperioden.

Skatt vert fordelt etter talet på innbyggjarar i kommunen. Busetting er difor særst viktig, sidan det mellom anna bidrar til at kommunen får auka rammeoverføring og skatteinntekter. Befolkningsprognosa til SSB visar at aldersgruppa 20-67 år i perioden 2024-2027 har ein nedgang på til saman 3,7 %. Nedgangen er litt lågare enn det som blei nemnd i førige økonomiplanperiode, som skuldast ei vekst i folketalet grunna flyktningstraumen. Denne aldersgruppa er den viktigaste i vurderinga av utviklinga i talet på skatteytarar, og redusert vekst her vil påverke skatteinntektene i negativ retning.

Kommunen sine skatteinntekter er satt til 254,6 mill. kroner i 2024, som er basert på nivået som er lagt til grunn i statsbudsjettet. Dette er ei auke på 25,5 mill. kroner i høve opphøveleg budsjett for 2023. Anslaget i statsbudsjettet er tatt utgangspunkt i nivået på skatteinntektene i 2022.

Skatteinntektene til Vestnes kommune er avhengig av utviklinga av skatteinntektene på landsbasis, samt innbyggjartal i kommunen. Skatt- og inntektsutjamninga er budsjettert med utgangspunkt i det som vart antydta i framlegg til statsbudsjett 2024. Skatteinntektene for 2024 er basert på innbyggjartal 01.01.2024. Sidan dette enno er ukjent, er det lagt til grunn innbyggjartalet 01.07.2023 med tillegg til ein liten auke grunna busetting av flyktningar. Utover økonomiplanperioden er det forutsett at befolkningstalet held seg oppe på nivå med 2024, med bakgrunn i mottak av flyktningar. Dette er sjølvstusagt usikre tal.

Andre sentrale inntekter

Eigedomsskatt

I KST-63/22 blei det vedteken at alle eigedommar som nyttar kommunal takst skal retakserast, slik at nye takstar skal vere gjeldande frå 2024. Det er vanskeleg å vite utfallet av ei reaksjon. Dersom ein tek utgangspunkt i Skatteetaten sitt formuesgrunnlag og samanliknar med dei kommunale takstane (sjablongverdiane), vil ein sjå at tyngda av dei kommunale takstane frå 2012 burde aukast betydeleg for å vere på nivå med Skatteetaten sitt formuesgrunnlag. Tala knytt til retaksering er eit estimat basert på historiske erfaringstal. For å estimere inntektsauke på bustader med kommunal takst er det tatt utgangspunkt i utviklinga i formuesgrunnlag for bustadar. Når det gjeld næring er dette berekna ut frå kjente omsetningstal på næring. Ut frå desse føresetnadane er det etter kommunedirektøren si vurdering lagt inn eit moderat anslag på kva vi kan forvente av auka inntekter i 2024.

Dei andre eigedommane nyttar skatteetaten sitt formuesgrunnlag og blir justert opp sentralt. I budsjettet er det nytta historiske utviklingstal for å estimere inntektsauke for eigedom som nyttar formuesgrunnlag.

Makssatsen for eigedomsskatt på næring er 7 promille. I Vestnes kommune er skattesatsen satt til 6 promille. I budsjettet for 2024 er det lagt til grunn ei auke i eigedomsskattesatsen til næring på 1 promille. Dette utgjør om lag 1,9 mill. kroner i auka inntekter.

Havbruksfondet

Havbruksfondet ble oppretta i 2016 og er eit system som sikrar at kommunar som har anlegg innan oppdrettsnæringa får ein del av det offentlege sine inntekter knytt til dette. Ved innføring av grunnrentebeskatning for havbruk blei det lagt til grunn at 50 % av inntektene skulle gå til kommunesektoren. Vertskommunane får hovuddelen av inntektene i form av overføringar frå havbruksfondet (produksjonsavgift og auksjonsinntekter).

Havbruksfondet fordeler kommunesektoren sin andel av inntektene frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogeaure. Fordeling mellom kommunar skjer med utgangspunkt i kommunen sin del av total nasjonal biomasse, slik det går fram av Akvakulturregisteret 1. september kvart år.

Havbrukskommunar vil få om lag 1,2 mrd. kroner i produksjonsavgift. Dette er avgiftsinntektene frå produksjonen i 2023, og midlane vil bli utbetalt hausten 2024 etter fordelingsnøklar. Basert på nøklane for 2022 utgjør dette om lag 4,6 mill. kroner for Vestnes kommune. Vertskommunar vil òg få auka inntekter frå auksjonar av ny konsesjonar, som finn sted annakvart år. Neste ordinære auksjonsrunde bli hausten 2024.

Det lagt opp til å gi ei ekstraløyving til kommunesektoren i år der grunnrenta er høg. Regjeringa foreslår no at ekstraløyvinga blir nytta til delfinansiering av tiltak på barnehageområdet. Midlane til barnehagetiltaka er foreslått plassert på kommunane sitt rammetilskot.

Kommunedirektøren legg opp til ei oppjustering av inntekter frå havbruksfondet sett i høve økonomiplana for 2023-2026. Det er budsjettet med ei utbetaling frå Havbruksfondet i 2024 på 6 mill. kroner. Det må presiserast at dette er usikre tal.

Rente- og investeringskompensasjon

Kommunen mottok rentekompensasjon frå Husbanken knytt til tidlegare gjennomførte investeringar knytt til omsorgsbustader og sjukeheim, samt noko for kyrkjebygg og skule- og symjeanlegg. Det er Husbanken si eiga flytande rente som ligger til grunn for berekninga av rentekompensasjonen. I økonomiplanperioden er det estimert at kompensasjonen vil utgjere om lag 1,6 mill. kroner i 2024. Dei påfølgjande åra er det lagt inn ein liten reduksjon som følgje av forventa renteutvikling.

Integreringstilskot

Ein kommune som tek imot flyktningar, mottok statleg integreringstilskot som skal bidra til å få kommunen i stand til å busette og integrere flyktningane på ein god måte. Integreringsperioden er definert til fem år, og kommunen mottok integreringstilskot i denne perioden. Talet på flyktningar innafor denne periode avgjer størrelsen på tilskotet. Satsane blir bestemt i statsbudsjettet.

Med bakgrunn i krigen i Ukraina tok Vestnes kommune imot 145 flyktningar i 2022. Det er det største mottak av flyktningar kommunen har hatt, og er eit veldig høgt tal med tanke på storleiken på kommunen. Dette har hatt stor påverknad på kommuneøkonomi og tenesteproduksjonen. I 2023 har kommunen sagt seg villig til å ta i mot 100 flyktningar, og dette er lagt til grunn ved berekning av tilskot for perioden 2024-2027. Det er stor usikkerheit knytt til kor mange flyktningar kommunen vil ta i mot i 2024 og åra framover. I kommunedirektøren sitt forslag er det lagt til grunn ei busetting av 60 nye flyktningar i 2024, og ein gradvis reduksjon i dei påfølgjande åra (40-30-20). Det er knytt stor usikkerheit til desse tala, og er avhengig av både kor mange flyktningar som kjem til Norge og korleis staten vel å fordele flyktningane til kommunane. Gitt føresetnadane vil dette gje ei vesentleg auke i inntektene. For 2024 er det samla budsjettert med 70,6 mill. kroner, som er ei auke på om lag 12 mill. kroner i høve opphavleg budsjett i 2023.

Auka busetting betyr også auka utgifter. Store delar av auka i integreringstilskotet blir gjenspeila i auka budsjetttrammer til kommunalområdene oppvekst og kultur, samt helse- og omsorg. Dette blir nærare omtale under sektorane. Resterande del av integreringstilskotet går med til å finansiere andre tenester i kommunen og mogleggjer avsetning til disposisjonsfond.

Vertskommunetilskot

Det er teljing av vertskommunebrukarar kvart år og tilskottet skal reduserast årleg i takt med nedgangen i talet på brukarar. Fram til no har det vore ei ordning kor reduksjon av vertskommunetilskotet ikkje skal vere større enn ein reduksjon på kr 400,- per innbyggjar. Nedtrappingsordninga har vore svært gunstig for Vestnes kommune som har mange vertskommunebrukarar og lavt innbyggjartal. Vestnes kommune er av dei kommunar i landet med høgast tilskot per brukar.

I forslag til statsbudsjett ligg det inne at skjermingsordninga skal takast bort frå neste år. Det betyr at Helsedirektoratet vil basere utbetaling av tilskot på fråfall av bebuarar. Eit fråfall av bebuar (som blir berekna frå inngangen til året før tilskotsåret) vil føre til ein direkte andelsmessig reduksjon i tilskotet. I 2022 var gjennomsnittskostnaden per vertskommunebrukar på om lag 3,1 mill. kroner for Vestnes kommune. Dersom det fell frå 2 bebuarar i 2023 vil det gje kommunen om lag 6,2 mill. kroner i mindre tilskot i 2025.

I tillegg blir det i 2024 føreslått ein generell nedjustering av ramma knytt til verstkommunetilskot, som blir fordelt etter innbyggjartal. For Kvæfjord kommune og Vestens kommune er det i forslaget lagt inn ei direkte avgrensing på maks 3 mill. kroner i redusert tilskot i 2024, for å skjerme disse to kommunene for eit stort inntekstfall. For 2024 vil vertskommunetilskotet etter dei nye berekningane bli 106,9 mill. kroner. Dersom kommunen ikkje hadde fått ei avgrensing på maks 3 mill. kroner i reduksjon, ville tilskotet vore 0,7 mill. kroner lågare.

Det er særst vanskeleg å vite nivå på tilskot i åra framover, sidan dette avhenger av fråfall av bebuarar. I berekning av tilskot frå 2025-2027 er det lagt inn fråfall av 2 bebuarar per år. Mange av vertskommunebebuarane er gamle og har dårleg helse. Det kan difor bli høgare fråfall enn det som er lagt til grunn.

Endringa som er føreslått, kor nedtrappingsordninga forsvinn, vil gje betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune. Det vil vere ei særst stor utfordring å greie å omstille drifta frå eitt år til eit anna basert på fråfall av bebuarar, med eit innteksttap som vil vere vesentleg og varierende.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Opph. bud. i fjor 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Lønnsoppgjør	14 500	18 500	18 500	18 500	18 500
Premieavvik	-6 376	-9 000	-8 000	-6 000	-8 000
Sum sentrale utgifter	8 124	9 500	10 500	12 500	10 500

Utgifter det ikkje er naturleg å fordele til rammeområda blir plassert på eit sentralt fellesområde (som blir rapportert under sentraladministrasjonen). Dette gjeld mellom anna premieavvik, og midlar som skal bli fordelt ut frå ulike fordelingsnøklar slik som avsetning til årets lønsoppgjør.

Avsetning til lønsoppgjør

I budsjettet er det lagt inn 5,4 % lønnsauke med utgangspunkt i opphaveleg budsjett for 2023, slik at lønsoppgjør for 2023 ligg i ramma til sektorane. I statsbudsjettet for 2024 blei den kommunale deflatoren for lønsvekst anslått å vere 4,9 %. I budsjettet er det lagt inn same prosentsetning for lønnsauke, med verknadsdato frå 1. mai. Ut frå desse føresetnadane er lønspotten estimert til 18,5 mill. kroner. Lønspotten for 2024 er plassert sentralt og vil bli fordelt ut på einingane etter at resultatane frå forhandlingane er kjent.

Kommunedirektøren føreset at lønsgliding blir dekt innanfor rammeområda, slik at det ikkje blir satt av midlar for å kompensere for lønsgliding som skjer utanfor dei ordinære lønsoppgjøra.

Pensjon

Vestnes kommune har to pensjonsleverandørar: Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Det er lagt til grunn anslag frå pensjonskassane KLP og SPK for å fastsetje framtidige pensjonskostnader. Ei auke i reguleringspremien påverkar meir pensjonskostnadane til Vestnes kommune enn i ein samanliknbar kommune. Dette har samband med at Vestnes kommune overtok pensjonsansvaret frå Fylkeskommunen for personane som var tilsett på Hellandheimen grunna ansvarsreforma.

Pensjonspremie er det beløpet kommunen betaler inn til pensjonsleverandørane. Premien har likviditetseffekt og blir utgiftsført i driftsrekneskapen. Differansen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad blir omtalt som premieavvik, og dette blir inntektsført i rekneskapen. For å sikre at det over tid er samsvar mellom betalte premier og rekneskapsførte pensjonskostnader, må kommunen også utgiftsføre premieavviket. Dette blir kalla amortisering av premieavvik, og blir rekneskapsført over sju år. Verken føring av premieavvik eller amortisering av premieavvik har likviditetseffekt. Premieavviket for 2024 er av KLP berekna til 32 mill. kroner og kjem til syne i neste års rekneskap som ein redusert kostnad. Amortiseringa av premieavviket utgjer om lag 21 mill. kroner i 2024. Samla er det lagt inn eit budsjettert anslag på ein netto kostnadsreduksjon på 9 mill. kroner som blir ført sentralt. Berekningane visar at det akkumulerte premieavviket vil stige i økonomiplanperioden.

For tenesteområda er det budsjettert at pensjonskostnadane utgjør om lag 20,5 % av lønsutgiftene (arbeidsgivars andel). Det er teke utgangspunkt i prosentsatsane som er stipulert av KLP og SPK. Premieavvik blir budsjettert sentralt, og inngår difor ikkje i dei totale pensjonskostnadane som blir belasta einingane. Dette for å halde pensjonskostnadane meir stabil på einingane.

Faktisk resultat av pensjonskostnad vil alltid vere usikkert, sidan dette mellom anna blir påverka av storleiken på løn- og trygdeoppgjer. Dei siste par åra har vi opplevd uventa høg løns- og prisvekst. Dette har ført til særleg høg reguleringspremie, noko som gir eit høgt premieavvik og dermed ei auke i pensjonskostnadane. I 2024 aukar pensjonskostnadane samla med om lag 7 mill. kroner samanlikna med opphavsleg budsjett for 2023.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Opph. bud. i fjor 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Renteinntekter	-4 820	-4 000	-3 900	-3 800	-3 800
Utbytter	-5 700	-6 400	-6 600	-7 400	-7 500
Renteutgifter	27 754	33 500	31 800	30 900	30 700
Avdrag på lån	30 300	30 500	30 700	31 500	32 500
Kalkulatoriske avdrag/renter	0	5 133	5 137	5 313	5 501
Avskrivninger	43 400	43 200	44 000	45 300	46 100
Netto finansinntekter/finansutgifter	90 934	101 933	101 137	101 813	103 501
Finansutgifter i tenesteområda	0	0	0	0	0
Totale finansutgifter	90 934	101 933	101 137	101 813	103 501
Motpost avskrivninger	-43 400	-48 333	-49 137	-50 613	-51 601
Motpost avskrivninger	-43 400	0	0	0	0

Renter og avdrag utgjør ein vesentleg del av kommunen sine utgifter. Store investeringar dei siste åra har ført til auka lånegjeld, som igjen fører til auke i rente- og avdragsutgifter som må dekkast over driftsrekneskapen. For 2024 utgjør renter og avdrag om lag 8 % av kommunen sine sentrale inntekter. Lånerenta var på eit historisk lågt nivå under pandemiperioden, men har etter det gradvis steget. I september 2023 blei styringsrenta satt opp til 4,25 %, og det er venta at den vil bli satt opp ytterlegare. Renteoppgangen har vore større enn det som var venta for eitt år sidan, med bakgrunn i høg prisvekst. Eit stramt arbeidsmarknad og høg lønsvekst verkar også inn på prisveksten. Framover er det venta at inflasjonen vil bremse opp og normalisere seg. Renteutgiftene for 2024 aukar med om lag 5,7 mill. kroner høve opphavsleg budsjett for 2023. Og dette er med utgangspunkt i eit særleg nøkternt nivå knytt til nye investeringar.

Netto renteutgifter

Renteutgiftene i planperioden aukar som følgje av eit høgare rentenivå. Renteføresetnadane er oppjustert frå økonomiplana 2023-2026, kor det var lagt til grunn ei rente på 4,5 % i 2024. Flytande

rente tek utgangspunkt i forventa marknadsrente for 3 månaders NIBOR, tillagt eit marginpåslag på 0,6. For 2024 er det budsjettert med ei gjennomsnittleg flytande rente på 5,3 %. Renta går litt ned frå 2025 og deretter flatar ut. Renteutgifter som er belasta driftsbudsjettet er berekna ut frå dagens låneportefølje tillagt kommunedirektøren sitt forslag til investeringar i økonomiplanperioden.

Ei auke i rentene vil verke inn på kommunen sine renteutgifter. Vestnes kommune har i dag ei gjeldsportefølje kor om lag 48 % består av fastrente, noko som redusera effekten av ei renteauke. Dei to fastrentelåna har ei rente på 2,1 % og 2,7 %, noko som bidreg positivt no når den flytande renta er vesentleg høgare.

I renteinntektene inngår renter av bankinnskot, morarenteinntekter og renteinntekter frå Husbanklån til vidare utlån. På renteinntekter frå bankinnskot er det lagt inn ei moderat auke som reflekterer forventa renteoppgang. Kommunen har låg likviditet så renteauken på bankinnskot kan ikkje forventast å auke vesentleg.

Når det gjeld startlån så ser vi at renteutgifter og renteinntekter ikkje går i balanse. Dei siste åra, kor renta har auka, har det ført til at ein stadig større del blir belasta drifta i form av meirforbruk. Renteutgiftene kommunen har på startlåna er høgare enn det som blir betalt tilbake frå låntakar. Dette har mellom anna samanheng med at dei fleste som tek opp startlån vel fastrente på 5 år. Mange utlån har difor ei lågare fastlånsrente enn den renta kommunen har på innlånet (som er dagens flytande rente frå Husbanken). Eit anna moment er at kommunen dei siste åra har teke opp ein god del startlån, som enno ikkje er utlånt i sin heilheit. Kommunen sitt difor med ubrukte stratlånsmidlar. Dette påfører kommunen auka netto renteutgifter. I økonomiplanperioden er det lagt inn eit netto meirforbruk knytt til startlån. For 2024 utgjer dette om lag 2 mill. kroner. Meirforbruket blir lågare utover planperioden som følgje av lågare rente. Frå 2024 vil det ikkje bli teke opp startlån før dei ubrukte lånemidlane er lånt ut i sin heilheit.

Avdrag

Avdraga er budsjettert tilsvarande det som er utrekna som minsteavdrag. Utrekninga er basert på kommunedirektøren sitt forslag til investeringar og låneopptak. Mottekne avdrag og betalte avdrag knytt til Husbanken (startlån) blir ført i investeringsrekneskapan og inngår ikkje her.

Avdraga har dei siste åra blitt lågare enn budsjett. Dette har samanheng med ubrukte lånemidlar og at nokre av investeringsprosjekta har blitt forsinka eller utsett. Budsjetterte avdrag for 2024 er på 30,5 mill. kroner.

Utbytte

Ut frå signala som er gitt frå Vestnes Energi er det ikkje venta større endringar i høve det som er lagt til grunn i dagens økonomiplan. Nivået på utbytte frå dagens økonomiplan er difor vidareført. Det er i tillegg lagt inn forventa utbytte frå Gjensidige forsikring på 0,4 mill. kroner, som er nivået som har vore utbetalt dei siste to åra.

Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Opph. bud. i fjor 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Avsetning til bundne driftsfond	960	783	1 004	517	81
Dekning av tidligere års merforbruk	6 663	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-756	-900	-154	-154	-195
Avsetting til disposisjonsfond	0	5 150	4 091	4 864	1 654
Netto avsettingar	6 867	5 033	4 941	5 227	1 540
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	0	0	0	0	0
Totale avsettingar	6 867	5 033	4 941	5 227	1 540

Vestnes kommune har som langsiktig målsetting å etablere eit økonomisk berekraftig driftsnivå, slik at kommunen kan bygge og behalde sin økonomiske handleevne over tid. Med bakgrunn i eit særst godt driftsresultat i 2022, greidde kommunen å nedbetale alt av tidlegare års meirforbruk og attpåtil sette av 3,9 mill. kroner på disposisjonsfond. Prognosane for 2023 visar eit vesentleg meirforbruk, og legg ein til grunn siste årsprognose vil kommunen få eit meirforbruk på om lag 18 mill. kroner etter at disposisjonsfondet er tømt. Vi har da to år på å dekke inn meirforbruket for å ikkje hamne på ROBEK igjen. Sidan kommunen mest truleg vil få eit vesentleg meirforbruk i 2023, er det særst viktig at det settast av midlar til disposisjonsfond i budsjett og økonomiplan for å kunne dekke inn tidlegare års meirforbruk. Med knappe rammer har kommunedirektøren ikkje funnet rom for å kunne sette av meir enn 5,2 mill. kroner på disposisjonsfond. Dette er lite gitt dagens status og det økonomiske utgangspunktet i 2024. Slik status er no vil alle avsette midlar gå med på å dekke tidlegare års meirforbruk, og kommunen får difor ikkje bygd opp sparekontoen som en sårt treng i tida framover.

Når det gjeld avsetning og bruk av bundne driftsfond er dette knytt til sjølvkostfonda.

Disponering av driftsramma

Disponering av midlar til tenesteområda

Kommunestyret skal etter økonomireglementet vedta netto driftsramme på sektornivå. Kommunedirektøren har fullmakt til å fordele budsjettet vidare til dei ulike einingane innanfor sektorane. Det blir arbeida parallelt med rammene til einingane fram mot den endelege fordelinga etter at kommunestyret har vedteke budsjettet.

Budsjettramma for 2024 er bygd opp frå opphavelig budsjett for 2023, korrigert med årets lønsvekst og forventta prisauke til neste år slik at det er ei reell vidareføring av budsjettrammene. Vidare er ramma justert med vedtekne endringar og kommunedirektøren sine forslag til tiltak og tilpassingar. Under tekniske justeringar er ramma korrigert for tiltak som ikkje er blitt gjennomført i 2023, samt for tiltak som kommunedirektøren ønskjer å synleggjere på nytt.

Løns- og prisvekst (kommunal deflator) for 2024 er anslått til 4,3 %, og er satsen som er lagt til grunn som prisauke i budsjettet for 2024. Når det gjeld lønsvekst er det lagt inn 5,4 % auke, slik at lønnsoppgjeret for 2023 blir tatt omsyn til i ramma. Lønnsauke for 2024 er budsjettert sentralt (på eit fellesansvar under sentraladministrasjonen). Her er det lagt til grunn signala som er kome sentralt, med ein lønsvekst på 4,9 %. Lønnsoppgjere for 2024 vil bli fordelt ut på einingane etter at lønnsoppgjeret er gjennomført.

Dei siste par åra har vi opplevd uventa høg løns- og prisvekst. Dette har gitt ei vesentleg auke i pensjonskostnadane. Det er budsjettert at pensjonskostnadane vil utgjere om lag 20,5 % av lønsutgiftene (arbeidsgivars andel). Premieavviket blir budsjettert sentralt, og inngår ikkje i dei totale pensjonskostnadane som blir belasta einingane. Sett i høve opphavelig budsjett for 2023 aukar pensjonsutgiftene ute i tenesteområdene med om lag 9,5 mill. kroner.

Også i 2024 vil tenesteområda vere prega av flyktningstraumen frå Ukraina. Tala på mottak av flyktingar neste år er usikre, men basert på det som er lagt inn av føresetnader vil ramma knytt til å handtere flyktningstraumen vere på 17 mill. kroner i oppvekstsektoren, og 9 mill. kroner i helse- og omsorgssektoren. Kommunen mottok meir tilskot enn det tenesteområda har av direkte utgifter knytt til flyktingar, noko som betyr at integreringstilskotet også bidreg til å finansiere andre tenester i kommunen. Tiltaka er nærare beskrive under kvar sektor.

I kvart kommunalområde ligg det inne eit tiltak som går på omstilling og effektivisering. Dette gjeld i hovudsak kutt i årsverk. Vestnes kommune har eit alt for høgt driftsnivå, og for å få ein berekraftig økonomi må vi ta ned lønsutgiftene. Dette gjeld både fastløn og variabel løn (som overtid, vikarbyrå m.m.). Kommunedirektøren voner det ikkje blir oppseiingar. I ei stor bedrift som Vestnes kommune har vi som regel mange vakante stillingar, anten for nokon har sagt opp, vi klarer ikkje å rekruttere eller at nokon har gått av med pensjon. Kommunedirektør og kommunalsjefane skal difor godkjenne eventuelle eksterne utlysingar slik at ein alltid først vurderer interne overflyttingar slik at vi kan ta ned årsverk. Det vert også i samarbeid med tillitsvalte laga retningslinjer på korleis vi skal handtere reduksjon i årsverk. Fordelinga mellom kommunalområda er meint å vere rettleiande, kor det må vere rom for å kunne omfordele etter kvart som vi ser moglegheitene. Det er viktig at det snarast mogleg blir starta arbeidet med å identifisere kor ein kan ta ned lønsutgifter, sidan gapet mellom inntekter og utgifter aukar drastisk utover planperioden. Ei ev. omfordeling mellom kommunalområda må politisk vedtakast knytt til sak om budsjettrevidering.

I ramma til den enkelte sektor ligg det ikkje inne avsetning og bruk av fond, avskrivningar og kalkulatoriske renter og avdrag. Dette blir synleggjort under bevilgningsoversikt drift (1A) og blir presentert sentralt og ikkje på kommunalområda.

Tabellen under viser kommunedirektøren sitt forslag til budsjetttramme per sektor. Det er egne kapitler for kvar kommunalområde, kor prioriteringar og endringar i budsjetttramma blir nærare omtala.

Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Beløp i 1000

	Opph. bud. i fjor 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Sentraladministrasjon	45 879	51 193	53 193	52 343	52 243
Oppvekst og kultur	178 530	191 383	180 583	173 883	167 283
Helse og omsorg	333 053	375 710	368 210	364 310	356 510
Samfunn og samskaping	42 170	40 103	40 003	39 433	39 333
Inntekter og finans	0	0	0	0	0
Driftsutgifter per tenesteområde	599 631	658 388	641 988	629 968	615 368



Foto: Ziggi

Investeringsbudsjett

I perioden fram til 2016 var det liten auke i lånegjelda til Vestnes kommune, og nye lån var sjeldan høgare enn betalte avdrag. Frå 2016 har lånegjelda auka mykje, som følgje av fleire større investeringar. Det kan nemnast Tomrefjord idrettsbygg, Buktavegen, Sjøfronten og ikkje minst Helsehuset Stella Maris. Det høge investeringsnivået dei siste åra har bidratt til høge låneopptak, og auka gjeld fører til at renter og avdrag legg eit stadig større beslag på driftsbudsjettet.

På grunn av den økonomiske situasjonen til kommunen er investeringsnivået i planperioden satt til eit minimum. Målet er at låneopptak skal vere mindre enn betalte avdrag. Dette er det lagt opp til kvart år i økonomiplanperioden. Det betyr at gjeldsgraden vil gå ned. I budsjettet for 2024 foreslår kommunedirektøren ei brutto investeringsramme på 25,35 mill. kroner, kor 5 mill. kroner er knytt til sjølvkostområde. I økonomiplanperioden er det foreslått ei samla brutto investeringsramme på 110,5 mill. kroner, kor 24 mill. kroner er knytt til sjølvkostområde. Vidareutlån kjem i tillegg. Av erfaring kjem nye investeringsbehov kvart år, så prosjekt og investeringsramme utover i planperioden vil kunne endre seg.

Ikkje alle investeringar som er spelt inn er prioritert i 2024. Det er gjort ei krevjande prioritering på kva prosjekt som bør gjennomførast sett opp mot eit økonomisk forsvarleg investeringsnivå. I 2023 var den største enkeltinvesteringa Helseplattformen (14,5 mill. kroner). Den største enkeltinvesteringa i 2024 er utskifting av vassrøyr på Myraområdet, som er estimert til ei kostnadsramme på 5 mill. kroner. Det har i fleire år vore varsla om at det er store behov for investeringar på Myraområdet, og dette er ei av dei investeringane som er naudsynt å få gjennomført neste år.

Ei investeringssak som har ligge på vent lenge er bygging nytt sentralkjøkken. Kommunestyret har bedt kommunedirektøren kome med ei sak der ein ser alternativ forslag opp mot å bygge nytt sentralkjøkken ved dagens lokasjon. Ein har på bakgrunn av det førebudd ei sak der ein ser på tre moglege løysingar:

Bygge nytt sentralkjøkken ved dagens lokasjon, flytte sentralkjøkkenet til rådhuset og kjøpe tenester frå andre. Ålesund kommunestyre hadde i mai oppe sak om vidare prosess for å vurdere alternative løysingar for å sikre kommunens måltidsproduksjon. Dei vil mellom anna sjå på om ei løysing kan vere interkommunalt sentralkjøkken. Dei vil i den samanheng etterkvart ta kontakt med omliggande kommunar til Ålesund for informasjons- og erfaringsinnhenting, og vil venteleg gå ut med invitasjon også til Vestnes kommune om eit dialogmøte før nyttår. På bakgrunn av dette er saka om sentralkjøkken i Vestnes kommune utsett til over nyttår.

Kommunen står også framføre store utbyggingar innan skulesektoren med Vestens ungdomsskule, rehabilitering av Helland barneskule og Tomrefjord skule, samt nye lokalar til kulturskulen. Slik den økonomiske situasjonen er no, er desse investeringane ikkje lagt inn i investeringsprogrammet dei neste 4 åra. Når den økonomiske situasjonen er under kontroll, må ein i seinare økonomiplanperiode finne rom for å kunne prioritere skuleutbygging og rehabilitering.

Sidan investeringane må haldast på eit minimum for at kommunen skal kome i økonomisk balanse, må enkelte investeringstiltak utsetjast til seinare økonomiplanperiode. Det er vurdert at nokre tiltak innan barnehagesektoren må då vike framfor tiltak innan skulesektoren. Skulane har ikkje vore prioritert dei siste åra grunna påvente av ny ungdomsskule. Sidan dette blir utsett på ubestemt tid, ser ein det naudsynt å foreta enkelte investeringar på bygg, inventar og utstyr i skulane.

Investeringsiltaka i tabellen under er spelt inn, men ikkje lagt inn i økonomiplanperioden. Kommunedirektøren rår til at investeringsbehov i barnehagane, som går på bygg og uteområde, blir sett på i ei samla vurdering rundt barnehagestruktur som blir lagt fram til politisk handsaming i løpet av 2024.

Prosjekt	Beskriving	Kostnadsramme
Uteområde Helland barnehage	Utbetring av uteområde, med mellom anna oppgradering av mellom anna leikeapparat, klatrestativ og solskjerming over sandkasser.	0,6 mill. kroner
Uteområde Tomrefjord barnehage	Oppgradering av uteområdet. Dette gjeld oppgradering av leikeapparat, samt å få plass ein asfaltert sykkelsti til barna innafor gjerdet.	1,1 mill. kroner

Nokre av investeringsprosjekta som det er gitt løyving til i 2023 blir ikkje ferdigstilt eller påbegynt. Når rekneskapen for 2023 vert avslutta vil det i kommunestyremøte på nyåret bli lagt fram sak om kva unyttta løyvingar som bør bevilgast på nytt i 2024.

Nedanfor følgjer ein omtale av satsingane i økonomiplanperioden.

Investeringstabell for kommunen samla

Vestnes kommune

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter Vestnes kommune	Økonomiplan				Sum
	2024	2025	2026	2027	2024-27
Asfaltering	3 000	5 000	5 000	7 000	20 000
Avlevering interkommunalt arkiv	0	1 600	0	0	1 600
Avløp, renovering og utbygging	5 000	5 000	7 000	7 000	24 000
Barnehageskogen – Helland barnehage	0	300	0	0	300
El-minigraver	0	0	800	0	800
Ergonomiske tilrettelegging Helland barnehage	0	0	250	0	250
Fjerne oljekjel og oljetank	0	0	750	0	750
Flomsikringstiltak- og utstyr	350	500	0	0	850
Gangveg Bakneset bustadfelt	0	3 700	0	0	3 700
Garderobeløysing - Helland barneskule	0	0	350	0	350
IKT samarbeid Romsdal	1 200	1 200	1 200	1 200	4 800
IKT, utbygging trålaust nettverk	300	0	0	0	300
Industrivaskemaskin	0	0	0	400	400
Interaktive skjermar i klasserom	600	400	400	0	1 400
Kjøp av aksjer og andelar	2 300	2 300	2 300	2 300	9 200
Kjøp av areal	300	500	500	500	1 800
Lastebil	900	0	0	0	900
Minnelund	0	0	1 500	0	1 500
Ny vegbru, Talberg	0	0	2 000	0	2 000
Nye elevstolar, Helland barneskule	0	0	400	0	400
PC - Klasesett	800	600	600	600	2 600
Rassikring Tomrefjord	700	0	0	0	700
Renovasjonsdunker	0	0	350	0	350
Reservekraft Myraområde	300	1 500	1 500	1 500	4 800
Riving av Myratun	0	1 200	0	0	1 200
Riving Strandbo	0	0	0	7 500	7 500
SD anlegg	0	625	625	625	1 875
Solskjerming Helland barneskule	1 000	0	0	0	1 000
Solskjerming og fasade Tomrefjord skule	2 500	0	0	0	2 500
Tak - Myra kulturhus	0	4 000	0	0	4 000
Trafikktryggingstiltak	750	750	500	500	2 500
Uteområde utleigebustader	0	0	600	0	600
Utsifting vassrør Myraområde	5 000	0	0	0	5 000
Åtgangskontroll rådhuset	350	250	0	0	600
Sum Vestnes kommune	25 350	29 425	26 625	29 125	110 525
Sum	25 350	29 425	26 625	29 125	110 525

Asfaltering

Data er innhenta og analyse som grunnlag for asfalteringsprogram er gjennomført. Det er framleis eit stort behov for asfaltering, både på bygdevegar og «byggefeltsvegar». Kostnader til forarbeid før asfaltering vert også dekt her, slik som oppgradering av stikkrenner, fornying av berelag, sluk og liknande. Prosjektet inkluderer også trafikktryggingstiltak som fartshumpar og skilting.

Brutto investeringsramme er føreslått til 3 mill. kroner i 2024, 5 mill. kroner i 2025 og 2026, og 7 mill. kroner i 2026. Budsjettet er nøktern med bakgrunn i behovet for å halde dei kommunale vegane med asfaltdekke, som auka enda meir etter at Vågstranda og Hjelvika blei ein del av Vestnes kommune.

Avlevering interkommunalt arkiv

Tiltaket gjeld rydding og katalogisering av arkiv som står i ytre einingar og inne på kommunehuset. Dette vil utgjere rundt 221 hyllemeter med arkiv, kor ein da har prioritert det som er viktigast. Arkivlokala i ytre einingar er for det meste ikkje godkjente arkivlokale og oppfyller heller ikkje GDPR-krav. Dersom vi får tilsyn frå Arkivverket vil vi bli pålagt å ordne opp. Opprydding vil også gi effektiviseringsgevinstar, mellom anna ved å finne fram saker ved spørsmål om innsyn, noko vi brukar mykje tid på i dag. Basert på eit motteke tilbod er kostnadsramma berekna til om lag 1,6 mill. kroner.

Avløp, reovering og utbygging

Tiltaket er ein samlepott for alle prosjekt som blir føreslått gjennomført innafor området avløp. Det kommunale avløpssystemet består av ledningsnett med kummar (om lag 90 km.), pumpestasjonar (16 stk.), større slamavskiljarar (13 stk.) og 2 renseanlegg/silanlegg. Investeringsbeløpet skal også dekke innkjøp av nødvendig utstyr for drift av fagområdet. Mange av prosjekta vert samarbeidsprosjekt med t.d. vassverk og andre leiingsetatar.

Utover i planperioden vil investeringane knytt til avløp auke. Dette med bakgrunn i behov for oppgradering av fleire pumpestasjonar og nye reinseanlegg. Sidan dette er eit sjølvkostområde vil gebyr dekke renter og avdrag for låneoptaka.

For 2024 vil dei 5 mill. kroner vere fordelt på følgjande prosjekt:

- Pumpestasjon Sjøgata, 1,3 mill. kroner

Pumpesump og maskinrom er etablert i høve Sjøfronten del 1. Innkjøp og montering av pumper, inventar og styring/overvaking står att. Likeins avvikling av den gamle pumpestasjonen i Sjøbua.

- Slamavskiljar Vågstranda, 2,2 mill. kroner

Det kommunale utsleppet frå bustadfeltet på Vågstranda har i dag ikkje slamavskiljar. I kostnaden ligg både sjølve etableringa av slamavskiljaren, etablering av bilveg fram til anlegget og innkjøp av grunn mm.

- Ny leiing Fiksdal, 1,5 mill. kroner

Sentralt plassert slamavskiljar er etablert i høve utbygging av bustadfelt i Fiksdal. Ny avskjerande leiing vil "fange opp" fleire kommunale utslepp, og samle desse til den sentrale slamavskiljaren. Dette vil føre til at mange private slamanlegg kan koplust ut.

Barnehageskogen – Helland barnehage

Barnehageskogen er ei tilrettelagt arena for allsidig leik. Skulen og barnehagen brukar same uteområde, og det er rift om desse plassane. Reiskapsbu og toalettrom i "barnehageskogen" brann ned i 2020. Det låg ikkje føre forsikringssum som kan nyttast i ei oppbygging. Ved at vi ikkje lenger har reiskapsbu for

oppbevaring av ved, bålpanne, utstyr og reiskap m.m. vert bruken redusert. Det er estimert av oppbygginga av «barnehageskogen» vil ha ei kostnadsramme på om lag 0,3 mill. kroner.

El-minigraver

Dagens maskin (dieseldrift) er ein 2006/2007 modell, som er klar for utskifting. Maskina er dimensjonert for kyrkjegardsgraving, men blir og brukt til andre småoppdrag innfor veg, park og avløp. Det blir føreslått å kjøpe inn ei elektrisk driven maskin, som og bidrar positivt i forhold til klimasatsing. Estimert pris er på 0,8 mill. kroner, og er lagt inn som tiltak i 2026.

Ergonomiske tilrettelegging Helland barnehage

Tiltaket gjeld innkjøp av møbler til Helland barnehage som skal bidra til ergonomisk tilrettelegging. Dette gjeld i hovudsak hev-senk stellebord. Ergonomisk tilrettelagte møbler kan bidra til mindre belastningsskadar og er eit viktig HMT-tiltak. Det er estimert at innkjøpet vil koste om lag 0,25 mill. kroner.

Fjerne oljekjel og oljetank

Det er ikkje lengre lov å fyre med fossilt brensel. Ved skulebygget i Tresfjord er det ein oljetank som er nedgravd. Etter forureiningslova må kommunen som eigar hindre forureining frå tanken. Tanken må tømmast og reingjerast. Etter dette er gjort er det ønskjeleg å fjerne tanken, og stelle til området (planere og asfaltere). Tanken ligg i på nordsida av skulebygget, og tiltaket vil føre til betre utnytting av arealet. Vi bør også fjerne oljekjelen som står i skulebygget. Kostnadsanslaget er usikkert. Det er føreslått ei ramme på 0,75 mill. kroner, og tiltaket er satt inn i 2026.

Flomsikringstiltak- og utstyr

Dette tiltaket er todelt. Eine delen går på utsyr og den andre på tiltak knytt til flomsikring.

- Utstyr: Dette gjeld innkjøp av utstyr knytt til flaumsikring og beredskap, som skal brukast når vatn må ledast for å sikre bygg eller eigedomar. Dette kan vere når stikkrenner er tette eller andre orsakar til at vatn ikkje går der det er tenkt. Utstyret vil kunne erstatte behov for å fylle sandsekker. Innkjøpet kan også knyttast til den overordna ROS-analysen for verksemda. Med varsla klimaendringar, med antatt store nedbørmengder på kort tid, er dette eit beredskapstiltak kommunedirektøren føreslår å få gjennomført i 2024.
- Tiltak: Denne delen går ut på å reparere/reetablere eleveneførebygging i Sjøelva (Tresfjord). Dette avheng av at NVE sett inn tiltaket i sitt budsjett. NVE kan dekke 80 %, dersom kommunen yt 20 %. Elles gjeld det fleire tiltak knytt til eksisterande bustadfelt. Tiltaket skal bidra til å sikre verdiar og hindre skade på eigedom og infrastruktur. På dei mindre prosjekta kan ein ikkje vente tilskot frå NVE. I investeringsbudsjettet er det lagt til grunn kommunen sin andel av prosjektet, og ein føresetnad om at NVE handtera sin andel sjølv og ikkje gjennom kommunen. Estimert kostnadsramme er satt til 0,5 mill. kroner og er føreslått gjennomført i 2025.

Gangveg Bakneset bustadfelt

Dette er eit tiltak knytt til trafikktryggingsplana, og kan sjås på som to delprosjekt.

- Del 1: Langs Gjermundnesvegen. Estimert kostnadsramme på 1 mill. kroner
- Del 2: langs Baknesvegen. Estimert kostnadsramme på 2,2 mill. kroner

Erfaringane frå tidlegare prosjekt er at ein kan få tilskot frå fylkeskommunen til mellom anna belysning (delar). Belysning på heile strekninga vil ha ein kostnad på om lag 0,5 mill. kroner. Totalt vil investeringsramma for prosjektet vere på 3,7 mill. kroner.

Garderobeløysing - Helland barneskule

Ei fellesanskaffing av nye garderober i 1. etasje på barneskulebygget. Dette vil vere ein oppgradering av eksisterande garderober som er over 30 år gamle, slitte, upraktiske og uhygieniske. Garderobane som nyttast i dag er uhygieniske og upraktiske med tanke på at det er felles våt- og tørrgarderobe. Estimert kostnadsramme på 0,35 mill. kroner. Tiltaket er usett til 2026 i påvente kring saka om ny ungdomsskule

IKT samarbeid Romsdal

Kommunestyret vedtok i sak KST-43/13 og gå inni eit forpliktande langsiktig og strategisk IKT samarbeid i Romsdal frå 01.01.2014. I tillegg til årlege driftskostnader er dei også ansvarleg for nyinvesteringar på dataanlegg til samarbeidskommunane. Vestnes kommune sin andel av investeringane i 2024 er 1,2 mill. kroner.

IKT, utbygging trålaust nettverk

Tiltaket gjeld utbygging og oppgradering av det trådlause nettverk i kommunale bygg. Det blir utført ein dekningsanalyse i løpet av 2023 som vil bli lagt til grunn for kva som skal prioriterast. Mellom anna vil det bli viktig å få på plass trådlause nett i bygg kor ein skal nytte verktøyet rover etter innføringa av Helseplattformen, samt i bygg kor det blir haldt mykje møter, samlingar og arrangement. Det blir foreslått ei investeringsramme på 0,3 mill. kroner i 2024.

Industrivaskemaskin

Som eit HMS-tiltak blir det foreslått å bytte ut den gamle vaskemaskinen på brannstasjonen og etablere eit system for tørking av kleda. Dette for å betre vaske klede som er forureina av sot og/eller brannrøyk i høve aksjonar eller øvingar. Per i dag føregår tørking på tørkesnor i vognhallen, kor det tek eit par dagar før kleda er klar for beredskap etter vask. Innkjøp av ei industrivaskemaskin er estimert til om lag 0,4 mill. kroner.

Interaktive skjermar i klasserom

Det er behov for å oppgradere til digitale tavler/interaktive skjermar i alle klasserom i skulane. Dette vil gi betre moglegheiter for undervisning med presentasjonar, både for elevar og lærarane, og er nødvendig for å utnytte den digitale satsinga i skulen fullt ut. Dei første innkjøpa blei føretatt i 2023 (ungdomsskulen). Vidare er det planlagt å innføre dette på mellomsteget og deretter på barnesteget. Investeringsramma er på 0,6 mill. kroner i 2024, og deretter 0,4 mill. kroner i 2025 og 2026.

Kjøp av aksjer og andelar

Basert på estimert premiereserve vil eigenkapitalinnskotet til KLP bli 2,3 mill. kroner i 2024. Kapitalinnskotet kan ikkje finansierast med lån, og er difor føresettt dekkja av sal av tomter eller eigedom. Greier ein ikkje å dekkje dette ved bruk av investeringsinntekter må innskotet bli dekt ved bruk av disposisjonsfond, ubunde investeringsfond eller over drifta.

Kjøp av areal

I løpet av eitt år har kommunen behov for erverv av ulike type areal i tilknytning til eksisterande formålsbygg, utviding av kommunale veier/parkeringsplassar, sikring av areal i tilknytning til friluftsmål, utbygging av kommunal infrastruktur m.m. Det blir foreslått ein fellespott for denne type prosjekter på 0,3 mill. kroner i 2024 og 0,5 mill. kroner per år i 2025-2027.

Lastebil

Det er behov for innkjøp/bytte ein liten lastebil med tipp og kran. Dagens bil er om lag 20 år og har store rustskader i rammekonstruksjon. (den er ikkje EU-godkjend for bruk). Det er vurdert at kostnadane med reparasjon er for stor på ein så gammel bil. Dette er eit viktig reiskap for uteavdelinga, som brukar lastebil til mange ulike oppgåver. Bil med kran er også eit viktig HMT-tiltak. Rundt 2/3 av investeringa vil

bli belasta sjølvkostområdet veg og avløp, slik at del av renter og avdrag bli dekt gjennom gebyrinntektene. Kostnadsramma er sett til 0,9 mill. kroner.

Minnelund

Vestnes kyrkjeleg fellesråd har kome med søknad om ønska investeringsmidlar for å kunne etablere ei namna minnelund for urnegraver på Vestnes kyrkjegard. Det er stadig feire som ønskjer kremasjon i høve dødsfall, men samtidig ikkje ønsker ei ordinær grav med gravstein. Kostnadsramma det blir søkt om er på 1,5 mill. kroner og er teke utgangspunkt i ei tilsvarande minnelund som ligg på Vatne kyrkjegard.

Ny vegbru, Talberg

Vegbrua på Talberg er ei gamal bru, som er oppbygd av stålbjelkar og tredekke som har noko usikker kvalitet. I 2021 blei det utført spesialkontroll og klassifisering. Konklusjonen blei at den fortsett toler Bk10/60 t, men at det bør gjerast noko med korrosjonen på stålkonstruksjonen.

Aktuelle tiltak på kort sikt er å sprøyte synlege stålkonstruksjonar med rusthemmande olje. Men fortsett korrodering vil medføre redusert bereevne, så det bør leggest til rette for utskifting innafor økonomiplanperioden. Teknisk kan det vere aktuelt å erstatte brua med rør/kulvert (diameter 2,8 meter), i staden for å bygge opp ei ny tradisjonell bru.

Tiltaket er lagt inn i 2026 og har ei estimert kostnadsramme på 2 mill. kroner.

Nye elevstolar, Helland barneskule

Elevstolane på mellomtrinnet ved Helland barneskule byrjar å bli klar for utskifting. Elevane vil då få stolar som kan tilpassast kvar enkelt elev. Det er berekna 130 elevstolar til mellomsteget, noko som utgjer om lag 0,4 mill. kroner. Tiltaket er satt inn i 2026, sidan stolane enno kan nyttas nokre år.

PC - Klasesett

Datasikkerheit er noko som blir høgt prioritert i ROR-IKT. Eldre PC-ar utgjer ein sikkerheitstrussel. Når PC-ane er seks år, så er dei for gamle i høve krava som er satt i kommunen. Det medfører at vi har 327 for lite PC-ar til elevane innan tre år sett opp i mot desse krava. I tillegg er det same krav til PC-ar til tilsette. I investeringsbudsjettet er det lagt inn ei fellesanskaffing av to klasesett kvart år, som utgjer ei kostnadsramme på 0,8 mill. kroner i 2024, og deretter 0,6 mill. kroner i åra etter.

Rassikring Tomrefjord

I 2003 vart det gjennomført ei kartlegging av rasfaren i Tomrefjord. I rapporten blei forslag til sikringstiltak beskrive. På bakgrunn av rapporten vart det byggjestopp i det kartlagde området i Tomrefjord. Forslag til sikringstiltak er ikkje gjennomført. I dei 20 åra som er gått har vi fått auka nedbør grunna klimaendringar. Rasfaren kan difor ha auka.

Vestnes kommune har vore i dialog med NVE som foreslår at området blir kartlagd på nytt. Vestnes kommune kan søke om midlar, men det vil ta tid før tiltak kan gjennomførast. NVE foreslår at kommunen sjølv (i samarbeid med andre partar) startar opp kartlegging. Utan kartlegging av området og gjennomføring av tiltak kan ikkje området utviklast. Tiltaket er eit beredskapstiltak for å sikre innbyggjarane, samt eit tiltak for å oppretthalde busetting og styrke ei viktig næring i Vestnes. Kommunedirektøren foreslår at det vert gjennomført ei kartlegging i 2024, med ei kostnadsramme på 0,7 mill. kroner. Deler av denne vil bli finansiert av NVE. Fylkeskommunen som vegeigar vil kanskje også ta noko av kostnaden. Ut frå ny rapport vil det bli føreslått tiltak, som da må innarbeidast i neste økonomiplanperiode.

Renovasjonsdunker

Dette tiltaket gjeld å investere i 4 «aktive» renovasjonsdunkar i Vestnes sentrum. Dunkane er mellom anna utstyrt med sensor for å varsle behov for tømning, og komprimering av avfallet for å utnytte volumet. Funksjonane er drivne av solcellepanel integrert i lokket av dunken. Desse vil mellom anna hindre at fugl dreg utover søppel og redusere faren for at arbeidsfolket vil skade seg.

Planlagt plassering er 1 stk. på rasteplass/bobilplass ved Straumen, 1 stk. ved leikeområdet på Kataholmen og 2 stk. fordelt på Sjøfronten del 1. Innkjøpsprisen ligg på om lag 80 000 kroner per stykk. Det er lagt inn ei kostnadsramme på 0,35 mill. kroner i 2026.

Reservekraft Myraområde

På Myraområde er det eit gammalt nødaggregat som må skiftast ut. Det visast til overordna ROS-analyse i 2022, behandla i kommunestyret 23.03.2023 (KST-16/23). Kommunedirektøren føreslår å leige inn kompetanse i 2024 for å vurdere fleire mindre reservekraftanlegg knytt til bygg der det bur sårbare grupper, eventuelt eit felles anlegg for området. I dette arbeidet må det utarbeidast eit grunnlag for ei seinare anskaffing og gjennomføring. I økonomiplanperioden er det difor lagt opp til kartlegging i 2024, og deretter ei gradvis utskifting i åra etter. Det blir føreslått ei total kostnadsramme på 4,8 mill. kroner i økonomiplanperioden.

Riving av Myratun

Bygget står inne på området til Mariebo og Oppigarden, og det har vore brukt til dagaktivitetar for demente som bur heime. No er tenestetilbodet flytta til Aktivitetssenteret. Bygget må fjernast da det vil bli kostbart å skulle vedlikehalde det. Slik det står i dag kan det utgjere ein risiko for bebuarane på Mariebo og Oppigarden. Etter riving må uteområdet stellast i stand, mellom anna er det tenkt å leggje asfalt. Det vil også bli sett inn to gangportar i gjerdet. I dag er det to køyreportar som bruker lang tid på å opne og lukke seg, og det hender at pasientar stikk av. Tiltaket vil auke pasientsikkerheita. Kostnadsramma er estimert til 1,2 mill. kroner.

Riving Strandbo

Strandbo står i dag til nedfalls. Bygget er ført opp på ei tid då det var vanleg å nytte bygningsmateriale med asbest. I tillegg til asbest, inneheld bygget også andre miljøgifter. For å unngå innanding av asbesthaldig støv, er det strenge reglar i arbeidsmiljølova om kven som har lov til å handtere asbesthaldig materiale. Eining for eigeomsdrift har sett opp sperregjerde rund bygget slik at uvedkommande ikkje skal ha lett tilgang. Det er ikkje mogleg å få ein fullstendig oversikt over omfang av miljøgifter i bygget. Dette vil først vise seg når ein startar sjølv rivinga. Kostnadsramma på 7,5 mill. kroner er berre eit anslag. Av erfaring veit ein at det er kostnadskrevjande å både rive og kvitte seg med miljøfarleg avfall. Tiltaket er sett inn på slutten av økonomiplanperioden.

SD anlegg

PC som nyttast til å styre SD-anlegget er svært gammalt og utdatert. Ryk eksisterande PC kan situasjonen bli at vaktmeistrane må ut på kvart einskild bygg når dei til dømes skal stille temperatur, mot at dei i dag kan sitte på kontoret å styre alle bygg. For å sikre stabilitet og hindre uventa kostnadar, må arbeidet med å få lokale SD-anlegg over på serverparken til ROR-IKT kome i gang. Dette vil sikre både stabil drift, men og backup om serveren skulle falle ut. Sidan dette er eit arbeid som truleg vil føregå i ein periode på nokre år, er det foreslått å leggje inn ei kostnadsramme på 0,62 mill. kroner i 2025-2027. Bakgrunn for å ikkje leggje inn noko i 2024 skuldast at midlane i 2023 ikkje vil bli nytta og kan difor bli føreslått overført til neste år.

I utgangspunktet var tanken at nytt anlegg skulle bli implementert ved etablering av ny felles ungdomsskule, og i framtidig oppgradering av Tomrefjord skule. Men sidan den lokale serveren på

Tomrefjord skule allereie er øydelagt, må denne bli prioritert først. Prioriteringsrekkefølga er satt opp slik:

1. Tomrefjord skule
2. Helland skule
3. Vestnes kommunehus, Aktivitetssenteret og Senior Plaza
4. Tresfjord skule
5. Ressurssenteret
6. Tomrefjord Idrettsbygg

Solskjerming Helland barneskule

Den gamle solskjerminga let seg ikkje lengre reparere ved Helland barneskule. I 1. etasje er den fjerna grunna skader, medan den i 2. etasje er nede heile tida og vanskeleggjer både tilgang på utsyn og dagslysinnslepp. Tiltaket vil betre både lys- og generelle arbeidsforhold for lærarar og elevar. Tiltaket har vore meldt inn over fleire år, men blitt sett på vent grunna «skulesaka». Det er no på tide å ta tak i dette, og kommunedirektøren føreslår å legge inn ei kostnadsramme er på 1,0 mill. kroner i 2024.

Solskjerming og fasade Tomrefjord skule

Yttervegg, vindaug og solskjerming på kontor-/personaldel ved Tomrefjord skule er totalt utslitne og må oppgraderast. Det blei i 2022 bevilga midlar til solskjerming, men sidan solskjerming ikkje kan settast opp utan å måtte gjere noko med yttervegg og vindaug først, blei midlane omdisponert. Manglande solskjerming og vindaug som ikkje er trygge å opne, gjer at det blir det særst varmt i romma når det er godvêr. Tiltaket vil betre inn klima og arbeidsforhold, samt gje ein viss nedgang i energibruk til oppvarming. Det er lagt inn ei kostnadsramme på 2,5 mill. kroner i 2024.

Tak - Myra kulturhus

Fleire takstein har lausna og inngangspartiet oppe har store råteskader med vassinntrenging. Taket må reparerast ved at møne- og valmsteinar vert erstatta med galvanisert beslag, alternativt må heile taket byttast ut. Prosjektet er estimert å ha ei kostnadsramme på om lag 4 mill. kroner som er basert på erfaringstal frå liknande prosjekt. Anslaget er likevel usikkert fordi ein ikkje veit kva som kan dukke opp av uføresette forhold. Om prosjektet er å betrakte som ei investering må ein også sjå nærare på. Er det berre snakk om vedlikehald (skifte takstein) så er dette å betrakte som ein driftskostnad. Prosjektet bør utgreiast meir før ein vel å sette i gang med prosjektet. Det er planlagt ei utgreiing i 2024, før ein vurderer vidare tiltak. Førebels er det lagt inn ei kostnadsramme er 4 mill. kroner i 2025.

Trafikktryggingstiltak

Dette prosjektet gjeld ulike tiltak innan trafikktrygging. I økonomiplanen er det lagt inn ei kostnadsramme på 0,75 mill. kroner i 2025 og 2026, og 0,5 mill. kroner i 2026 og 2027 som gjeld ulike trafikktryggingstiltak. Det kan søkast trafikktryggingstilskot frå Fylkeskommunen, og det er her lagt opp til at dei finansierer om lag halvparten.

Det første prosjektet på prioriteringslista er å få etablert eit fortau (om lag 60 meter) langs nordsida av Sjøgata mellom Knipa og Sjøgata 17/REMA 1000. Dette vil forbedre og trygge nettverket for mjuke trafikkantar, og samsvare med hovudgrep nr. 2 i den vedtekne reguleringsplanen for Vestnes sentrum (PS -33/23). Viltveksande hekk på strekinga er tenkt erstatta med støyskjerm. Tiltaket er også aktualisert i samband med utbygginga av ny bustadblokk på Sjøgata 17.

Uteområde utleigebustader

Det er behov for å gjere noko med uteområdet til nokre av utleigebustadene i sentrum. Bustadane har også utvendige bodar som i realiteten ikkje kan brukast (dei har jordgolv og dørene er vanskeleg å låse), og må difor oppgraderast. Kostnadsramma er sett til 0,6 mill. kroner.

Utskifting vassrør Myraområde

Vestnes kommune er eigar av leidningsnettet på Myraområdet. Dette nettet er frå utbygginga av Hellandheimen på seint 50-talet, og det er tidvis store lekkasjar samtidig som det er konstant smålekkasjar. Røyrnettet har nådd si levetid, og det er behov for å skifte ut leidningsnettet og leggje om slik at det er mogleg å trygge vassleveransen.

Ved bortfall av vatn har ikkje kommunen etablert eit eige system for å ivareta brukargruppene og dei private abonnentane. Det same er tilfelle viss vatnet ikkje er trygt. Kommunen har ansvaret for forsyninga på området, og må stille med t.d. reservevatn og naudvatn fram til at feilen er utbetra. Bortfall av vatn har også konsekvensar for brannberedskapen. Myraområdet får vatnet frå høgdebassenget på Remmem. Ein større lekkasje vil tappe ned bassenget raskare enn det greier å fylle seg. Dette kan ha store konsekvensar for innbyggjarar som får vatnet sitt frå same høgdebassenget.

Ved å skifte vassrør forventar vi lågare forbruk, som følgje av redusert lekkasjetap. Ein vil også sleppe uventa kostnader ved å reparere lekkasjar. Tiltaket vil difor gi reduserte kostnader i drifta.

Det blir føreslått ei investeringsramme på 5 mill. kroner i 2024. Noko av berekninga er gjort etter konsultasjon med Vestnes Vassverk, medan resten er usikre anslag.

Åtgangskontroll rådhuset

Det visast til overordna ROS-analyse behandla i kommunestyret 23.03.2023 (KST-16/23) om tilsette sin sikkerheit ved rådhuset. Inngangspartiet på rådhuset er no sikra. Det er fleire inngangar til bygget som blir nytta av tilsette, publikum og politikarar. Hausten 2023 skal ei arbeidsgruppe vurdere omfanget av ytterdører som bør omfattast av system med åtgangskontroll, og om det er sonar i bygget som bør sikrast betre med eit slikt system. Tiltaket vil også omfatte skifting av nokre dører. I samband med sikring av inngangspartiet til rådhuset har kommunen inngått rammeavtale for system for åtgangskontroll. Omfanget av tiltaket er enno ukjent, men vi ser for oss ei gradvis utviding av åtgangskontroll på rådhuset. Dette vil sikre mindre nøkkeladministrasjon, og ikkje minst eit sikrere bygg både for tilsette og besøkande.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Investeringer i varige driftsmidler	23 050	27 125	24 325	26 825
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 300	2 300	2 300	2 300
Sum finansieringsbehov	25 350	29 425	26 625	29 125
Kompensasjon for merverdiavgift	-4 310	-5 085	-4 405	-5 025
Tilskudd fra andre	-725	-375	-250	-250
Salg av varige driftsmidler	-2 300	-2 300	-2 300	-2 300
Bruk av lån	-18 015	-21 665	-19 670	-21 550
Videreutlån	15 000	15 000	15 000	15 000
Bruk av lån til videreutlån	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Avdrag på lån til vidareutlån	1 500	1 500	1 500	1 500
Mottatte avdrag på vidareutlån	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Sum finansiering	-25 350	-29 425	-26 625	-29 125
Sum finansieringsbehov	25 350	29 425	26 625	29 125
Sum finansiering	-25 350	-29 425	-26 625	-29 125
Udekt finansiering	0	0	0	0

Investeringsbudsjettet blir finansiert med kompensasjon for meirverdiavgift, investeringstilskot, inntekter frå sal av anleggsmidlar, overføringar frå drift eller opptak av lån. I tabellen over blir det vist korleis investeringane til Vestnes kommune blir finansiert i økonomiplanperioden.

Opptak av lån vil påføre driftsbudsjettet framtidige rente- og avdragskostnader. Driftskostnader knytt til startlån og VAR-investeringar blir finansiert gjennom brukarbetalingar.

For 2024 er det budsjettet med eit låneopptak på 18 mill. kroner, kor lån til sjølvkostområde utgjør 5 mill. kroner. Vidareutlån kjem i tillegg på 15 mill. kroner. Eigenkapitaltilskot til KLP på 2,3 mill. kroner kan ikkje lånefinansierast, og er i økonomiplanperioden finansierast gjennom sal av anleggsmidlar. Tilskot frå andre på 0,73 mill. kroner er knytt til prosjektet «Rassikring Tomrefjord» og «Trafikktryggingstiltak», kor ein føreset at fylkeskommunen vil finansiere halvparten av prosjektet.

Vidareutlån

Kommunen tar opp startlån i Husbanken for igjen å låne pengane ut til egne innbyggjarar. Dette for å kunne hjelpe flest mogleg til å bu i eigen, eigd bustad. Startlånet er Husbanken sitt kanskje viktigaste verkemiddel i det bustadsosiale arbeidet, og kommunen er oppfordra av Husbanken til å bruke dette verkemiddelet aktivt.

Vidareutlån skal i utgangspunktet ikkje gje kommunen noko utgifter til renter og avdrag. Ser vi på reknestykket per år så går ikkje inntekter og utgifter i balanse, og vi ser at ein stadig større del blir belasta kommunen. Dei siste åra, kor renta har auka raskt, har kommunen måtte dekt ein vesentleg høgare rentekostnad enn det som blir betalt inn av låntakar. Dette har samanheng med ei høgare rente på innlån enn utlån, og at kommunen set med ubrukte startlånsmidlar. Dette blir ytterlegare beskrive under hovudkapittel «Driftsrekneskapen» og delkapittel om finansinntekter- og utgifter.

I budsjettet er det lagt til grunn eit opptak på 15 mill. kroner i startlån per år i økonomiplanperioden. Dersom ein ser behov for ytterlegare startlånsmidlar, kan dette søkjast om i løpet av året. Dei ubrukte startlånsmidlane vil først bli nytta før det blir tatt opp nye lån.



Foto: Ziggi

Klimabudsjett

Innleiing

I desember 2015 underteikna Noreg, saman med 195 andre land Parisavtalen. Gjennom avtalen har landa forplikta seg til å bidra til at den globale oppvarminga blir halde godt under to grader samanlikna med førindustriell tid, og helst avgrense temperaturauken til 1,5 grader. Norge sine klimaforpliktingar er vedtekne gjennom ei eiga klimalov der lågutsleppssamfunnet er beskrive. [Klimalova](#) har mål om at utsleppa av klimagassar i 2030 skal være minst 50, helst 55 prosent lågare enn i 1990. I 2050 må utsleppa av CO2 være netto null. For å nå desse måla krev det lokal innsats både frå innbyggjarar og lokalsamfunn samt at kommunen si drift må leggast om mot eit framtidig lågutsleppssamfunn, og helst eit nullutsleppssamfunn.

Hausten 2015 vedtok FNs medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Dei gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg.

Som eit svar på dette har Møre og Romsdal fylkeskommune, med støtte frå statsforvaltaren, tatt initiativ til Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Målet er at satsinga skal bidra til eit koordinert og metodisk krafttak for å nå FNs berekraftsmål innan 2030. For å verkeleggjere desse berekraftsmåla skal derfor skal klima- og naturomsyn ligge til grunn for Vestnes kommune si verksemd og planlegging.

Som eit ledd i arbeidet med å redusere klimautsleppa i kommunen innfører vi klimabudsjett som eit nytt styringssystem frå 2022. Eit klimabudsjett er definert som «*eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjonar og andre vedtatte klimamål.*» Klimabudsjett er eit forsøk på å løyse klimautfordringane ved å integrere dette budsjettet i økonomiplanen på lik linje med eit økonomisk

budsjett. På denne måten får ein høve til styre *kor* utsleppskutta skal takast, kva *tiltak* som skal gjennomførast, kven er *ansvarlege*, og til kva *pris*.



FNs 17 berekraftsmål er inndelt i tre dimensjoner: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Det er sammenhengen mellom disse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig

Status utslepp Vestnes kommune

Klimagassutsleppa i Vestnes kommune skal innan 2030 vere redusert med 60 % i høve referanseåret 2009. Med dagens metodikk for berekning av direkteutslepp av klimagassar, inneberer dette at vi må redusere vårt direkte utslepp med 36 882 CO₂-ekv innan 2030. Tal frå SSB og Miljødirektoratet for 2021 syner at Vestnes kommune med dette har hatt ein auke i sine klimagassutslepp på 14 % samanlikna med 2020. Auka er i all hovudsak knytt til sjøfart og då spesielt cruisetrafikk og andre aktivitetar sjøfart.

Basert på noverande datagrunnlag, finn ein ikkje tilstrekkeleg tiltak som gjev ein ønska utsleppsreduksjon. Vestnes kommune vil difor ikkje nå målsettinga om ein 60 % reduksjon av klimagassutslepp innan 2030 ved berre å redusere *direkte utslepp*. Klimabudsjettet for 2022 var kommunen sitt første. Det er ikkje eit komplett klimabudsjett, men vi har prioritert å få på plass det nødvendige rammeverket, slik at kommunen kan jobbe meir systematisk med å redusere utsleppa i åra framover. Tiltak som byggjer opp klima- og naturkompetanse i kommunen, tiltak som styrker kommunen sitt kunnskapsgrunnlag og tiltak som i hovudsak kan gjennomførast utan større kostnader er derfor prioritert. Samstundes er det vurdert at kostnadane knytt til klima- og naturkrise er langt høgare enn kostnadane knytt til tiltak. Målet med klimabudsjettet er å vere tydelege og meir konkrete på kva som er våre klimamål, kor store utsleppsreduksjonar som vi må oppnå, kva for tiltak som skal

iverksettast og når resultatane er forventa. Vi har som ambisjon at klimabudsjettet skal forbetrast gradvis gjennom erfaring og kompetanseheving i kommande planperiode.

Klimagassutslepp delast i to kategoriar, desse er *direkte utslepp* som skjer innanfor kommunen sine grenser, medan indirekte utslepp skjer utanfor kommunen sine grenser, men som eit resultat av aktiviteten innanfor kommunen sine grenser (t.d. kjøp av varer produsert andre stader).

Dersom kommunen skal nå nasjonale målsetningar og forventningar, må klimabudsjettet for Vestnes kommune mellom anna omfatte heile Vestnessamfunnet. Det er heilt klart at kommunen som verksemd også må ha ei meir klima- og miljøvennleg drift, fordi kommunen har eit særskilt ansvar med å gå føre i det grønne skiftet. For å verkeleggjere berekraftsmåla må klima- og naturomsyn ligge til grunn for Vestnes kommune si verksemd og arealplanlegging.

For å kunne gjennomføre dette, må ein ha eit betre datagrunnlag som syner kor ein kan iverksette dei tiltaka som gje størst utsleppsreduksjon. Det hastar med å få ei slik oversikt på plass.

Klimastatistikk

Tabell 1. CO₂-ekvivalenter fordelt på sektor i Vestnes kommune perioden 2009 – 2021. [Kilde Miljødirektoratet](#)

Kvart år publiserer Miljødirektoratet oppdateringar av kommune- og fylkeskommune fordelte klimagassrekneskap. Dette rekneskapet omfattar dei direkte utsleppa som skjer innanfor kommunens geografiske grense. Utslepprekneskapet syner utslepp frå dei tre klimagassane karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O) fordelt på ni sektorar i norske kommunar og fylke. Same metode og datakjelder blir brukt for alle åra i utsleppsrekneskapet.

Det første året er sett til 2009. Dette skuldast at ein ikkje har data før dette eller at datagrunnlaget ikkje har tilstrekkeleg kvalitet på kommunenivå. Grunna dette, er det anbefalt at ein set 2009, eller seinare, som referanseår for kommunale utsleppsreduksjonsmål.

Utsleppsrekneskapet inneheld utsleppstal for 2009, 2011, 2013 og årleg frå 2015. Tabell 1 gjev ei oversikt over dei ni sektorane og mengda utslepp i perioden 2009-2020 i Vestnes kommune.

Som det kjem fram av tala i tabell 1, er det ikkje registrert utslepp frå sektorane luftfart og energiforsyning. Dette er relatert til den metodiske avgrensinga.

Dei sektorane som set det største klimaavtrykket i Vestnes kommune er *sjøfart, landbruk og avfall og avløp*. Samla utgjer desse sektorane om lag 81% av dei totale klimagassutsleppa i kommunen. Ein anna stor utsleppsfaktor er vegtrafikk.

Tal frå SSB og Miljødirektoratet for 2021 syner ei auke i utslepp av klimagassar i Vestnes kommune på 14 % samanlikna med 2020. Auka er i all hovudsak knytt til sjøfart og då spesielt *cruisetrafikk og andre aktivitetar sjøfart*.

Dersom Vestnes kommune skal nå nasjonale mål om utsleppsreduksjon innan år 2030 og 2050, må ein snarast sette i verk fleire av tiltaka som er skissert i klimabudsjettet. Eksisterande tiltak er ikkje

tilstrekkeleg for å få ein reduksjon, og kommunen er på noverande tidspunkt langt unna måloppnåing knytt til utslepp av klimagassar.

Sektornivå

Sjøfart

[Sjøfart](#) er den største utsleppssektoren i Vestnes, med over 26027 tonn CO₂-ekv i 2021 kommune. Dette utgjør 44 % av total utsleppa til kommunen.

Det har vore ein betydeleg auke i klimagassutslepp knytt til sjøfart sidan 2020. T.d. har utsleppsfaktoren *cruiseskip* hatt ein auke fra 2609 CO₂-ekv (2021) til 6953 CO₂-ekv (2022). Ei auke på 166%. Innan sjøfartskategorien *andre aktivitetar sjøfart* har ein utslepps auke på 234 %

Klimagassrekneskapet for sjøfart inkluderer all utslepp frå både innanriks, utanriks og gjennomfartstrafikk (seilaser som skjer i norske havområde, men der skipet ikkje legg til norsk hamn). Miljødirektoratet har estimert utsleppa innanfor denne sektoren frå og med 2015. Grunna manglande datagrunnlag for åra 2009, 2011 og 2013, har Miljødirektoratet satt desse utsleppa lik utsleppa frå 2015.

Ser ein på kva skipskategori som utgjør den største utsleppsfaktoren, er dette *passasjerar og cruiseskip*. Desse utgjør om lag 70 % av utsleppa knytt til sjøfart i Vestnes. Sjøfart er ein utsleppssektor som i all hovudsak styres av nasjonale føringar og det er derfor vanskeleg å gjere lokale tiltak for å redusere utsleppa. Men kommunen kan gjennom Molde og Romsdal Hamn IKS drive fram utsleppsreducerande tiltak som t.d. bruk av biogass, LNG, seilingsmønster, miljødifferensiering m.m.

Utsleppsreduksjon innan sjøfart, på omlag 1000 CO₂-ekv, har spesielt skjedd innan kategorien *passasjerar*. Dette er knytt til elektrifiseringa av riksvegsambandet Molde-Vestnes samt nedlegginga av hurtigbåten mellom Molde og Vestnes. Det er estimert at dette vil gje ein utsleppsreduksjon på om lag 5900 CO₂-ekv.

Jordbruk

[Jordbruk](#) er den nest største utsleppssektoren etter sjøfart i Vestnes kommune, med over 13 200 tonn CO₂-ekv i 2021. Dette utgjør om lag 22 % av dei totale utsleppa til kommunen.

Klimagassutslepp i landbruket er knytta til biologiske prosessar i høve fordøyelsesprosessar hos husdyr, gjødselhandtering og utslepp knytt til jordbruksareala som fører til danninga av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Fordøyelsesprosessar er den største utsleppsfaktoren innanfor jordbruk og står for over 50 % av utslepp. Deretter følgjer handtering av gjødsel med 27 % utslepp medan jordbruksareal utgjør 20 % av utsleppa knytt til jordbruk. I tillegg til desse tre utsleppskjeldene har jordbruk også eit bidrag frå bruk av traktor. Desse utsleppa ligg til utsleppssektoren «*annen mobil forbrenning*».

Klimagassrekneskapet for kommunar for jordbruket er basert på nasjonale utsleppstall og fordelt til kommunar ved hjelp av fordelingsnøklar som er basert på talet på husdyr, berekna mengde nitrogen i gjødsel, fulldyrka jordbruksareal mv.

Sjølv om sektoren i stor grad regulerast av nasjonale føringar, er det er likevel gode moglegheiter til å redusere klimagassutslepp innan denne sektoren. Spesielt innan kategorien jordbruksareal. Kommunen som planmynde har høve til å legge føringar i høve omdisponering av jord- og skogbruksareal, vann- og myrareal, stille krav til klima- og miljøtilpassingar i reguleringsplaner og t.d. betre utnytting/fortetting av allereie eksisterande utbyggingsareal i staden for å ta i bruk nytt areal. Vidare kan ein nytte lokale tilskotsmidlar, som t.d. SMIL og RMP, til å redusere utsleppa av klimagassar.

Vegtrafikk

[Vegtrafikk](#) er det tredje største bidraget til utslepp i Vestnes kommune, med eit totalt bidrag på 9087 tonn CO₂-ekv i 2021. Her er det personbilar som er den største utsleppskjelda (38 %) medan utslepp frå tunge køyretøy er 37 %. Varebilar og bussar bidreg høvesvis med 12 og 11 % kvar. For vegtrafikk ser vi ein jamn reduksjon i klimagassutslepp frå 2009 til 2020. Dette kjem av ein nedgang i utslepp frå personbilar. I same periode er det omtrent uendra for tyngre køyretøy. Årsaka er truleg lettare innfasing av nullutsleppskøyretøy for personbilar, samanlikna med tyngre køyretøy. Vi ser derfor ei lita auke i utslepp frå vegtrafikk frå 2020 til 2021, som i hovudsak kjem av meir utslepp frå tunge køyretøy og varebilar.

Det er forventa betydeleg veg- og anleggsverksemd i regionen framover. For at Vestnes kommune skal nå klimamåla sine vil det derfor vere sentralt å jobba med å redusere klimagassutslepp frå tyngre køyretøy. Her bør kommunen vurdere å bruke rolla si til å påverka teknologiskiftet gjennom både innkjøp av eigne tyngre køyretøy, krav i innkjøp av transporttenester, krav om utsleppsfrie byggje- og anleggsplassar til eigne bygg og anlegg. På lettare køyretøy er det forventa ein høgare nedgang i klimagassutslepp fram til 2030. Her vil den viktigaste rolla til kommunen truleg vere å legge til rette for eit skifte til nullutsleppskøyretøy i eigen bilpark.

Avfall og avløp

[Avfall og avløp](#) er den fjerde største utsleppsektoren i Vestnes kommune, med eit totalt bidrag på 6826 tonn CO₂-ekv i 2021.

Sektoren omfattar utslepp frå bruk av avgiftsfri diesel og bensin til ikkje-veigående motorreiskapar som traktorar, anleggsmaskiner og snøskuterar. Avgiftsfri diesel blir mellom anna brukt i næringar som jordbruk, skogbruk og bygg og anlegg.

Som sjøfart, er dette ein sektor som i større grad er regulert av nasjonale føringar. Mellom anna er det Statsforvaltaren som har forvaltningsansvar for slike verksemdar. Grunnen til at denne sektoren gir store utslepp av klimagassar i Vestnes, er lokalisering av Vestnes Renovasjon. Det er forventa ein nedgang i denne sektoren grunna nasjonale føringar.

Anna mobil forbrenning

[Anna mobil forbrenning](#) stod for utslepp av i underkant av 2550 tonn CO₂-ekv i 2021. Sektoren omfattar utslepp frå bruk av avgiftsfri diesel og bensin til ikke-veggående motorreiskapar som traktorar, anleggsmaskiner og snøskuterar. Avgiftsfri diesel blir mellom anna brukt i næringar som jordbruk, skogbruk samt bygg og anlegg. Sektoren omfattar òg maskineri som blir nytta av private hushald. Det er

fleire hovudkjelder til klimagassutslepp frå anna mobil forbrenning i Vestnes kommune. Dei tre største kjeldene er *andre næringar* (37 %), *jordbruk* (26 %), *bygg og anlegg* (20 %).

Industri, olje og gass


[Industri, olje og gass](#) stod for utslepp av i overkant av 403 tonn CO₂-ekv i 2021. Denne sektoren omfatter klimagassutslipp fra olje- og gassutvinning, industri og bergverk. Det er ingen vidare inndeling av utslipp frå industri, olje og gass.

Oppvarming

[Oppvarming](#) stod for utslepp av i underkant av 508 tonn CO₂-ekv i 2021. Denne sektoren omfattar utslepp frå oppvarming av næringsbygg og hushald fordelt på utsleppskjelde som t.d. fyringsolje, fyringsparafin, naturgass, LPG, bioenergi og vedfyring. Den største utsleppskjelda kjem frå vedfyring som utgjør 67 % av utsleppa.

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar



Budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan for 2024-2027

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2011	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	1 075,0	996,8	624,4	689,4	619,6	597,1	489,6	558,9	508,4
Industri, olje og gass	434,2	436,9	382,9	439,6	412,6	407,2	496,2	423,4	403,7
Annen mobil forbrenning	3 230,0	3 397,5	2 518,5	2 581,9	2 606,9	2 978,7	4 439,8	2 580,2	2 550,4
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	12 140,1	11 750,8	12 189,2	12 398,1	12 120,3	12 176,1	11 924,3	11 675,6	13 216,4
Sjøfart	18 201,5	18 201,5	18 201,5	22 483,7	18 068,4	16 825,8	15 294,0	20 084,0	26 027,9
Avfall og avløp	13 557,0	12 832,6	10 727,5	10 145,5	8 782,8	8 491,4	7 796,8	7 279,0	6 826,4
Veitrafikk	10 307,9	10 184,8	10 199,8	9 591,5	8 820,2	9 185,9	8 944,2	8 785,3	9 087,4
Sum	58 945,7	57 800,9	54 843,8	58 329,7	51 430,8	50 662,1	49 385,0	51 386,3	58 620,5

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂ (karbondioksid)

	2011	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Oppvarming	437,4	560,6	285,6	324,7	259,1	178,1	154,0	147,8	165,1
Sjøfart	18 021,0	18 021,0	18 021,0	22 226,3	17 874,3	16 646,7	15 138,1	19 856,8	25 692,0
Veitrafikk	10 226,9	10 094,0	10 095,9	9 480,7	8 704,0	9 063,6	8 815,8	8 657,1	8 954,0
Avfall og avløp	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Annen mobil forbrenning	3 178,2	3 343,7	2 477,6	2 540,2	2 565,1	2 931,9	4 372,5	2 538,8	2 509,4
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, olje og gass	433,0	435,6	381,9	438,3	411,4	406,1	494,8	422,2	402,6
Jordbruk	138,1	145,9	143,5	140,8	161,5	178,0	224,6	216,4	224,0
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	32 434,5	32 600,9	31 405,5	35 151,1	29 975,3	29 404,4	29 199,7	31 839,1	37 947,0

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CH₄ (metan)

	2011	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Industri, olje og gass	1,0	1,0	0,9	1,0	0,9	0,9	1,1	0,9	0,9
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	610,6	417,7	323,2	346,9	342,3	402,4	319,5	392,8	326,8
Sjøfart	42,2	42,2	42,2	46,0	39,2	36,8	34,7	41,3	45,8
Veitrafikk	13,8	12,0	11,9	11,8	12,5	12,9	13,4	13,4	14,0
Avfall og avløp	12 664,3	11 573,7	9 825,8	9 245,3	8 239,3	7 883,5	7 302,4	6 830,8	6 440,7
Annen mobil forbrenning	11,7	11,4	9,7	9,6	9,4	9,5	11,2	9,2	9,2
Jordbruk	7 268,7	7 127,3	7 493,6	7 815,1	7 551,6	7 590,5	7 160,9	7 079,8	8 195,2
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	20 612,4	19 185,2	17 707,3	17 475,7	16 195,1	15 936,5	14 843,2	14 368,1	15 032,6

Klimatiltak med i økonomiplanen

Direkte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalantar
Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Kostnad 2024	Totalt kostnad 2024-2027	Langsiktig økonomisk effekt	Sektor	Kjeldere	Reduksjon 2022	Reduksjon 2023	Reduksjon 2024	Reduksjon 2025	Reduksjon 2026	Reduksjon 2027	Reduksjon 2028	Reduksjon 2029	Reduksjon 2030	Reduksjon 2031	Reduksjon 2032	Reduksjon 2033	Lansiktig reduksjon
Utfasing av fossildrevne håndholdte motorredskaper	0	0	0	Annen	Dieseldrevne motorredskaper	0,0	1,0	2,0	2,0	2,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Arealrekskap i nye planer	0	0	0	Arealbruk	Utslipp og opptak av klimagasser	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Bevaring av myrområder	0	0	0	Arealbruk	Utslipp og opptak av klimagasser	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Energiøkonomisering (ENØK) i kommunale bygningar	0	0	0	Energi	Bygg og anlegg	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Gjenbruk/kjeldesortering	0	0	0	Innkjøp	Annet	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sjøfart	0	0	0	Sjøfart	Passasjerer	2 640,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	0,0	0,0
IKT-løsningar for å redusere utslipp	0	0	0	Veitrafikk	Personbiler	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Trafikktrykingsplan	0	0	0	Veitrafikk	Personbiler	0,0	1,0	1,0	1,0	1,0	2,0	2,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Utskifting av fossile tenestebilar til elbilar	0	0	0	Veitrafikk	Personbiler	0,0	0,0	0,0	123,0	123,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	0	0	0			2 640,0	5 942,0	5 943,0	6 066,0	6 066,0	5 942,0	5 942,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	5 940,0	0,0	0,0

Beskriving av moglege klimatiltak

Arealrekneskap i nye planer

Vurdere om alle nye planer og bustadprosjekt skal inkludere arealrekneskap som gjer greie for klimagassutslepp knytt til arealbruksendringar. Kommunedelplan for naturmangfald (planprogram på høyring i november 2022) kan gje føringar for tiltak for å redusere klimagassutslepp.

Bevaring av myrområder

Vurdere om resterande myrområde skal bevarast mot utbygging, drenering og nydyrking. Høg CO₂-emisjon i drenert myr skuldast lågare grunnvatnstand, tilgang på oksygen og auka jordrespirasjon. Høg grunnvannstand i naturleg og restaurert myr motverkar jordrespirasjonen og bidreg til lagring av karbon i jorda og motverker utslepp av CH₄ som har 25 gonger så stor klimapåverknad som CO₂. Restaurering av myr vil og vere eit viktig tiltak her.

Energiøkonomisering (ENØK) i kommunale bygningar

ENØK-tiltak omfattar fleire enkelt tiltak på ulike kommunale bygningar. Tiltaka utgreiast, planleggast og gjennomførast i det aktuelle driftsåret. Tiltaka skal utgreiast gjennom kartlegging av kommunale bygningar, dei har ingen direkte reduksjon på utslepp av klimagassar, men er vurdert som eit miljøgode i høve til redusert energibehov og endringar i energifordelinga. Reduksjon i klimagass kan her komme i form av anskaffing og mindre behov for energi.

- Det er behov for ei ny kartlegging av behovet for ENØK tiltak for kommunale bygg. Det er behov for å oppdatere denne informasjonen med målretta tiltak t.d. etterisolering, skifte vindauge med meir
- Kommunen bør hente erfaringar frå andre kommunar. Dersom vi har nye løysingar er det mogleg å søke om tilskot frå ENOVA og fylkeskommunen.
- Utvikle smart styring av bygg - Sensorstyrt straum – t.d. på innelys, gatelys, lys på idrettsanlegg -
- Utskifting til led-lys
- Nytte oss av mindre bygg t.d. barnehagar - sentralisere – arealeffektive bygg
- Vedlikehald av bygningsmasse – reingjering av ventilasjonsanlegg
- Bytte ut vassledningar som lekkar mye (blir gjort på Myra 2024). I samband med berekraftsarbeidet i 2020 vart det avdekket at ein hadde 35 % lekkasje på leidningsnettet.
 - Effekten av tiltaket er: Lågare lekkasjetap som gir reduserte kostnader for produksjon av vann, reduserte pumpekostnader og reduserte mengder avløpsvatn grunna innlekking av reint lekkasjevatn
 - I dag har lekkasjen ført til at reservevatnet i høgdebassenget har blitt redusert. Dette kan føre til at resten innbyggjarane ikkje får vatn
 - Stadige reparasjonar og anleggsarbeida som følgjer med er både kostbart og lite miljøvennleg

Det er vurdert at alle desse tiltaka og vil gi ein økonomisk gevinst. Fleste av desse tiltaka er lagt inn i økonomiplanen både som investeringar og tiltak for å redusere kostnader til drift.

Gjenbruk/kjeldesortering

Tiltaka vil redusere klimagassutsleppa i kommunen, men er førebels vanskeleg å kvantifisere då reduksjonen er knytt til type gjenbruk. Vil i tillegg vere eit viktig økonomisk viktig sparetiltak.

Felles gjenbrukstasjon/"finn"-side i kommunen

Det vil bli oppretta ei side på intranett der ein kan gå inn å sjå om det er noko ein kan gjenbruke. På sida kan ein legge ut bilder og informasjon om overskotsmateriell, møblar og anna, slik at fleire kan få glede av noko andre ikkje lenger har bruk for. Det vil bli sett av eit rom som kan nyttast til lagring av brukte ting som kan gjenbrukas. Det er mogleg å tenke seg at også andre kan komme å hente dersom ting blir ståande.

Brukte møblar

Det bør vere eit krav om at det alltid blir vurdert gjenbruk av møbler før innkjøp av nye. Det bør vurderast å inngå eit samarbeid med ein lokal bedrift om oppussing og omtrekking av gamle møblar.

IKT-løsningar for å redusere utslepp

Redusert reiseaktivitet som konsekvens av bruk av IKT-løysingar som møtealternativ. Kommunen bør etterspørre slike løysingar frå statlege og regionale myndigheiter og samarbeidspartnarar. Dette vil redusere både direkte og indirekte klimagassutslepp. Heimekontor kan og vere eit tiltak her

Sjøfart

Reduksjon i klimagassutslepp er knytt til elektrifisering riksveg sambandet Molde - Vestnes. Reduksjon basert på metodikk etter Miljødirektoratet og tal frå SVV samt dagens ferjefrekvens. Ytterlegere reduksjon i i sektoren sjøfart må skje gjennom større klimakrav til cruisenæringa.

Trafikktryggingsplan

Trafikktryggingsarbeid handlar om å redusere risikoen for skadar og ulykker blant alle trafikantgrupper i alle aldrar. Mange av tiltaka vil i planen rette seg mot mjuke trafikantar, slik at det vert tryggare å gå og sykle til daglege gjeremål. Det skal i samband med både kommuneplanarbeidet og revidering av trafikktryggingsplanen gjennomførast ei kartlegging av særleg utsette område. Dette arbeidet vil bli gjennomført i hausten 2023 og våren 2024.

Trafikktryggingsplanen kan ha ein direkte effekt på klimagassutslepp då fleire personar kan velje gang og sykkel framfor fossile framkomstmiddel. Innsparinga estimert på forventa redusert køyring.

Tiltak på skuler og arbeidsplassar – slik at fleire vel sykkel og gange til daglege gjeremål.

1. Samkjøringsordningar til skule og fritidsaktivitetar
2. Sykkelveggar arbeidsplassar med sykkelparkering
3. Oppfordre tilsette til å nytte kollektivtrafikk når det er mogleg.
4. POP-UP sykkelverkstad på skular: Estimert ein reduksjon i klimagassutslepp knytt til tryggare sykkelveggar som ein følgje av at fleire sykklar til skulen.
5. Ei hjarte-sone rundt skulene – for gjere det meir trafiksikkert

Utfasing av fossildrevne håndholdte motorredskaper

Tiltaket gjeld handhalde reiskap som kantklipparar, motorsager, ryddesager o.l. i som nyttast av kommunen i drift av friområde og kyrkjegardar. Tiltaket inkluderer og grasklipparar.

Utskifting av fossile tenestebilar til elbilar

Tiltaket blir truleg iverksett innanfor planperioden. Utsleppsreduksjonen er estimert frå gjeldande metodikk frå Miljødirektoratet.

Ikke-kvantifiserbare utslippreduksjoner

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar
Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Kostnad 2024-2027	Totalt økonomisk effekt	Langsiktig reduksjon	Sektor	Kjelder	Reduksjon 2022	Reduksjon 2023	Reduksjon 2024	Reduksjon 2025	Reduksjon 2026	Reduksjon 2027	Reduksjon 2028	Reduksjon 2029	Reduksjon 2030	Reduksjon 2031	Reduksjon 2032	Reduksjon 2033	Langsiktig reduksjon
Haldningsskapande arbeid	0	0	0	Annet	Annet	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Klima- og miljøkrav i anskaffingar	0	0	0	Innkjøp	Annet	0,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0
Utarbeide ei overordna kommunedelplan for klima- og biologisk mangfald	0	0	0	Miljøledelse	Utslipp og oppptak av klimagasser	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	0	0	0			0,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0

Beskriving av moglege klimatiltak

Haldningsskapande arbeid

Informere om kommunale, regionale og nasjonale natur- og klimatiltak på sosiale media. Synleggjere naturverdiar i kommunen. Gjennomføre natur og klimatiltak i skular og barnehagar.

Nytte fag-fornyninga til å gjere dei yngste merksam på resirkulering, kompostering, grønsaksdyrking, naturverdiar og andre natur- og klimavennlege val.

Dei kommunalt tilsette må få eit bevisst forhold til korleis kan dei arbeide for å redusere utslepp av klimagassar i einingane.

Følgjande tiltak kan settast i verk:

- Arbeide med korleis ein kan redusere klimagassutsleppa kan til dømes vere ein fast post på personalmøta

- Intranett sida blir utstyrt med eit miljø-barometer. Kan mellom anna vise energibruk i kommunale bygg. I tillegg kan intranett innehalde ein del retningsliner og tips for korleis ein kan redusere klimagassutsleppa på einingane
- Kommunen kan få eit aktivt forhold til «World Earth Hour»

Klima- og miljøkrav i anskaffingar

Arbeide vidare med å implementere klima- og miljøkrav i kommunale anskaffingar og innkjøp, bygge vidare på anskaffingsstrategi. Grøne innkjøp har sett i høve til innkjøpsregulativet fortrinn i anskaffingar.

Grøne innkjøp er prosessar for å kjøpe varer og tenester med ein låg miljømessig påverknad i brukstida, samanlikna med varer og tenester som elles ville blitt kjøpt. Tiltaket kan gje ein reduksjon i både direkte og indirekte klimagassutslepp. Desse vil vere mogleg å kvantifisere når ein har eit klimafotavtrykk fordelt på dei ulike tenestene. Ein kan forvente høgare kostnader ved førstegongs investeringar. Dersom fleire offentlege aktørar stiller krav til at arbeidet skal vere klima- og miljøvenleg vil dette på sikt føre til omlegging. Mye tyder på at næringslivet har stort fokus på å redusere klimagassutsleppa fordi det er det kundane i framtida vil etterspørje.

Utarbeide ei overordna kommunedelplan for klima- og biologisk mangfald


Planen vil gje kommunen eit solid datagrunnlag for å kunne ta kunnskapsbasert natur og klimaval mot 2030/2050. Intensjonen er at planen gjennom kartlegging av både naturverdiar og klimaavtrykk skal gjere det lettare for Vestnesamfunnet å nå berekraftsmåla.

Når planen er godkjent vil kommunen få eit godt kunnskapsgrunnlag for å ta berekraftige arealval i si planlegging. Planen vert bygd opp av ein kunnskapsdel og ein handlingsdel. Planen er forventa å vere ferdig i 2024.

Klimagassutslepp (graf)

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar. Historiske utslepp er henta frå Miljødirektoratet. Du ser kommunen si referansebane og i tillegg effekten av klimatiltaka i den stipla linja.

Budsjett 2024, økonomi- og handlingsplan for 2024-2027



Kommunen sine rammeområde



Foto: Ziggi

Sentraladministrasjon

Beskriving av verksemda i dag


Kommunalområdet omfattar toppleiinga i kommunen, samt dei administrative stab- og støttefunksjonane som inngår i sentraladministrasjonen. Innan stab og støtte ligg mellom anna funksjonar som rekneskap, løn, personal/HR, arkiv, servicekontor, samt politisk sekretariat og styringsorgan. Sentraladministrasjonen har ansvar for å tilrettelegge for god politisk og administrativ styring, samt ivareta ei rekke fellesfunksjonar på vegne av heile organisasjonen.

Frå 2024 er ramma knytt til prosjektsøknader til kultur og idrett flytta frå Sentraladministrasjonen til kommunalområdet Samfunn og samskaping.

Tenester innafor IKT vert kjøpt av Molde kommune, i form av vertskommunesamarbeid (ROR-IKT). Det blei i løpet av 2022 inngått avtale med Ålesund kommune om kjøp av løn- og rekneskapstenester.

Dei tilsette i sentraladministrasjonen jobbar mykje med digitalisering og har ei rekke roller i ulike system. Funksjonar innan IKT-samarbeidet som bestillarrolle, deltaking i faggrupper og prosjektgrupper. Avdelinga har og rolla som personvern- og sikkerheitsansvarleg for kommunen.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Status og utfordringar

Vestnes kommune som arbeidsgjevar

Både på kort og lang sikt møter kommunen som tenesteytar og arbeidsgjevar store endringar. Utvikling innan klima, demografi og teknologi pregar dei langsiktige satsingane for kommunen som arbeidsgjevar. Samstundes viser dei siste åra at kommunen må ha kapasitet til omstilling og fleksibel bruk av ressursar også på kort sikt. Sentralt i alle desse utfordringane står leiing og medarbeidar. Dei skal, saman med tilsette gjere sin del av jobben med å løyse kommunen sitt samfunnsoppdrag. Leiarutvikling, arbeid med sjukefråvær, utvikle systemporteføljen, samt eit systematisk HMT-arbeid er viktige prioriteringar i planperioden.

Sjukefråvær

Kommunen har over år arbeidd mykje med å få redusert sjukefråværet. Likevel er det framleis for høgt. Det har i 2023 vore arbeidd med til dømes meir bruk av «møteplassen», der det er fokus på samarbeid mellom fleire partar for å finne gode løysningar for den sjukemeldte.

I 2024 vil vi iverksette eit prosjekt knytt til sjukefråvær. Prosjektet vil ta utgangspunkt i barnehagane som tradisjonelt har høgt fråvær. Lukkast vi med dette prosjektet blir den metoden og tankesett implementert i resten av organisasjonen. Prosjektet vert leia av kommunedirektøren og vil ha deltakarar frå personal, leiarnivået, tillitsvalt og verneombod. BHT vil også ha ei rolle i dette prosjektet.

Rekruttere og behalde relevant arbeidskraft

Fleire kommunar slit med å ha nok og rett kompetanse. Spesielt utfordrande er det innan helse, men også innan oppvekst og teknisk har vi utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. Kommunane er opptatt av at vi ikkje skal «stele» kompetanse frå kvarandre, men å forsøke å løyse kabalen i fellesskap. Kamp om arbeidskraft og kompetanse førar ofte til auka lønskostnader. Som tiltak må vi sjå om eksempelvis turnusordningar kan bidra til betre rekruttering.

Brukarretta tenesteutvikling og digital transformasjon

Kommunen må dei neste åra utvikle og endre tenestetilbodet, slik at vi også i framtida kan levere gode tenester innafor tronge økonomiske rammer. Digitaliseringsarbeidet i kommunen skal i åra framover sikte mot ein digital transformasjon av verksemda. Teknologi og digitale verktøy skal nyttast på nye måtar og tilsette får teste dette ut når ein del arbeidsoppgåver digitaliserast eller automatiserast. Den digitale transformasjonen skal skje på ein sikker måte der personvern til tilsette og innbyggjarane blir ivaretatt.

[Kommunane i ROR-IKT har ein strategi for digital transformasjon 2022 – 2029.](#) Digital transformasjon vil innebere omfattande endringar med mål om betre brukaropplevingar og smartare og meir effektivt oppgåveløysingar. Ei slik tilnærming kan føre til at organisasjonen må endrast, ansvar flyttast eller prosessar designast på nytt. Det handlar like mykje om endringsleiing, kompetanse- og organisasjonsutvikling og forvaltningsutvikling som teknologi. Kommunane i ROR-IKT samarbeidet skal auke si evne til å arbeide smidig og innovativt slik at nye arbeidsmåtar og prosessar kan takast i bruk. Digitaliseringsarbeidet handlar ikkje lenger berre om kva vi skal digitalisere, men om korleis digitalisering kan skape innovasjon og bidra til effektivisering. Denne strategien sett ramme og retning for kommunane sitt digitaliseringsarbeid for åra 2022-2029. Hovudretningane går mot ei tydeleg brukarsentrert tenesteutvikling og meir effektiv og samordna utnytting av felles IT-løysingar.

Digitalisering av arkiv

Samfunnsutviklinga gir auka digitalisering i forvaltninga, og publikum har høge forventningar om effektiv tilgjengelegheit til arkiv og arkivkunnskap.

Faggruppa for dokumentasjonsforvaltning har sett i gang arbeidet med å innføre bruk av kunstig intelligens (KI) i dagleg arbeid. Eit av områda dette blir vurdert er for lesing og kvalitetssikring av postjournalen. Dette vil vere eit sikringstiltak for å unngå publisering av opplysningar som er underlagte teieplikt. Vestnes har store mengder innsynskrav frå postlista, så fulltekstpublisering av dokument vil både effektivisere dokumentasjonsforvaltninga i kommunen samt bidra til openheit til innbyggjarane våre. Å sjå på moglegheitene ved å nyttiggjere seg av kunstig intelligens i større grad er ein del av strategien for digital transformasjon.

Kompetanseutvikling og forbetring av prosessar er også naudsynt for å ivareta arkivet sitt samla oppdrag. Ny teknologi blir fortløpande vurdert som ein del av endringane. Mellom anna jobbast det aktivt med digitale skjemaløysingar som kan avleverast direkte til arkivsystemet.

Heilskapleg og systematisk verksemdsstyring

Heilskapleg og systematisk verksemdsstyring er ein viktig premis for at kommunen skal nå måla som er satt, og leverer tenester i tråd med desse måla. Dette krev tydeleg samanheng mellom kommunen sine mål og den daglege tenesteytinga. I løpet av 2024 vil det bli vedteken ny kommuneplan. Ei viktig prioritering i planperioden blir å vidareutvikle og styrke verksemdsstyringa, ved å sikre at den støtter opp under tenester og måloppnåing, og forbetrar samanheng mellom plan, budsjett og rapportering.

Samandrag budsjett

Budsjettramma for 2024 er bygd opp frå opphavelig budsjett for 2023, korrigert med forventa løns- og prisauke slik at det er ei reell vidareføring av budsjettrammene. Vidare er ramma justert med tidlegare vedteke endringar og kommunedirektøren sine forslag til tiltak og tilpassingar. Dei enkelte tiltaka som kommunedirektøren foreslår blir nærare omtala under.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	45 879	45 879	45 879	45 879
Vedtak forrige periode				
Gjennomføring av val	-550	-150	-550	0
Pensjon og vakanse	0	600	600	600
Sum Vedtak forrige periode	-550	450	50	600
Sum Lønns- og prisvekst	3 774	3 774	3 774	3 774
Konsekvensjusteringer	3 224	4 224	3 824	4 374
Konsekvensjustert ramme	49 103	50 103	49 703	50 253
Politisk vedtak				
Lærlingar	950	1 950	1 950	1 950
Møtegodtgjersle til politikarane	300	300	300	300
Sum Politisk vedtak	1 250	2 250	2 250	2 250
Innsparingstiltak				
Omstilling og effektivisering	0	0	-450	-1 100
Sum Innsparingstiltak	0	0	-450	-1 100
Tilpassing til aktivitetsnivå				
ROR-IKT	840	840	840	840
Sum Tilpassing til aktivitetsnivå	840	840	840	840
Nye tiltak og realendringar	2 090	3 090	2 640	1 990
Ramme 2024-2027	51 193	53 193	52 343	52 243

Vedtak forrige periode

Gjennomføring av val

For 2023 blei det lagt inn ei styrking av ramma på 0,55 mill. kroner knytt til gjennomføring av val. Etter at budsjettet blei utarbeida blei det vedteken å redusere valkretsar frå 10 til 5. Dette vil medføre reduserte kostnader på om lag 0,15 mill. kroner. Ramma for 2024 blir redusert med tilsvarende sum som blei lagt til grunn i opphavsleg budsjett for 2023, medan ramma i valåra 2025 og 2027 blir styrka med 0,4 mill. kroner.

Pensjon og vakanse

Tiltaket inneber gradert uttak av pensjon. Tiltaket blei lagt inn i budsjettet for 2023, og er dermed ei vidareføring i 2024. Frå 2025 går tiltaket ut. Sentraladministrasjonen har i løpet av 2023 blitt styrka med 0,2 årsverk. Auken i kostnad vil bli sett opp mot vakanse og refusjon sjukefråvær.

Politisk vedtak

Lærlingar

Det vart i KST-77/21 vedtatt at kommunen bør ha minst 2 lærlingar per 1000 innbyggjarar. Dette utgjør 14 lærlingar. Læretida for lærlingane er på to år. Per i dag er det lærlingar innan faga helse- og omsorg og barn- og ungdom. Kommunen er godkjent som lærebedrift også i kokkefaget og aktivtørfaget.

Frå 2024 blir det foreslått å endre lønsfordelingsnøkkelen til jamt 50 % løn på kvart semester. I dag er fordelinga basert på ei opptrapping per semester (30 % - 40 % - 50 % - 80 %). Ny ordning vil gi ein lik prosentvis oversikt over utgiftene til lærlingane gjennom heile læreløpet. Ny ordning vil bli praktisert på dei nye lærlingane som blir teke inn.

Vestnes kommune har per i dag 10 lærlingar. 6 nye lærlingar vil bli tatt inn hausten 2024 og to vil gå ut, slik at vi da er oppe i 14 lærlingar. Med bakgrunn i auka tal på lærlingar er ramma styrka med 1,1 mill. kroner i 2024. Heilårseffekt vil utgjere 2,2 mill. kroner.

Møtegodtgjersle til politikarane

Det er vedteken nye satsar for politisk møtegodtgjersle som er gjeldande frå oktober 2023. I tillegg er det endra oppstartstidspunkt for kommunestyremøta, noko som medfører ei auke i tapt arbeidsforteneste. Samla er det lagt inn ei auke på 0,3 mill. kroner i ramma for politisk møtegodtgjersle.

Innsparingstiltak

Omstilling og effektivisering

Frå 2026 er det lagt inn ei innsparing knytt til reduksjon av eitt årsverk, og ytterlegare 0,5 årsverk i 2027. Det er då lagt inn halvårsverknad i det året reduksjonen skjer. Det må i tida framover jobbast med å sjå på arbeidsoppgåver og utnytte i større grad digitale løysingar. Dette for å kunne effektivisere drifta og jobbe på ein annan måte som gjer at naturleg avgang ikkje må erstattast.

Tilpasning til aktivitetsnivå

ROR-IKT

Vestnes kommune er med i eit interkommunalt samarbeid med ROR-IKT og for 2023 vil IKT-tenestene få eit meirforbruk på om lag 0,8 mill. kroner. Dette skuldast at det blei tatt utgangspunkt i det opphavelige budsjettforslaget frå ROR-IKT, som var lågare enn det som blei vedteken. I og med at dette ble vedteke etter at budsjettet for Vestnes kommune var utarbeida blei ikkje endringane med. Bakgrunnen for auka er ny fordelingsmodell. Kommunedirektøren føreslår å auke ramma med 0,8 mill. kroner slik at budsjettet samsvara med faktisk kostnad for kjøp av IKT-tenester.

Kostra-analyse

	Vestnes 2021	Vestnes 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
Prioritet					
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) *) **)	673	489	588	398	446
Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B) *) **)	196	206	197	108	133
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	3 998	3 760	4 779	4 084	4 135
Netto driftsutgifter per innbygger (180) diverse fellesutgifter (B) *) **)	1 093	1 026	95	94	110
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B) *) **)	6 477	6 159	6 684	5 675	5 811

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov



Foto: Ziggj

Oppvekst og kultur

Beskriving av verksemda i dag

Kommunalområdet oppvekst og kultur yt ei stor bredde av Vestnes kommune sine tenester. Kommunalområdet består av grunnskule, barnehage, eining for kvalifisering og integrering, vaksenopplæring, PPT og kultureininga. Skule og barnehage er dei to største områda og omfattar alle barn og unge. Kultureininga består av kulturskulen, biblioteket, frivilligsentralen og Myra kulturbygg. I all hovudsak er kultureininga knytt opp i mot frivillige opplæringstilbod, opplevingar og tenester retta mot frivilligheita. PPT yt tenester til barn og unge som har behov for det, samt at dei har ein støtte og rettleiingsfunksjon opp i mot dei andre tenestene i sektoren.


Vestnes kommune gir opplæring ved tre grunnskular; ein 1-7. skule på Helland, ein 1-10. skule i Tomrefjord og ein ungdomsskule i Tresfjord. I tillegg er det tre 1-7. privatskular lokalisert på Vikebukt, Fiksdal og Tresfjord. Det er totalt 684 elevar registrert på dei offentlege skulane og 113 elevar på dei private skulane hausten 2023 (3 elevar nyttar privat tilbod utanfor kommunen). I tillegg har kommunen tilgang til alternativ opplæringsarena på Rypdal som blir nytta av elevar på tvers av skulane. Vestnes kommune har tilbod om skulefritidsordning for 1.-4. trinn på alle grunnskulane i kommunen som elevane kan nytte seg av.

I Vestnes kommune er det seks kommunale barnehagar og to private. Barnehagane er lokalisert i Fiksdal, Tomrefjord, Helland, Tresfjord, Vikebukt og Vågstranda. Hausten 2023 er det 321 barn i barnehagane, derav 245 i kommunale og 76 i dei private barnehagane.

Flyktingtenesta og vaksenopplæringa ligg under eining for kvalifisering og integrering (EKI). EKI er delt i to tenester; flyktingtenesta og vaksenopplæringa. Vestnes vaksenopplæring er ein kommunal skule for

norske og minoritetsspråklege vaksne. Ungdomar frå andre land med rett og/eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap kan få opplæring frå dei fyller 16 år. Det overordna målet ved EKI er kvalifisering og integrering. For dei minoritetsspråklege vil ein styrke deira moglegheiter for deltaking i yrkes- og samfunnsliv, og deira økonomiske sjølvstende. Flyktingtenesta består av programrådgjevarar, miljøterapeutar og miljøarbeidarar. Dei har ei heilskapleg oppfølging av busette flyktningar i Vestnes kommune. Flyktingtenesta har det overordna ansvaret i kommunen for kvalifisering av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet og er ansvarleg for tilboda foreldrerettleiinga ICDP og livsmeistring i eit nytt land. Flyktingtenesta er ein retteliar for flyktningane til dei andre tenestene i kommunen og målet er at flyktningane blir sjølvstendige og økonomisk uavhengig innan tildelt introduksjonsprogramtid.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Status og utfordringar

Kommunalområdet er i ein pressa økonomisk situasjon, og det er eit gap mellom uttalte behov og dei økonomiske føresetnadene kommunen har. I tertialrapporten blir meldt om ei årsprognose på om lag 12,4 mill. kroner i meirforbruk for 2023. Driftsnivået er alt for høgt, noko også KOSTRA-tal viser. Dette vil ha ringverknader inn i 2024 om ikkje strakstiltak blir satt i gang. Utfordringane er at kostnadene i stor grad er bundne i tenester som er lovfesta på individnivå.

Fråvær, motivasjon og gjennomføring

Eit aukande tal barn og unge har eit urovekkjande fråvær frå skulen. Fråvær kan vere det første teiknet på at barnet eller ungdommen ikkje har det bra, og at dei ikkje kjenner meistring og tilhøyrse til fellesskapet. Årsakene til fråværsproblematikk er samansette og komplekse. Kompleksiteten aukar gjerne i takt med lengda på fråværet, og det er derfor viktig å tidleg få kartlagt utfordringar og få kopla på rett hjelp og tiltak. Når alvorleg skulefråvær har vart over ein lang periode, er det behov for eit tverrfagleg hjelpetilbod knytt til fysisk og psykisk helse, samtidig som føresette får naudsynt rettleiing og støtte.

Det er ei nasjonal bekymring at motivasjonen til elevane fell gjennom grunnskulen. Dei unge stressar meir og bruker mykje tid på skjerm. Dette gir seg mellom anna utslag i at det blir meir uro gjennom skuledagen, både i og utanfor klasseromma.

For mange elevar går ut av ungdomstrinnet med svake faglege resultat, og er dermed i risiko for å ikkje fullføre vidaregåande opplæring, noko vi også ser i statistikkane for Vestnes sin del. Regjeringa har varsla at dei vil leggja fram ei stortingsmelding i 2024 om korleis ungdomsskulen kan bli meir praktisk og variert slik at fleire elevar trivst og lærer meir.

Sjukefråvær

Stort opplevd arbeidstrykk har dei seinare åra gjort at det har vore mykje sjukefråvær, både i skulen og i barnehagane. Skulane erfarer ei auke i barn med åtferds- og helseutfordringar, og som treng oppfølging og hjelp til å meistre kvardagen. Dette slit på både lærarar og fagarbeidarar/elevassistentar. Tilsette i barnehagane opplev det og slik, der fleire barn treng tettare oppfølging og oppmerksomd frå dei tilsette.

Kortidsfråvær er særskilt krevjande. Ein er heldig dersom ein får tak i vikar. Dersom ein ikkje greier det, betyr det omfordeling av ressursar eller eventuelt bruk av overtid, noko som forsterkar arbeidstrykket på dei tilsette. Som følgje av denne negative spiralen har dei fleste einingane innanfor kommunalområdet store utfordringar med å halde budsjettmåla sine.

Bygningsmasse

Skulebygga i kommunen er av ein eldre karakter, og i dag har mange elevar opplæringa si i gamle og utrangerte skulebygg. Både mellomstegs-/ungdomsstegsbygget i Tomrefjord, kulturskulen og skulebygget på Helland treng sårt ei opprusting. I tillegg veit vi at det er manglar på skulebygget i Tresfjord som må utbetrast. Det er derfor særskilt viktig for elevane og tilsette i sektor at dei får nye og betre lokalar. Nye og moderne skulebygg vil gjere skulen og kulturskulen i Vestnes attraktiv og kan gjere rekrutteringa av nye tilsette lettare. Det er over tid vore arbeid med å byggje ein felles kommunal ungdomsskule. Over nyåret vil kommunedirektøren lage ei sak om oppretting av ad-hoc utval som skal sjå på vegen vidare for ungdomsskuleprosjektet. Gardstunet barnehage leiger areal privat. Kommunen må vurdere i tida framover om vi skal utvide eigen bygningsmasse i Tomrefjord barnehage slik at ein får samla dei to barnehagane til ein større.

Spesialundervisning

Vi har sett at det har vore ei auke i talet på elevar som tek imot spesialundervisning dei siste åra, men frå førre skuleår er det færre som har vedtak om spesialundervisning. 59 elevar har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning skuleåret 2023/2024 på dei kommunale grunnskulane. Dette er ein nedgang på 46 elevar frå skuleåret 2020/2021 og på nivå med 2022/2023, og er eit signal om at skulane har arbeid godt med å få ned talet på vedtak. Sjølv om talet på enkeltvedtak har gått ned, så er det mange elevar som treng hjelp og oppfølging. Det må arbeidast systematisk og godt med tilpassingar av den ordinære undervisninga i tida som kjem. Dette krev ein gjennomgang av ressursbruken og ein må sjå på budsjetteringa i skulesektoren. Eit grep for å få ned spesialundervisninga har vore å styrke det ordinære opplæringstilbodet. Det heng i stor grad saman med ressursrammer, og med ein pressa økonomi er det utfordrande å styrke det ordinære samtidig som ein vil kutte spesialundervisninga.

Vi nyttar i dag ein alternativ opplæringsarena i kommunen der elevar på tvers av skulane får spesialundervisning. Opplæringsarenaen skal ikkje gå utover vedtatt budsjetttramme for skulesektoren, då det er knytt opp i mot spesialundervisninga samla sett på alle skulane. Målet er at vi vil ha ein økonomisk gevinst med tanke på at vi organiserer eit tilbod i eigen kommune til ein lågare kostnad enn at vi må kjøpe desse tenestene frå andre kommunar. Ein del av arbeidet er *førebyggjande* og vil gje større økonomisk gevinst i åra framover. Vi har elevar som har grunnskule tilbodet sitt i ein annan kommune, men det er færre som treng dette i dag på grunn av den alternative opplæringsarenaen.

Endringar i opplæringslova, som vert gjeldande frå hausten 2024, tilseier at det ikkje lengre skal tilrådest bruk av assistent som spesialpedagogisk tiltak. Det gjer at det vil bli redusert behov for assistentar i skulen.

Kompetanse og rekruttering

For å yte tenester av god kvalitet, er det naudsynt med kontinuerleg utvikling og kompetanseheving blant leiarar og medarbeidarar. Det viser seg å vere få tilgjengelege (kvalifiserte) vikarar ved sjukefråvær. Dei vi har er det rift om, og ofte konkurrerer skulane og barnehagane om dei same personane. Når det kjem til nyrekruttering ser vi det same biletet. Det er få søkarar, og vi konkurrerer internt om dei. Det er og få søkarar til leiarstillingar.

Oppvekstreforma

Oppvekstreforma vil prege kommunen framover. Det faglege og økonomiske ansvaret blir ført over frå stat til kommune, der ein skal gje barn og familiar god, heilskapleg og nyttig hjelp til riktig tid. Refusjonsordninga for fosterheim avviklast og blir lagt inn i kommuneramma. I tillegg er det auka eigenandel ved bruk av statlege tiltak. Vi har fleire barn med inngripande hjelpebehov som ligg i grenseskilnaden mellom opplæringslova og helselovverket. Dette gjer at kommunen må tenke ei god tverrfagleg tenesteyting for at vi ikkje skal bli ramma sær uheldig økonomisk, samt gi gode tenester til barn, unge og familiar. Oppvektsektoren har som del av kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis eit samarbeid med eining for familie og helse, der målet er å utvikle et tverrprofesjonelt samarbeid til barns beste.

Privatskular

Frå hausten 2022 vart det oppretta to privatskular i Vestnes i tillegg til privatskulen som er der frå før. Med om lag 115 elevar per no i private skular, inneber det eit rammetrekk på om lag 14,1 mill. kroner frå 2024. Prosentandelen i privatskulane som har spesialundervisning er 15,04 %, noko som er vesentleg høgare enn i dei offentlege skulane, der prosentandelen er 9,5 %. Utgifter til spesialundervisning i dei private skulane må kommunen dekke, og denne har vore aukande. Reduserte rammar som følge av at fleire går i private skular er sær utfordrande.

Barnehageopptak

Alle som søker ved hovudopptaket og har rett på barnehageplass får eit tilbod. I tillegg til hovudopptaket har vi fortløpande opptak ved ledige plassar. For å kunne ta inn barn utover hausten og nyttår har vi bemanna for dette frå august. Dette med bakgrunn i at det har vore vanskeleg å rekruttere personale midt i eit barnehageår.

Biblioteket

Sidan 2009 og fram til 2019 har det vore ei dobling i talet på besøkande til biblioteket. Berre sidan opninga av Stella Maris har auken i utlån vore på over 20 %. Mange av dei nye som no besøker biblioteket er barn/unge som krev tilsyn og oppfølging. Dette er sjølvstøtt positivt, men det er også den største utfordringa, med tanke på nettopp tilsyn og oppfølging.

Meiroppe bibliotek betyr meir arbeid i opningstida for dei tilsette, då det er fleire bøker i omløp enn tidlegare. Med ny scene, er det fleire som ønsker å nytte biblioteket til både konsertar og andre arrangement. Fleire arrangement på kveld og ettermiddag fører til at dei tilsette ofte må forskyve arbeidstida si. Det gjer at det blir mindre tid til å hjelpe dei besøkande i den bemanna opningstida, sjølv om vi har funne ei god løysing på utfordringane rundt booking-rutinar. I desse rutinane ligg og rutinar for hjelp/assistanse rundt det tekniske til å gjennomføre arrangement.

Biblioteket er det mest besøkte folkebiblioteket i Møre og Romsdal i forhold til innbyggartal. Biblioteket har i dag bemanna opningstid i 29 timar per veke.

Flyktningstraumen frå Ukraina

Den russiske invasjonen av Ukraina 24. februar 2022 gjer at millionar av ukrainarar har behov for beskyttelse utanfor heimlandet sitt. I 2022 tok Vestnes kommune i mot 143 flyktningar, og det er venta å ta i mot 100 i 2023. Dette er særskilt mange gitt storleiken til kommunen. Vestnes kommune og frivilligheita har gjort ein stor innsats for at vi har lukkast i arbeidet med å ta imot, busette og integrerer flyktningane.

Vestnes kommune har sidan oppstart med å busette flyktningar gjort seg mange erfaringar på busettingsarbeidet og har opparbeida seg god kompetanse. Tala på måloppnåing på introduksjonsprogrammet har vore høge, noko IMDi har lagt til merke og anerkjent oss for.

Behovet for busetting av flyktningar er vanskeleg å forutsjå og er prega av store svingingar. Anmodninga om busetting av flyktningar for 2024 kjem i november 2023. I budsjettet er det forutsett at vi tek i mot 60 neste år (dette må politisk behandlast i eiga sak). Framleis er det slik at busettingskapasiteten kan verte avgrensa på grunn av tilgang på bustadar. I tillegg kan det bli utfordrande å få tak i nok lærarkrefter for å ta hand om opplæringa på ein lovpålagt måte, samt det å ha nok barnehageplassar tilgjengeleg. Om det blir mange barn og unge, så kan det medføre utfordringar på nok skule- og barnehageareal på kort sikt. I takt med flyktningstraumen må ein byggje opp tenestenivået i sektoren, men på eit tidspunkt vil flyktningstraumen snu og vi må byggje ned igjen i same takt.

Samandrag budsjett

Budsjettramma for 2024 er bygd opp frå opphavsleg budsjett for 2023, korrigert med årets lønsvekst og forventede prisauke til neste år slik at det er ei reell vidareføring av budsjettrammene. Vidare er ramma justert med vedtekne endringar og kommunedirektøren sine forslag til tiltak og tilpassingar. Under tekniske justeringar er ramma korrigert for tiltak som ikkje er blitt gjennomført i 2023, samt for tiltak som kommunedirektøren ønskjer å synleggjere på nytt.

Sektoren er i ein pressa økonomisk situasjon, og det er eit gap mellom uttalte behov og dei økonomiske føresetnadene kommunen har. Utfordringane er at kostnadene i stor grad er bundne i tenester som er lovfesta på individnivå. Både barnehagen og skulen er normbasert, noko som gjer det utfordrande å ta store innsparingsgrep med tanke på at dei største kostnadane er knytt opp i mot løn.

Vestnes kommune har ei elevtalsutvikling som er negativ. Det gjer at ein ser for seg å kunne nytte færre delingstimar i skulen for å halde seg innanfor lærarnorm. Elevtalsnedgangen vil halde fram i åra framover. Samstundes ser vi for oss ei utvikling der vi ønsker å redusere tal på timar til spesialundervisning. Desse to tinga går dårleg saman, og ein må difor i ein periode vere forsiktige med å redusere for mykje.

Det har vore politisk vilje i Vestnes kommune til å ta inn barn fortløpande gjennom heile året og ti tilbod om barnehageplass. Dette er med på å gi betre tenester til våre innbyggjarar, men det har ein økonomisk konsekvens med tanke på bemanning. Eitt hovudopptak er eit tiltak som vil gi ei økonomisk innsparing, og blir føreslått seinare i planperioden.

Nedlegging av Vågstranda barnehage vil vi ha ei økonomisk innsparing. Med bakgrunn i eit høgt mottak av flyktningar blei det vedteken å ikkje leggje ned Vågstranda barnehage i 2023, med tanke på å ha nok tilgjengelege barnehageplassar. Vi ser no at det ikkje var behov for fleire barnehageplassar på Vågstranda. Ut frå søknadane som er kome ser det ut til å bli berre 6 barn i denne barnehagen frå neste

år. Det vil krevje mykje ressursar for å halde barnehagen open, og det vil vere sær sårbart fagleg og psykososialt med tanke på barnehagemiljøet. Det blir difor føreslått å leggje ned Vågstranda barnehage frå hausten 2024, slik det ligg inne i dagens økonomiplan.

Som følgje av flyktningstraumen frå Ukraina vil kommunen få auka inntekter samtidig som utgiftsnivået vil auke. I budsjettala er det føresett at Vestnes kommune tek imot 100 flyktningar i 2023, og deretter ei nedtrapping på 60-40-30-20 dei påfølgjande åra. Dersom tala blir endra vil det gi utslag på både inntekter og utgifter. For skulene vil utgiftsauke vere knytt til lærarar, språkassistentar, IKT-materiell og skuleskyss. Eining for kvalifisering og integrering vil få auka utgifter til mellom anna introduksjonsløn og husleige. Ved ein nedgang i busetting av flyktningar etter 2024 vil ein redusere utgiftsnivået i takt med nedgangen.

Demografiendringane er tydeleg i Vestnes med fleire eldre og færre barn. Vestnes kommune har i dag barnehage på Vågstranda som er foreslått nedlagt frå hausten 2024. Dei andre kommunale barnehagane er lokalisert ved Helland, Tresfjord, Tomrefjord og Fiksdal. Til saman 6 barnehagar. I tillegg er det 2 private barnehagar. Vi ser at det er ei utfordring i barnehagane knytt til rekruttering og spesielt knytt til vikarar. Det er mange barnehagar, noko som gjer fagmiljøet på einskilde barnehagar lite robust. Kommunedirektøren føreslår at vi bør sjå på barnehagestrukturen med spesielt fokus på organisering, leiarstruktur, fagmiljø, rekruttering og vurdere friluftsbarnhage. Det vil kome eiga sak om dette til politisk behandling i 2024.

Av alternative tiltak som kommunedirektøren ikkje har foreslått er til dømes tenester innanfor kultur som ikkje lovpålagd. Vestnes kommune har mykje høgare utgifter til kultur enn kostragruppa vår. Døme her er kutt i dirigentstøtte, redusere talet på opplæring på instrument m.m. Eit tiltak innan skule er å redusere symjeundervisninga i grunnskulen (færre dagar med lengre økter). Det er også mogleg å redusere opningstida på biblioteket. I SFO er det mogleg å redusere/ta vekk tilbodet om ferieopent SFO. Kommunedirektøren anbefala ikkje desse tiltaka, sidan dette er gode tenester for innbyggjarane og kor fleire av tenestene kan gi innsparing av andre tenester på sikt.

Dei enkelte innsparingstiltaka som kommunedirektøren foreslår blir nærare omtala under.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	178 530	178 530	178 530	178 530
Sum Tekniske justeringer	-17 400	-17 400	-17 400	-17 400
Vedtak forrige periode				
Avvikling av MOT	-130	-130	-130	-130
Eitt hovudopptak i barnehage	0	-600	-1 600	-1 900
Vakant stilling PPT	400	400	400	400
Sum Vedtak forrige periode	270	-330	-1 330	-1 630
Sum Lønns- og prisvekst	7 633	7 633	7 633	7 633
Konsekvensjusteringer	-9 497	-10 097	-11 097	-11 397
Konsekvensjustert ramme	169 033	168 433	167 433	167 133
Politisk vedtak				
Redusert foreldrebetaling SFO	200	200	200	200
Sum Politisk vedtak	200	200	200	200
Innsparingstiltak				
Assistentbruk	-300	-800	-800	-800

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Endring av lærlingpraksis	-300	-800	-1 000	-1 000
Nedlegging Vågstranda barnehage	-900	-1 900	-1 900	-1 900
Omstilling og effektivisering	-900	-2 700	-4 500	-6 300
Reduksjon av administrasjonstid i kultureininga	-500	-500	-500	-500
Spesialundervisning	0	-300	-600	-1 000
Sum Innsparingstiltak	-2 900	-7 000	-9 300	-11 500
Nye tiltak				
Statsbudsjett 2024: Gratis SFO 2.trinn	1 100	1 100	1 100	1 100
Statsbudsjett 2024: Reduksjon i maksimal foreldrebetaling barnehage	2 400	2 400	2 400	2 400
Tilskot Vestnes kyrkjelege fellesråd	50	50	50	50
Sum Nye tiltak	3 550	3 550	3 550	3 550
Tilpasning til aktivitetsnivå				
Integreringsarbeid	12 500	7 600	5 700	3 400
Overføringar til private	3 500	3 500	3 500	3 500
Skuletilbod til busette flyktningar	4 500	3 300	1 800	0
Stadleg styrar i barnehage	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum Tilpasning til aktivitetsnivå	21 500	15 400	12 000	7 900
Nye tiltak og realendringer	22 350	12 150	6 450	150
Ramme 2024-2027	191 383	180 583	173 883	167 283

Vedtak forrige periode

Eitt hovudopptak i barnehage

Fortløpande opptak er ikkje ei lovpålagd teneste, men eit tilbod som er med på å gi betre tenester til våre innbyggjarar, samt at det kan vere med på å tiltrekke oss innbyggjarar gjennom at dei kan få barnehageplass gjennom heile året. Innsparinga vi har gjennom eitt hovudopptak, tilsvara om lag 3 årsverk minus tapt foreldrebetaling.

Barnehagesektoren har gitt si tilbakemelding knytt til eventuelt inntak av barn frå over nyåret. Det betyr inntak av barn utover ordinært opptak. Tilbakemeldinga går ut på at det er vanskeleg å rekruttere kvalifisert personale frå nyttår.

Tiltaket vil gje ein halvårsverknad på ca. 0,6 mill. kroner, og ein heilårsverknad på om lag 1,6 mill. kroner. Tiltaket er lagt inn frå hausten 2025. I 2027 er det lagt inn ei ytterlegare innsparing på 0,3 mill. kroner grunna lågare tilskot til private barnehagar som følgje av reduserte driftsutgifter til kommunal barnehagedrift.

Vakant stilling PPT

I 2023 blei det budsjetttert med å halde ei 50 % PP-rådgjevarstilling vakant, som gav ei innsparing på 0,4 mill. kroner i 2023. Stillinga er ikkje lenger vakant, og midlane blir tilbakeført budsjettet for 2024.

Politisk vedtak

Redusert foreldrebetaling SFO

I KST-44/23 blei det vedteken å redusere makspris i SFO til kroner 3000 for ein heiltidsplass. Dette utgjer ein reduksjon i foreldrebetaling på 0,2 mill. kroner gitt dagens tal på elevar som nyttar tilbodet.

Innsparingstiltak

Assistentbruk

I forslag til ny opplæringslov, vil ikkje PPT lenger kunne tilrå assistentbruk som spesialpedagogisk tiltak i skulen. Tal på assistentar i skulen vil difor kunne reduserast. Det er lagt inn ei forventta innsparing på 0,3 mill. kroner i 2024 (effekt frå august), og ein heilårsverknad på 0,8 mill. kroner frå 2025. Tiltaket utgjør ein reduksjon på eitt årsverk.

Endring av lærlingpraksis

Barnehagane har 3 lærlingar i dag. Frå 2024 vil vi forsøke å auke talet på lærlingar, slik at det blir 14 totalt i kommunen. I budsjettet er det føresett at oppvekst vil auke med 2 læringplassar. Læretida blir delt inn i opplæring og verdiskaping. Kommunedirektøren ønsker å endre praksis ved å sette verdiskapinga meir i system. Dette er vanleg praksis i mange kommunar. Målet med ordninga er naturlegvis at lærlingane når dei kompetansemåla som står i læreplanen. Personlege eigenskapar og erfaring hos den enkelte lærling og oppgåver i verdiskapingsdelen vil det bli tatt omsyn til. Behov for opplæring vil variere, der nokon vil trenge lengre tid. Endring av praksis knytt til ordning med lærlingar vil gje innsparingar, men vil samstundes gjere at ein får «færre hender» til å utføre oppgåver på praksisstaden enn det som er tilfelle med dagens praktisering. Det er forventta at tiltaket kan gje ei innsparing på om lag 0,3 mill. kroner i 2024, 0,8 mill. kroner i 2025 og ein fullskalaeffekt på 1,0 mill. kroner frå 2026.

Nedlegging Vågstranda barnehage

Ved å leggje ned barnehagen frå hausthalvåret 2024 vil vi ha ei innsparing på 0,9 mill. kroner. Heilårsverknaden vil vere om lag 1,9 mill. kroner. Innsparinga er i all hovudsak årsverk, samt noko driftsutgifter. Med 6 barn i 2024 vil vi også ha høgare bemanning der enn som er normrekna i knytt til talet på barn. Dersom alle barna flyttar inn i eksisterande kommunale barnehagar kan det gje ei ytterlegare innsparing frå 2026 grunna lågare tilskot til private barnehagar som følgje av reduserte driftsutgifter til kommunal barnehagedrift. Sidan dette er særst usikkert, og det er sannsynleg at enkelte kan flytte til privat barnehage, er ikkje denne delen av innsparinga lagt inn.

Vågstranda barnehage sitt bygg er av ein eldre karakter og treng ei opprusting. Tidlegare har det kome inn bekymringsmelding frå tilsette og hovudverneombodet på innklimaet i bygget. I tillegg er det synleggjort i ROS-analysen (som del av overordna internkontroll) mykje støy i barnehagen. Dette til dømes grunna gjenklang i golv med meir. Dersom barnehagen skal driftast vidare må det påreknast ekstra vedlikehaldskostnader, samt investeringstiltak på bygget i åra framover. Eigedomsdrift har stipulert at kostnad knytt til naudsynte utbetringar/vedlikehald vil vere på om lag 0,7 mill. kroner. Det er difor viktig å presisere at dersom ein vel å ikkje leggje ned barnehagen må det også finnast inndecking i budsjettet på 0,7 mill. kroner på toppen av innsparinga som ligg til grunn her. Legg ein ned barnehagen vil også eigedomsdrift få ei innsparing på 0,1 mill. kroner.

Frå hausten 2024 ser det ut til at det er 6 barn i barnehagen, noko som gjer det sårbart med tanke på bemanning med relevant kompetanse og endringar i personalet som følgje av permisjonar og sjukdom. Det vurderast å vere pedagogisk uforsvarleg å drifte vidare på dette grunnlaget. Det er også sårbart med tanke på det sosiale utviklingsmiljøet for barna som er i barnehagen. I tillegg har vi per tida dispensasjon knytt til at vi får ikkje til å rekruttere pedagogisk utdanna personell. I eit så lite fagmiljø, ser vi det som vanskeleg å rekruttere også i framtida.

Omstilling og effektivisering

Demografisk utvikling med færre barn og fleire eldre gjer at det er eit mål i økonomiplanperioden å dreie ressursane frå kommunalområdet oppvekst og kultur til helse og omsorg. Samstundes er

driftsnivået i helse og omsorg så høgt at dei må ta dei største årsverkkutta. Innan oppvekst og kultur vil det tidleg i 2024 bli satt i verk eit prosjekt med å sjå på barnehagestruktur. Dette er eit viktig prosjekt å få gjennomført sett i høve reduksjon av årsverk og/eller reduksjon av variabel løn. I tillegg vil ein sette i verk prosjekt knytt til sjukefråvær innan oppvekst og kultur. Det er lagt inn ei innsparing som utgjer om lag 2 årsverk kvart år i økonomiplanperioden. Det er då lagt inn halvårsverknad i det året reduksjonen skjer.

Reduksjon av administrasjonstid i kultureininga

Det er fleire personar med delar av stillinga si knytt til administrasjon innan kultureininga. Ein ser for seg at organisasjonen går gjennom stillingsheimlar og ser dette opp mot dei oppgåvene eininga har. Forslaget inneber ei effektivisering i eininga. Delar av eininga er lovpålagt, men ikkje nivå på oppgåvene. I ytterste konsekvens kan dette forslaget innebere reduksjon i kvalitet på tilboda. Det er lagt inn ei innsparing på 0,5 mill. kroner frå 2024.

Spesialundervisning

Det har i dei siste åra vore arbeid godt med tanke på tilpassa opplæring i skulen. Andelen med spesialundervisning har gått ned, spesielt i den offentlege skulen. Det er god grunn til å tru at vi vil sjå denne utviklinga også i tida framover. Samstundes kjem endringane i opplæringslova og til å få innverknad på overføringane til dei private skulane. Det blir ikkje lagt opp til effekt i budsjettåret 2024, men i åra framover kan dette gi seg utslag i innsparingar i skulebudsjetta. Det er lagt inn ei forventta innsparing på 0,3 mill. kroner i 2025 og ei gradvis auke i dei påfølgjande åra.

Nye tiltak

Statsbudsjett 2024: Gratis SFO 2.trinn

Gratis SFO (12 timer) for 2. trinn blei innført hausten 2023. I statsbudsjettet er det difor lagt inn heilårseffekt i rammetilskotet i 2024. Det blir lagt inn tilsvarande sum på 1,1 mill. kroner i ramma til sektoren for oppvekst og kultur.

Statsbudsjett 2024: Reduksjon i maksimal foreldrebetaling barnehage

Maksimalpris for foreldrebetaling i barnehage blei redusert til 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2023. I statsbudsjettet for 2024 er det lagt inn ein ytterlegare reduksjon til 2 000 kroner per måned frå 1. august 2024. For å kompensere for inntektsbortfallet er rammetilskotet auka. Det blir foreslått å auke ramma til barnehagane med tilsvarande sum på 1,7 mill. kroner.

I tillegg føreslår regjeringa å innføre ein ytterlegare reduksjon i foreldrebetaling for born som bur i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6, slik at desse kommunane vil frå 1. august få ein maksimalpris på 1 500 kroner. Vestnes kommune er ein av desse kommunane, og får kompensert 0,7 mill. kroner knytt til ytterlegare inntektsbortfall.

Samla blir det difor føreslått å styrke ramma til sektoren med 2,4 mill. kroner knytt til redusert foreldrebetaling i barnehagane.

Tilskot Vestnes kyrkjelege fellesråd

Det er lagt inn ei ekstra auke i tilskot til kyrkjeleg fellesråd utover kommunal deflator. Dette med bakgrunn i auka løns- og prisvekst i 2022 og 2023. Tilskotet er auka med om lag 5,1 %, som utgjer om lag 50 000 kroner.

Tilpasning til aktivitetsnivå

Integreringsarbeid

Ved å busette 100 flyktningar i 2023, og deretter ei nedtrapping på 60-40-30-20 dei påfølgjande åra, inneber det ei vesentleg kostnadsauke sett i høve det som blei førespegla i økonomiplanen for 2023-2026. Den største auke er knytt til introduksjonsprogram med løn til deltakarane (introduksjonsløn), bustadar og tilrettelegging. For å handtere flyktningane på ein god måte krev det auke bemanning. I takt med auke busetting vil bruk av tolketenester auke, samt utgifter til inventar og utstyr til bustadane. For 2024 er det budsjettet med ei ramma på 12,5 mill. kroner, som skal dekkje desse utgiftene. Dette er same nivå som ligg til grunn i opphavelig budsjett for 2023. Frå 2025 vil vi kunne redusere utgiftsnivået til 7,6 mill. kroner, 5,7 mill. kroner i 2026 og 3,4 mill. kroner i 2027. Dette er estimat ut frå føresetnadane om antall flyktningar som kjem.

Overføringer til private

Endra føresetnader, mellom anna oppretting av to nye private skular hausten 2022, gjer det naudsynt å tilpasse budsjetta for sektoren. Tal inneverande år viser eit estimert meirforbruk på 0,8 mill. kroner for kjøpte undervisningstenester i 2023. I tillegg vil det kome eit meirforbruk på kjøp av tenester frå andre kommunar på om lag 0,7 mill. kroner. For barnehagane er det meldt om eit meirforbruk på om lag 1,8 mill. kroner knytt til private overføringer i 2023. Dette skyldast mellom anna at tilskotssatsane pr. barn i private barnehagar vart auka frå 2022 til 2023. I 2024 aukar desse satsane enda meir, med om lag 1,1 mill. kroner. Satsane blir berekna på bakgrunn av regnskapstal for dei kommunale barnehagane to år før.

Kommedirektøren ser ikkje rom for å kunne styrke ramma med tilsvarende meirforbruk for 2023. Det blir difor føreslått å auke ramma med 3,5 mill. kroner. Auke utover dette må dekkast innanfor eksisterande ramme.

Skuletilbod til busette flyktningar

Føresetnadane som var lagt til grunn i dagens økonomiplan knytt til tal på mottak av flyktningar har endra seg. Krigen i Ukraina pågår enno, og det er venta at kommunen vil ta i mot fleire flyktningar enn det som blei lagt til grunn for budsjettarbeidet i fjor. Tala i planperioden må difor justerast med nye tal gitt nye føresetnader.

Som følge av flyktningstraumen frå Ukraina vil det kome auke utgifter knytt til norsk for minoritetsspråklege i grunnskulen. I opphavelig budsjett for 2023 ligg det inne 4,5 mill. kroner knytt til utgifter i høve skuletilbod til flyktningar. Frå 2024 er det venta å ta i mot færre flyktningar enn det som har vore nivået i 2022 og 2023, men utgiftene kan ikkje reduserast i same takt. Vi ser at det må oppretthaldast eit tilbod om språkassistentar, spesielt for dei minste barna i innlæringsfasen i småskulen. Utgiftene må reduserast etter kvart, og det er lagt inn ein reduksjon påfølgjande år. Dette er utgifter til lærarar, språkassistentar, IKT-materiell og skuleskyss. I føresetnadane for budsjettet er det lagt inn ein gradvis reduksjon av mottak av flyktningar, og utgiftene må reduserast i same takt. Frå hausten 2027 vil elevane gå innanfor vanleg drift knytt til minoritetsspråklege elevar.

Stadleg styrar i barnehage

Barnehagane har i 2023 auka ressursbruken til styrarar med bakgrunn i ei lovendring som inneber krav om stadleg styrar i den einskilde barnehage. Lovendringa medfører ei auke på 0,8 årsverk slik sektoren er organisert per i dag. Dette gir ein heilårsverknad på 1 mill. kroner.

Kostra-analyse

	Vestnes 2021	Vestnes 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
Prioritet					
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	9,8 %	9,6 %	11,0 %	13,7 %	13,3 %
Netto driftsutgifter per innbygger (383 musikk- og kulturskoler (B) *) **)	860	729	503	352	453
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	200 508	199 759	210 323	190 039	191 270
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	121 800	125 615	118 704	104 246	108 811
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	7 574	6 321	4 496	2 943	3 813
Dekningsgrad					
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	10,5 %	9,5 %	10,1 %	7,9 %	9,7 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	4,5 %	6,9 %	4,0 %	5,3 %	5,5 %
Kvalitet					
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	12,0	12,2	10,9	12,6	12,1
Andre nøkkeltal					
Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere (B)	3,3	20,3	11,8	6,1	8,9

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov



Foto: Unni Eik Vestnes

Helse og omsorg

Beskriving av verksemda i dag

Helse og omsorg er eit stor og komplekst kommunalområde samansett av mange ulike einingar og tenestekområde. Spennet går frå lågterskeltilbod til døgnkontinuerlege tenester. Forebygging og rehabilitering er viktig gjennom heile innsatstrappa.

Kommunalområdet består av følgjande einingar og tenester:


- Stella Maris med institusjonsplassar for eldre, inkludert personar med demens. Til saman har Stella Maris 64 institusjonsplassar, derav 16 korttidsplassar. Vestnes sentralkjøkken ligg også til eininga
- Hellandtunet med 16 institusjonsplassar for personar med demens ved Mariebo og Oppigarden og 12 institusjonsplassar for menneske med utviklingshemming ved Ivartun
- Heimenesta med heimesjukepleie, praktisk bistand/heimehjelp, 38 omsorgsleilegheiter ved Senior Plaza og Aktivitetssenteret, Sentrum dagsenter og Aktivitetssenteret (dagsenter) og hjelpemiddeltjeneste
- Familie og helse med psykisk helseteam vaksne, psykisk helseteam barn og unge, Myra aktivitetssenter (dagsenter), helsestasjon, tilsynsførarteneste og Vestnes legesenter
- Aktivisering og meistring med tilbod i bustad, ved Dagsenter Strandbo og ved Gjermundnes vidaregåande skule.
- NAV med mellom anna ansvar for økonomisk råd og rettleiing, gjeldsrådgjeving, arbeidsretta oppfølging og saksbehandling av stønadar til økonomisk sosialhjelp
- Tildeling og koordinering med mellom anna ansvar for saksbehandling av søknadar og med vedtaksmynde om helse- og omsorgstenester og omsorgsbustadar. Eininga har overordna

ansvar for individuell plan og er kommunen si koordinerende eining. Fysioterapi- og ergoterapiteneste ligg også til eininga

Helse og omsorg tilbyr i tillegg pårørandestøttetiltak som avlastning, støttekontakt og omsorgsstønad.

Når det gjeld barnevern så er Vestnes ein del av ei felles interkommunal barnevernteneste. Molde er vertskommune for samarbeidet som består av kommunane Molde, Aukra og Vestnes.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Status og utfordringar

Helse og omsorg er det klart største kommunalområde i Vestnes kommune og står for om lag 51% av kommunen sine totale brutto utgifter. Sektoren melder i 2. tertialrapport om ei årsprognose for 2023 på omlag 31 mill. kroner i meirforbruk.

KOSTRA (kommune-stat rapportering) er eit verktøy som kan brukast for å finne ut kor mykje pengar som blir brukt per tenesteområde og for å sjå potensiale for innsparing samanlikna med andre kommunar. Ambisjonsnivået bør vere å drifte minst like godt som gjennomsnittet i eigen KOSTRA-gruppe, noko som inneber at helse og omsorg må drifte minst 16,3 mill. kroner billigare. I Kommunebarmometeret blir kommunane rangert etter nøkkeltal kor dei fleste måler kvaliteten på dei kommunale tenestene. Helse og omsorg i Vestnes ligg lavt i denne rangeringa med ein 238 plass. Det vil si at det er eit stort moglegheitsrom for ei større innsparing, samstundes som ein kan arbeide mot betre tenestekvalitet.

Fleire eldre og færre yrkesaktive

Den demografiske utviklinga til Vestnes kommune tilseier at vi får ei auke i talet på innbyggjarar frå 80-89 år på 98,2 % dei neste 10 åra (jf. kapittel om demografiutvikling). Ein ser spesielt at personar med demens er ei aukande gruppe. I tillegg er det eit stort behov for omfattande og samansette tilbod til yngre brukarar. Tidleg innsats og betre samordning av tenestene vil vere viktige faktorar. Vestnes kommune gir tilbod til tenestemottakarar med eit anna utfordringsbilete enn det som har vore vanleg tidlegare. Det set krav til kompetanse innafor nye delar av fagfeltet. Dette er mellom anna ein konsekvens av Samhandlingsreforma og Oppvekstreforma som gjer at kommunen har fått større ansvar enn tidlegare. Dette er ressurskrevjande når det gjeld bemannings- og kompetansebehov. Denne utviklinga skjer også samstundes med at det blir færre yrkesaktiv bak kvar pensjonist. For å sikre berekraftig helse- og omsorgsteneste med god kvalitet i framtida er det naudsynt med omstilling.

Rekruttering og kompetanse

Helse og omsorg har utfordringar med å rekruttere fagutdanna personale. I tillegg til sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og miljøterapeutar så er rekruttering av legar og psykologar særskild utfordrande. Generelt er ordlyden i lovverket at det er krav om at ein skal yte fagleg forsvarlege tenester. Det er store krav til kva som ligg til omgrepet fagleg forsvarlege tenester, også når det gjeld kompetanse, og det blir etterprøvd ved mellom anna tilsyn frå Statsforvaltaren. Det er også eit langt større krav innan helse og omsorg no enn tidlegare når det gjeld dokumentasjon i alle ledd av tenestene. Det er generelt ei auka saksmengd med stort krav til saksbehandling og forvaltning. Dette krev meir kompetanse i alle ledd i tenestene.

Overtidsutbetalingar og bruk av vikarbyrå er store utgiftspostar, og heng saman med rekrutteringsutfordringane vi står overfor i helse og omsorg. Kompetansemangel er ei utfordring som ein slit med også nasjonalt og det er krevjande å finne løysingar. For å få til ein reduksjon i overtid må ein jobbe målretta på avdelingsnivå med planlegging av drift, rutine ved innleige, godt kjennskap til regelverk og Visma flyt ressursstyring som verktøy. Aktivisering og meistring har jobba godt med dette og kan vise til redusert overtidbruk frå 2022 til 2023 (september tall) med 1 mill. kroner. Å få på plass fast tilsette i ledige stillingar er ei prioritert oppgåve for å unngå bruk av vikarbyrå. Eit av tiltaka som vart gjort i 2023 var å endre permisjonsreglementet (Administrasjonsutvalet 4/2023) slik at det som hovudregel ikkje vert gitt permisjon for overgang til stillingar utanom kommunen. Tidlegare permisjonsreglement har ikkje vore i tråd med praksis i nabokommunane og har ført til at enkelte einingar har hatt mange vakante stillingar. Full effekt av endra permisjonsreglement vil ein først sjå i 2024, og spesielt Heimetenesta har fått lyst ut fleire faste stillingar grunna endringa. Det har i 2023 vore brukt store summer på vikarbyrå ved Vestnes legesenter, men no er alle legestillingane besett utan bruk av vikarbyrå. Ved evt. framtidig fråvær ved legekantoret ser ein det som så utfordrande å skaffe legevikarar at vikarbyrå sannsynlegvis vil bli løysinga.

Institusjonstung

Vestnes kommune er institusjonstung. Sjølv med ei korrigering for 12 institusjonsplassar for menneske med utviklingshemming ved Ivartun, er Vestnes blant dei kommunane med høgast dekningsgrad på institusjon (institusjonsplassar i høve innbyggjarar over 80 år). Tal på institusjonsplassar må sjåast i lys av at Vestnes kommune ikkje har tilbod om bukollektiv, som er trinnet under institusjon i innatstrappa. I Vestnes er det også færre i gruppa eldre (80+) som får tilbod om heimetenester samanlikna mot eiga KOSTRA-gruppe. Dette heng nok også saman med høg dekningsgrad på institusjon.

Innsparingstiltaket knytt til frigjering av institusjonsplassar ved Stella Maris er ikkje blitt gjennomført i 2023. Dette grunna det store presset tenestene har stått i, tilsyn frå Statsforvaltaren som avdekte svikt på fleire område på systemnivå, innføring av Helseplattformen og og på grunn av at Vestnes kommune har hatt ei negativ utvikling når det gjeld å klare å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa. Tiltaket med å opprette bukollektiv ved Aktivitetssenteret heng saman med fristilling av

institusjonsplassar og er såleis ikkje effektuert. Tiltaket med å bygge ned bustadtilbodet i Aktivisering og meistring er delvis innfridd. Men flytting av bebuarar til Ivtun er basert på frivilligheit, og ein har av den grunn ikkje lykkast å innfri meir enn omlag halvparten av innsparingskravet. Tiltaket med å endre praksis med å sette læringane delvis inn i turnus etterkvart som dei kjem lengre ut i læretida er ikkje innfridd. Dette grunna at tiltaket i praksis vil gi "færre hender" til å utføre oppgåver på praksisstaden. Dette var vanskeleg å gjennomføre samstundes med avgjerda om å auke årsverk på langtidsavdelingane på Stella Maris og ei vurdering av evt. auke av ressursar også i Heimetenesta.

Helseplattformen

Det var i budsjettet for 2023 lagt opp til ei stor omstilling innanfor helse og omsorg. Det har satt store krav til tilsette og leinga i sektoren. Parallelt med innsparings- og omstillingskrava har tenestene jobba med etterslep av oppgåver mellom anna på grunn av manglar i fleire leiarstillingar dei siste åra. I tillegg har helse og omsorg i 2023 vore prega av innføring av Helseplattformen, og spesielt i siste halvår har dette vore svært krevjande. Helseplattformen blir omtalt som norgeshistorias største IT-prosjekt. Prosjektet er langt meir enn innføring av ei IT-løysing, tenestene må endre måten å jobbe på og det er derfor eit stort omstillingsprosjekt. Prosjektet gjennomførast samstundes med at helse og omsorg må oppretthalde den daglege drifta og det er krevjande når 75% av timane tilsette brukar på Helseplattformen må det leigast inn vikarar for. Ein har i Vestnes planlagt opplæring av tilsette med til saman 10 000 timar, frigjering av 80 tilsette til rolle som superbrukarar og 1 700 timar til manuell migrering (overflytting av data frå gamle system).

I samband med innføring av Helseplattformen har det blir satt opp ei strategisk gevinstrealiseringsplan for Vestnes kommune. Definert gevinstmål for institusjonane er å auke andel legemiddel som blir gitt til planlagt tid med 30 % innan 2025. Dette skal realiserast ved at ein med Helseplattformen kan tilpasse planlagt tidspunkt for medisinerer til ressursar og organisering, samt brukaranes individuelle behov. Definert mål for heimebasert omsorg er auka kvalitet i tenestene ved å forbetre pleiekontinuiteten innan 2026. Dette skal realiserast ved at tilsette bruker mindre tid til dokumentasjon inne på kontoret då dokumentasjon blir gjort i sanntid på telefon ute i tenesta. Det blir tryggare oppfølging av brukarane ute i tenesta då medisinalister og all brukarinformasjon er tilgjengeleg i app på telefon. Helseplattformen gjer det lettare å fordele arbeidslister slik at det gir ein meir balansert arbeidsbelastning for dei tilsette.

Totalt sett vil gevinstrealiseringa først kome nokre år fram i tid. Trondheim kommune viser til at dei reknar mellom 2-3 år frå innføringsdato til ein kan nytte seg av Helseplattformen på linje med dei journalsystema ein hadde frå før. Gevinstrealisering total sett vil kome etter det.

Tildeling og koordinering

Tiltaket med styrking av Tildeling og koordinering (tidlegare Tenestekontoret) med ein leiarfunksjon er gjennomført. Fysio- og ergoterapitenesta er som planlagt organisatorisk flytta frå Heimetenesta til Tildeling og koordinering. Det har vore eit stort oppgåveetterslep ved Tildeling og koordinering, men i løpet av 2023 har ein klart å nå målet både i høve tenestevedtak og vederlagsberekning. Det vil gjere at frå 2024 vil ein ha ein langt betre forvaltningspraksis. Ein har også flytta vedtaksmynde frå einingane og til Tildeling og koordinering noko som er eit ledd i å unngå ein del av det dobbeltarbeidet som har vore ei utfordring. Det har også vore utarbeida retningslinjer for vederlagsberekning for Vestnes kommune, i tillegg til tilhøyrande brosjyre.

Merkantile stillingar

Innsparingstiltaket i Aktivisering og meistring knytt til vakant merkantil stilling er innfridd. Etter Arbeidstilsynet sitt tilsyn med Heimetenesta i februar 2023 vart det konkludert med at innsparingstiltaket knytt til ei administrativ stilling (merkantil stilling) i Heimetenesta ikkje var realistisk.

På grunn av den krevjande situasjonen i leiinga i Heimetenesta vart den merkantile stillinga gjort om til stilling som teamkoordinator.

Innsatstrappa

Styrking av Heimetenesta i 2023 har gått til nyoppretta stilling som demenskoordinator i 60 % stilling. Demenskoordinator er eit viktig tiltak lågt i innsatstrappa mellom anna som pårørandestøtte/rettleiing til pårørande til personar med demens. Tiltaket bidreg også inn mot ei styrking av tilbodet til personar med demens og som ledd i kompetanseheving i fleire einingar inkludert Heimetenesta.

Med større vekt på Heimetenesta som eit lågare trinn i innsatstrappa har ein i 2023 kartlagt oppgåvefordelinga/organiseringa av arbeidslistene i Heimetenesta. Kartlegginga er gjennomført med hjelp av firmaet M_Soulotion. I samanfatinga av kartlegginga vart kommunen mellom anna oppfordra til å sjå på korleis direkte brukartid fordelast mellom yrkesgruppene i Heimetenesta. Dette med bakgrunn i at kartlegginga mellom anna viser at sjukepleiarar ved Heimetenesta i Vestnes brukar relativ lite tid i brukarnært arbeid samanlikna med andre kommunar. For å følge opp dette arbeidet vidare har Heimetenesta og Stella Maris fått delta i TØRN pilot 5: *Oppgåvedeling og tenestestyrt bemanning*. Pilotperioden er frå september 2023 til januar 2025.

Prosjekt dag- og aktivitetstilbod

Prosjektet Dag- og aktivitetstilbod ser på utfordringane knytt til dagens dag- og aktivitetstilbod, og behovet for oppbygging og innhald av tilbodet framover. Brukargruppa er menneske med utviklingshemming, personar med autismespekterdiagnosar, personar mellom 18-30 år som mottak økonomisk sosialhjelp, personar med rusutfordringar m.m. Gode dag- og aktivitetstilbod er eit viktig tiltak i innsatstrappa og er avgjerande for til dømes å kjenne meistring, utvikle ferdigheiter, ta steget mot arbeidslivet med meir. Kommunen må framover tilby eit meir differensiert tilbod som fleire kan nytte seg av.

Prosjektet kring Dag- og aktivitetstilbod er i ein fase at ein no skal sjå på kva for tilbod vi skal ha i framtida, det blir mellom anna invitert idedugnad med interne og eksterne partar. Truleg vil ein rapport, med forslag til kva for tilbod vi skal ha og korleis vi skal organisere dette, føreligge til politisk behandling i løpet av 1. tertial 2024.

Det har tidlegare vore kjøpt ein del private aktivitetstenester. Dette er no vesentleg redusert og vi yter desse tilboda i eigen regi. I 2023 gav dette ei innsparing på om lag 0,7 mill. kroner. Kommunedirektøren vurderer at det i løpet av økonomiplanperioden for 2024-2027 ikkje vil føreligge ei vesentleg innsparing knytt til dag- og aktivitetstilbod. På sikt vil det derimot kunne gi innsparing gjennom at aktuelle personar får eit meir heilskapleg aktivitetstilbod som bidreg til å kome i arbeid, skule, redusere funksjonsnedsetting med meir.

Flyktningstraumen

Vestnes kommune har samla tatt i mot om lag 250 flyktningar dei to siste åra, der 1/3 av dei er barn. For legesenteret og helsestasjonen betyr det auke i oppgåver knytt til helseoppfølging. For NAV betyr det auke i økonomisk sosialhjelp dei første månadane før introduksjonsprogrammet og ofte også etter fullført introduksjonsprogram då det er ei utfordring å finne arbeid. NAV har i 2023 eit samarbeidsprosjekt med Vestnes næringsforum og Einig for kvalifisering og integrering der det vert arrangert inkluderingsmesse for flyktningane.

Samandrag budsjett

Budsjettramma for 2024 er bygd opp frå opphaveleg budsjett for 2023, korrigert med årets lønsvekst og forventta prisauke til neste år slik at det er ei reell vidareføring av budsjettrammene. Vidare er ramma justert med vedtekne endringar og kommunedirektøren sine forslag til tiltak og tilpassingar. Under tekniske justeringar er ramma korrigert for tiltak som ikkje er blitt gjennomført i 2023, samt for tiltak som kommunedirektøren ønskjer å synleggjere på nytt.

I økonomi- og handlingsplan 2024-2027 er budsjettet i helse og omsorg styrka slik at det samsvarar meir med faktiske kostnader. Eksempel på tiltak som i 2023 har ført til meirforbruk og som er styrka frå 2024 er; avtalefesta tillegg, avlastningstilbod, einetiltak i Heimetenesta og utskrivingsklare pasientar.

I forhold til variabel løn er det eit stor meirforbruk i 2023, spesielt knytt til overtid og bruk av vikarbyrå. I budsjettet for 2024 er det ikkje lagt inn ei auke i variabel løn tilsvarande forbruk for 2023. Dette er naturleg med bakgrunn i tre faktorar. For det første har det vore mykje fråvær knytt til legane og vi har vore nødt til å nytta vikarbyrå. Fråværet har gått ned og bruken av vikarbyrå er avslutta. Det er venta at utgiftene blir kraftig redusert i 2024. For det andre har innføringa av Helseplattformen gitt svært høgt forbruk knytt til overtid og vikarbyrå i 2023. Desse utgiftene vert ikkje vidareført i 2024. Den siste faktoren er at vi har nytta vikarbyrå knytt til einskild brukar ved heimetenesta. Det er eit mål at dette vert overført inn i ordinær drift. Heimetenesta har fått kompensert for dette tiltaket i budsjettet for 2024. Desse tre faktorane gjer at bruk av variabel løn vil naturleg gå ned. Samstundes er det framleis «eit gap» i bruk av variabel løn sett opp mot budsjett som må reduserast. Til dømes må vi sikre at stillingar blir lyst ut tidleg slik at vi ikkje står med vakante stillingar for lenge, arbeide med turnusar (heiltidskultur) for å redusere småstillingar vi ikkje får tilsett i, planlegge ferien med minimal bruk av vikarbyrå (nytte arbeidsgjevar sin styringsrett), aktivt arbeide med å rekruttere å behalde, redusere sjukefråværet med meir. Målsettinga er difor å redusere utgiftene til overtid og vikarbyrå slik at ein held budsjett.

Hovudtråden i budsjettet er ei dreining av drifta frå tenester høgt i innsatstrappa til tenester på lågare trinn i trappa. Frigjerung av institusjonsplassar, avvikling av bustadar i Aktivisering og meistring og bukollektiv ved Aktivitetssenteret er eksempel på dette. Nye tiltak som barnekoordinator, psykisk helseteam for barn og unge, ambulant team psykisk helse og rus og ny praksis tryggleiksalarmar er også tiltak lågare i innsatstrappa.

Styrking av Tildeling og koordinering (tidlegare Tenestekontoret) har allereie gitt resultat ved at helse og omsorg i Vestnes no har ein tydeleg «bestillar-utførar modell». I tillegg vert arbeidet med å sikre ei effektiv oppgåvefordeling og organisering av tenestene vidareført. Ved langstidsavdelingane på Stella Maris er det etablert sjukepleiar i stab (på topp), og Stella Maris og Heimetenesta deltek i Tørn pilot (oppgåvedeling og tenestestyrt bemanning). Vidareføring av arbeid med sjukepleiar i stab vil fortsette vidare inn i økonomiplanperioden. Det er vidare plan for utarbeiding av felles tildelingskriterie i Romsdalskommunane.

Det har i 2023 vore arbeida med arbeidstidsordningar, heiltidskultur og rekruttering. Det har resultert i at det i tillegg til innført langturnus i korttidsavdelinga ved Stella Maris også er innført langturnus i nye stillingsheimlar ved langtidsavdelinga. Ved Aktivisering og meistring blir stadig fleire ordinære turnusar gjort om til alternative turnusordningar. Når det gjeld Heimetenesta er det ikkje mogleg å gjennomføre turnusprosjektet slik det var tiltenkt utan betydelege meirkostnader, ein ser derfor her på ein langturnus med andre vilkår enn det som det tidlegare har vore planlagt for.

Helse og omsorg har tatt viktige grep for ei meir kostnadseffektiv drift, men det er behov for ei djuptgåande ekstern analyse av kostnader og drift. På bakgrunn av at det må gjerast eit nedtrekk av

stillingar i helse og omsorg vil det vere behov for konsulentbistand for å gi eit betre grunnlag for kor nedtrekket skal gjennomførast.

Dei enkelte tiltaka som kommunedirektøren foreslår blir nærare omtala under.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	333 053	333 053	333 053	333 053
Sum Tekniske justeringer	-6 600	-6 600	-6 600	-6 600
Vedtak forrige periode				
Gjennomgang tenestevedtak og kartlegging av bemanning	-500	-500	-500	-500
Kartlegging av oppgåvefordeling i Heimetenesta	-100	-100	-100	-100
Ny stilling - Tenestekontoret	350	350	350	350
Sum Vedtak forrige periode	-250	-250	-250	-250
Sum Lønns- og prisvekst	24 397	24 397	24 397	24 397
Konsekvensjusteringer	17 547	17 547	17 547	17 547
Konsekvensjustert ramme	350 600	350 600	350 600	350 600
Politisk vedtak				
Helseplattformen	2 800	2 000	2 000	2 000
Ny praksis tryggleiksalarmar	600	600	600	600
Sum Politisk vedtak	3 400	2 600	2 600	2 600
Innsparingstiltak				
Avvikling av bustadar i Aktivisering og meistring	-4 200	-6 400	-6 400	-9 500
Endring av lærlingpraksis	-500	-1 000	-1 000	-1 000
Frigjering av institusjonsplassar	-1 400	-3 200	-3 200	-3 200
Omstilling og effektivisering	-2 000	-6 100	-9 500	-13 700
Sum Innsparingstiltak	-8 100	-16 700	-20 100	-27 400
Nye tiltak				
Ambulant team psykisk helse og rus	0	1 800	1 800	1 800
Barnekoordinator	450	450	450	450
Barnevern	2 000	2 000	2 000	2 000
Bukollektiv ved Aktivitetssenteret	400	800	800	800
Konsulentbistand	500	0	0	0
Psykisk helseteam for barn og unge	500	500	500	500
Rådgjevar helse og omsorg	600	1 200	1 200	1 200
Statsbudsjett 2024: Basistilskot fastlegar	360	360	360	360
Statsbudsjettet 2024: Sosialhjelpssatsar	300	300	300	300
Sum Nye tiltak	5 110	7 410	7 410	7 410
Tilpasning til aktivitetsnivå				
Avlastningstilbod	1 300	1 300	1 300	1 300
Avtalefesta tillegg	6 000	6 000	6 000	6 000
Ein tiltak i Heimetenesta	3 000	3 000	3 000	3 000
Helse- og omsorgstenester knytt til flyktingar	9 000	9 000	8 500	8 000
Interkommunale helesetenester	1 000	1 000	1 000	1 000
Oppbemanning Stella Maris	3 000	3 000	3 000	3 000
Utskrivingsklare pasientar	1 000	1 000	1 000	1 000
Vikarinnleige legesenter ved permisjon	400	0	0	0
Sum Tilpasning til aktivitetsnivå	24 700	24 300	23 800	23 300
Nye tiltak og realendringer	25 110	17 610	13 710	5 910
Ramme 2024-2027	375 710	368 210	364 310	356 510

Vedtak forrige periode

Gjennomgang tenestevedtak og kartlegging av bemanning

Aktivisering og meistring har dei siste åra arbeidd målretta med alternative turnusordningar. Dette med tanke på rekruttering, og for å sikre ei mindre personalgruppe med faste tilsette rundt den enkelte tenestemottakar. I eininga er det i totalt 13 turnusar og fleire forskjellige alternative turnusordningar med langturnus som går over døgn, turnusar på 12,5 timars langvakter og turnusar med langvakter på helg. Leiinga vil saman med tilsette, tillitsvalde og vernetenesta fortsette arbeidet med alternative turnusordningar også i 2024.

I opphavelag budsjett for 2023 blei det lagt inn ei innsparing på 0,5 mill. kroner knytt til tiltaket. Forventa innsparing frå 2024 er på om lag 1 mill. kroner.

Kartlegging av oppgåvefordeling i Heimetenesta

Kjøp av tenester for kartlegging av brukartid, køyretid og «innetid» blei budsjettert med 0,1 mill. kroner i 2023. Tiltake er gjennomført. Ramma er difor redusert med tilsvarende sum i 2024.

Ny stilling - Tenestekontoret

I KST-103/22 blei det vedteke å opprette ei ny stilling som leiar ved Tildeling og koordinering. I 2023 blei det lagt inn lønnsseffekt for 8 månadar. Ramma aukar frå 2024 som følgje av heilårsverknad.

Politisk vedtak

Helseplattformen

Helseplattformen blei tatt i bruk den 3. november 2023. Systemet vil gi auka driftsutgifter samanlikna med dei gamle systema som blir erstatta.

Lønnskostnad til lokal innføringsleiar gjeld ut mars 2024. Størstedelen av kostnadane til Helseplattformen kjem i siste halvår 2023. Desse kostnadane gjeld i hovudsak frigjering av tilsette med til saman 10 000 timar i opplæring, frigjering av 80 superbrukarar og frigjering av tid til manuell migrering. For 2024 vil kostnadar til Helseplattformen i hovudsak vere knytt til lokal innføringsleiar, ekstra ressursbruk knytt til systemforvaltning og årlege forvaltningskostnadar (lisenskostnad). Det er venta noko bortfallskostandar på dagens system, men dette vil truleg skje først frå 2025. Oppfølging av Helseplattformen i 2024 vil også krevje frikjøp av leiande superbrukarar, superbrukarar og fagklyngemedlemmar.

Kostnadane knytt til Helseplattformen er vanskeleg å estimerer, og er basert på erfaringstal frå andre kommunar som har tatt i bruk Helseplattformen. Det er lagt inn ei ramme på 2,8 mill. kroner i 2024. Frå 2025 er det forventa at ramma vil gå noko ned grunna lågare lisenskostandar (bortfallskostnadar) og bortfall av løn til lokal innføringsleiar.

Ny praksis tryggleiksalarmar

Med bakgrunn i nye vedtekne betalingssettar (PS-53/23) vil det bli innført ny praksis i Vestnes kommune, som går ut på at det i kvar enkelt sak skal gjerast ei fagleg vurdering om tenesta tryggleiksalarm skal definerast som helsehjelp eller som serviceteneste. Det vil frå 2024 bli gjort ei individuell vurdering av kvar enkelt tildelt tryggleiksalarm, i tillegg til nye søknadar, og det vil bli fatta enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Rekneskapen frå 2022 viser ei inntekt til kommunen frå tenesta tryggleiksalarmar på om lag 0,65 mill. kroner. Ved ny praksis vil ein måtte rekne med at inntekta blir betydeleg redusert. Det er lagt inn ein inntektsreduksjon i ramma på 0,6 mill. kroner knytt til ny praksis.

Innsparingstiltak

Avvikling av bustadar i Aktivisering og meistring

Behova endrar seg når ein vert eldre og ofte gjer somatiske utfordringar seg gjeldande, dette gjeld for menneske med utviklingshemming på lik linje med andre. Einetiltak kan då for enkelte føre til isolasjon og utrygghet, og mangel på somatisk kompetanse hos tenesteytarane kan gje eit uforsvarleg tilbod til brukarane.

I Vestnes kommune bur det mange eldre utviklingshemma, og fleire av dei kan profitere på å bu i bukollektiv/institusjon. Dette gir eit betre tilbod til dei brukarane det gjeld og eit større fagmiljø med vektlegging av somatisk kompetanse hos tenesteytarane. Ein vurderer at det er fleire av brukarane innafor Aktivisering og meistring som har behov for tilbod i institusjon på Ivartun. Dersom ein samstundes avviklar bustadar vil det gi økonomisk gevinst.

Det er lagt inn ei forventa innsparing på 4,2 mill. kroner i 2024, som forutsett avvikling i løpet av våren. Heilårseffekten utgjer 6,4 mill. kroner. Frå 2027 er det lagt inn ei ytterlegare innsparing, kor målet er å få lagt ned fleire bustadar i takt med fråfall av bebuarar.

Endring av lærlingpraksis

Frå 2024 vil vi forsøke å auke talet på lærlingar, slik at det blir 14 totalt i kommunen. I budsjettet er det føresett at helse og omsorg vil auke antal lærlingplassar frå 7 til 9. Læretida blir delt inn i opplæring og verdiskaping. Kommunedirektøren ønsker å endre praksis ved å sette verdiskapinga meir i system. Dette er vanleg praksis i mange kommunar. Målet med ordninga er naturlegvis at lærlingane når dei kompetansemåla som står i læreplanen. Personlege eigenskapar og erfaring hos den enkelte lærling og oppgåver i verdiskapingsdelen vil det bli tatt omsyn til. Behov for opplæring vil variere, der nokon vil trenge lengre tid. Endring av praksis knytt til ordning med lærlingar vil gje innsparingar, men vil samstundes gjere at ein får «færre hender» til å utføre oppgåver på praksisstaden enn det som er tilfelle med dagens praktisering. I 2023 vart det bestemt å auke årsverk på langtidsavdelingane ved Stella Maris og det vart systematisk gjennomgått oppgåvedeling/organisering i Heimetenesta med tanke på å kartlegge evt. behov for auke i bemanninga. Det vart ikkje vurdert å vere fornuftig å samstundes redusere talet på personar på vakt slik ei omorganisering av lærlingordninga i praksis vil føre til. Tiltaket vert derimot lagt inn igjen no frå 2024. Ny organisering av lærlingordninga bør ta til ved oppstart av nytt skuleår, og derfor vil tiltaket gi halvårsverknad i 2024. Sum innsparing legg til grunn at vi får inn lærlingar til alle 9 lærlingplassane.

Frigjering av institusjonsplassar

I KST-63/22 vart det vedteke å frigjere 8 institusjonsplassar (tilsvarande ei bugruppe) med halvårseffekt i 2023. Tiltaket var rekna til å gi ei innsparing (etter at inntekter for brukarbetaling for institusjonsplassane vart trekt frå) på 1,6 mill. kroner i 2023, og ein heilårsverknad på 3,2 mill. kroner frå 2024. Frigjering av institusjonsplassar vart ikkje effektuert i 2023 grunna stort press på dei kommunale plassane og at det var mange pasientar som vart liggande på sjukehusa fordi kommunen ikkje klarte å ha eit tilbod klart frå pasientane var utskrivingsklare. I tillegg fører innføringa av Helseplattformen til at det er stort press på leiarane og lite realistisk å gjennomført ein god prosess med frigjering av institusjonsplassar før ut i 2024.

Tiltaket vert lagt inn igjen som innsparingstiltak med halvårsverknad frå 2024, og vidare med heilårsverknad frå 2025. Ei frigjerung av institusjonsplassar vil skje ved naturleg avgang og flyttingar internt, og det er difor ikkje mogleg å gjennomføre tiltaket før omlag medio 2024. Tiltaket er nærare beskrive i [økonomiplan og budsjett 2023-2026](#).

Innsparingstiltaket er rekna til 1,4 mill. kroner i 2024, og 3,2 mill. kroner frå 2025.

Omstilling og effektivisering

Demografisk utvikling med færre barn og fleire eldre gjer at det er eit mål i økonomiplanperioden å dreie ressursane frå kommunalområdet oppvekst og kultur til helse og omsorg. Samstundes er driftsnivået i helse og omsorg så høgt at dei må ta dei største årsverkkutta. Innan helse og omsorg er det lagt inn i budsjettet at ein skal nytte konsulenttenester for å avdekke kor vi har det største potensialet for kostnadsreduksjon. Dette må sjåast opp mot pleiefaktor, tenester som ikkje er lovpålagd med meir. Det er lagt inn ei innsparing knytt til omstilling og effektivisering som utgjer om lag 4,5 årsverk kvart år. Det er då lagt inn halvårsverknad i det året reduksjonen skjer.

Nye tiltak

Ambulant team psykisk helse og rus

Vestnes kommune har per i dag ikkje tenesta ambulant team som eit tiltak for brukarar med utfordringar innan psykisk helse og/eller rus. På grunn av mangel på eit oppsøkande team til praktisk bistand og miljøterapeutiske tenester så vert kommunen sitt tilbod til desse brukarar ofte bustad med heildøgns bemanning. Ambulant team vil vere eit tiltak lågare i innsatstrappa og mindre ressurskrevjande med tanke på bemanning, og blir derfor også økonomisk mindre ressurskrevjande. Med ambulant team kan ein gi brukarane tilpassa hjelp der dei bur. Tenestene i ambulant team vil bli gitt av helsepersonell tilknytt Familie og helse med kompetanse i psykisk helsearbeid og som vil vere stabile ressurspersonar over tid. Aktivisering og meistring har nytta synergiane ved bemanning i heildøgns bustadar til å utføre enkelte ambulante oppdrag til personar med psykiske helseutfordringar. Då desse ressursane no blir nytta opp mot avlastning så har ikkje eininga lengre ledig ressurs for ambulante oppdrag innan psykisk helse.

Kommunedirektøren ser for seg at det ambulante teamet består av 2 årsverk i turnus. På sikt tenker ein at tiltaket vil gi økonomisk gevinst i form av færre etableringar i bustader med heildøgns bemanning for personar som har evne til å klare seg utan døgnkontinuerlege tenester. Det er lagt inn ein kostnad på 1,8 mill. kroner til tiltaket frå 2025, kor ein vil nytte 2024 til å sjå nærare på korleis utforme tilbodet og leggje til rette for det økonomisk.

Barnekoordinator

Frå august 2022 vart barnekoordinator ei plikt for kommunane og ein rettigheit for familiar med barn med alvorleg sjukdom og funksjonsnedsettingar. Vestnes kommune skal derfor tildele barnekoordinator til familiar som venter eller har barn under 18 år der barnet har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og har behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Barnekoordinator skal sørge for nødvendig koordinering av det samla tenestetilbodet, ha oversikt over aktuelle tilbod, sørge for at familien får nødvendig informasjon og rettleiing og sørge for framdrift i arbeidet med individuell plan. Nyoppretta stilling som barnekoordinator vil bli lagt til Koordinering og tildeling. For å møte lovkravet er det behov for ei stilling

på 50 % for ei kommune på Vestnes sin storleik. I budsjettet for 2024 er det lagt inn ei auke i ramma på 0,45 mill. kroner knytt til tiltaket.

Barnevern

Vestnes kommune er i eit interkommunalt barnevern med Molde og Aukra. Molde kommune er vertskommune. I 2023 ligg vi an til eit overforbruk kring 2 mill. kroner. Grunnen til overforbruket er dyre enkelttiltak, som til dømes kjøp av institusjonsplassar. Institusjonsplassane har auka kraftig i pris dei siste åra. Med bakgrunn i dette, aukar kommunedirektøren ramma til barneverntenesta med 2 mill. kroner.

Bukollektiv ved Aktivitetssenteret

I KST-63/22 vart det vedteke å opprette bukollektiv ved Aktivitetssenteret, som ein del av tiltaket knytt til å frigjere institusjonsplassar ved Stella Maris. Oppretting av bukollektiv vart ikkje gjennomført i 2023 då tiltaket må sjåast i samanheng med at innsparingstiltaket som gjaldt frigjering av institusjonsplassar ved Stella Maris ikkje vart effektivt.

Tiltaket vert lagt inn igjen som innsparingstiltak med halvårsverknad frå 2024, og vidare med heilårsverknad frå 2025. Ei frigjering av institusjonsplassar vil skje ved naturleg avgang og flyttingar internt og det er derfor ikkje mogleg å gjennomføre tiltaket før omlag medio 2024. Tiltaket er nærare beskrive i [økonomiplan og budsjett 2023-2026](#).

Det er lagt inn ein kostnad på 0,4 mill. kroner i 2024, og 0,8 mill. kroner som heilårsverknad frå 2025.

Konsulentbistand

Romsdal interkommunalt politiske råd (Romsdal IPR) har bestilt ei analyse av kvifor dagens drift i pleie og omsorg i Romsdalskommunane er betydeleg høgare enn i samanliknbare kommunar. Vestnes kommune har saman med helse og omsorg i dei andre ROR kommunane og analysefirmaet PWC gått saman om «Prosjekt kostnadar helse og omsorg». Prosjektet har utført analyser av dagens drift, inkludere kvalitative vurderingar og tiltaksforslag frå kommunane. Prosjektet har også bidratt til kunnskapsoverføring og erfaringsdeling mellom kommunane. Rapporten frå PWC er ikkje publisert, men er venta før nyttår. Likevel veit ein ut frå KOSTRA tal at Vestnes har høgt kostnadsnivå i helse og omsorg. Prosjektet har ikkje utført framskrivingar på behov og kapasitet. Alt etter innhaldet i rapporten kan det vere eit fornuftig tiltak at Vestnes kommune ved bruk av eit konsulentfirma går djupare i analyse av kostnadar og drift av pleie og omsorg. Dette for at dimensjonering av tenestene blir basert på grunding analyse av behov og kapasitet. Kommunedirektøren meiner at rapporten bestilt frå Romsdal IPR kan nyttast som eit grunnlag for ein meir djuptgåande ekstern analyse av kostnad og drift av pleie og omsorg i Vestnes. Ei slik bestilling må også ta med ei framskriving i høve behov, kapasitet og naudsynte prioriteringar. Ein slik rapport vil kunne gi oss eit betre grunnlag for å kunne prioritere tiltak knytt til omstilling og effektivisering. Kommunedirektøren føreslår difor å auke ramma med 0,5 mill. kroner knytt til dette tiltaket.

Psykisk helseteam for barn og unge

Psykisk helse for barn og unge har frå 2018/2019 fått delfinansiert stillingar gjennom Statsforvaltaren med nedtrapping over ein 4 års periode. Frå 2024 får kommunen ikkje lenger prosjektmidlar til ei 50 % stilling som spesialsjukepleiar. Denne reduksjonen i årsverk vil føre til at det blir vanskeleg for kommunen å gi forsvarleg tilbod til barn og unge med psykiske helseplager eller begynnande rusproblem.

Psykisk helseteam for barn og unge er ei teneste lågt i innsatstrappa og er viktig når det gjeld tidleg innsats. For å kompensere for prosjektstillinga på 50 % som går ut så er det lagt inn styrke av psykisk

helseteam for barn og unge si grunnbemanning med 50 % stilling som spesialsjukepleiar. Kommunedirektøren rår til at ramma blir auka med 0,5 mill. kroner frå 2024.

Rådgjevar helse og omsorg

I budsjettet for 2023 vart det lagt inn styrking av helse og omsorg med ei prosjektstilling. Prosjektleiar fekk derimot stillinga som einingsleiar ved Tildeling og koordinering. Helse og omsorg er det kommunalområdet som står i dei største utfordringane framover med tanke på eit stort økonomisk meirforbruk, innføring av Helseplattformen, store omstillingsbehov med meir. Ser ein opp mot andre kommunar, har dei fleste kommunar rådgjevarar eller at kommunalområdet er delt i to og dermed to kommunalsjefar. I Vestnes kommune er det ikkje rådgjevarar i helse og omsorg og det er lite ressursar tilknytt kommunalsjefen. Til dømes har kommunalområdet oppvekst og kultur, rådgjevar innan barnehage. Kommunedirektøren ser at å rekruttere inn i ei stilling som prosjektleiarstilling i eit engasjement på 6 månadar vil vere vanskeleg å få gode søkarar til. Kommunedirektøren ønskjer difor å lyse ut stilling fast som rådgjevar innan helse og omsorg. Det er lagt inn ei auke i ramma på 0,6 mill. kroner i 2024 (halvårseffekt), og heilårsverknad på 1,2 mill. kroner frå 2025.

Statsbudsjett 2024: Basistilskot fastlegar

Pasienttilpassa basistilskot trådde i kraft 1. mai 2023. Den nye ordninga får heilårseffekt i 2024, og kommunen får ei auke på 0,36 mill. kroner i auka rammetilskot. Det blir føreslått å auke helsesektoren med tilsvarende sum.

Statsbudsjettet 2024: Sosialhjelpssatsar

Rettleiande sosialhjelpssatsar blei heva med 10 % frå 1. juli 2023. Det er lagt inn heilårsverknad i 2024. Det blir føreslått å auke ramma til helsesektoren med tilsvarende beløp som kommunen får kompensasjon for gjennom auka rammetilskot. Dette utgjør 0,3 mill. kroner.

Tilpasning til aktivitetsnivå

Avlastningstilbod

Aktivisering og meistring har ikkje budsjett for avlastning, men har i praksis omfattande tilbod til fleire brukarar. Eininga nyttar synergieffektane ved allereie eksisterande bemanning i bustadane til å tilby avlastning, og størstedelen av avlastningstilbodet er dermed dekt inn i ordinær drift. På grunn av nye avlastningstiltak i eininga må ein auke bemanninga med 1,4 årsverk. Dette er tiltak som er starta opp i 2023 og har ført til meirforbruk inneverande år. I budsjettet for 2024 er det lagt inn ei auke i ramma på 1,3 mill. kroner knytt til tiltaket, slik at ramma er tilpassa faktisk aktivitetsnivå.

Avtalefesta tillegg

I ny tariffavtale for 2022, med verknad frå 1. januar 2023, auka tillegg for natt og helg betydeleg. Tillegget på natt auka til minst 25 % av timeløn og helgetillegget til minst 22 % av timeløn. Kommunane har blitt kompensert for lønsoppgjere, men helse og omsorg har ikkje fått styrka ramma tilsvarende. Av den grunn viser prognose for 2023 eit meirforbruk på avtalefesta tillegg på om lag 6 mill. kroner og den kostnaden vil fortsette vidare i 2024. Ramma er difor auka med tilsvarende sum slik at budsjettet samsvarer med faktisk kostnad.

Ein tiltak i Heimetenesta

Heimeteneste meldar i tertialrapporten om eit vesentleg meirforbruk i 2023. Ei av grunnane skuldast etablering av eit nytt ressurskrevjande tiltak utan at ein har greitt å nytte synergiane i allereie eksisterande bemanning. Dette har ført til at eininga har måtte nytte vikarbyrå til tiltaket. Det blir jobba

med å finne ei løysing kor ein kan drifte dette i kommunal regi. Uansett vil det medføre ei auke i kostnader. Det blir difor foreslått å auke ramma til Heimetenesta med 3 mill. kroner. Styrkinga er lågare enn faktisk meirforbruk i 2023, noko som inneber ei føresetnad om å ikkje nytte vikarbyrå i same omfang som i 2023.

I samband med at vi ønsker å styrke lågare trinn i innsatstrappa, var det i økonomiplana for 2023-2026 foreslått ei styrking av Heimetenesta med 0,5 mill. kroner i 2024. Denne styrkinga inngår i dette tiltaket. Det hadde vore ønskeleg å styrke tenesta meir, men kommunedirektøren ser ikkje kor ein skal hente midlane til det no.

Helse- og omsorgstenester knytt til flyktningar

Vestnes kommune har i 2023 vedteke å ta i mot 100 flyktningar. Det er lagt til grunn mottak av 60 flyktningar i 2024 og deretter ei nedtrapping på 40-30-20 dei påfølgjande åra (med atterhald om politisk vedtak). Føresetnadane har altså endra seg i høve det som blei lagt til grunn i økonomiplanen for 2023-2026. Dette inneber ei auke i kostnadene hovudsakleg ved NAV, helsestasjonen og legekantoret.

NAV har fått tilført to stillingar i 2023 knytt til arbeid med flyktningar. Ei sakshandsamarstilling som arbeider med vedtak og sosialhjelp, og ei stilling som jobbspesialist for flyktningar. Desse blir vidareført i 2024. Det var lagt inn kostnader på økonomisk sosialhjelp knytt til flyktningar på omlag 5,5 mill. kroner i 2023. Kostnaden skulle gradvis reduserast utover i økonomiplanperioden fordi det var rimeleg å tru at mange av flyktningane etter kvart vil få seg arbeid. Ein har satt i verk tiltak for å få så mange som mogleg ut i arbeid, men erfaringa er at mange er avhengig av økonomisk sosialhjelp over lengre tid. Nivået som blei lagt til grunn i 2023 blir vidareført i 2024. Elles er det budsjettet med kostnader knytt til utstyr, tolketenester og kvalifiseringsprogram. I budsjettet for 2024 er ramma til NAV styrka med 7,7 mill. kroner.

Helsestasjonen har frå medio 2023 hatt ei 50 % engasjementstilling som helsesjukepleiar til oppfølging av flyktningar når det gjeld barnevaksinasjon, helsesamtalar og generell helsestasjonsoppfølging for flyktningar. På grunn av at ein i 2024 kjem til å ta imot fleire flyktningar enn det som det vart planlagt, er det behov for å halde denne engasjementstillinga uendra på 50 % i 2024 og vidare i 2025, 30 % i 2026 og utfasing i 2027. Legesenteret har ei 50 % engasjementstilling som hjelpepersonell, i tillegg til 20 % legeressurs som jobbar mot flyktningane. Stillingane skal sørge for rutinemessig oppfølging av flyktningane med blodprøver og anna testing, grunnvaksiner og helsesamtalar. Ein ser behov for å behalde begge engasjementstillingane også i 2024. For perioden 2025-2027 er det behov for å halde legeressursen på 20 % uendra, medan hjelpepersonellressursen kan derimot gradvis reduserast til 30 % i 2025 og vidare til 20 % i 2026 og utfasing i 2027. I budsjettet for 2024 er ramma til Familie og helse styrka med 1,3 mill. kroner.

Samla er ramma til helse og omsorg styrka med 9 mill. kroner i 2024 for å kunne handtere auke flyktningstraumen. Ramma dei påfølgjande åra vil gå litt ned, men held seg relativt høg som følgje av at fleire vil motta økonomisk sosialhjelp frå NAV.

Interkommunale helesetener

Vestnes kommune samarbeida om interkommunal helsetenester, der Ålesund kommune er vertskommune. Frå 01.01.2024 blir det endringar i fordelingsmodellen med bakgrunn i at Haram blir eigen kommune. Totalkostnaden for legevaktsamarbeidet vil i 2024 vere på om lag 7 mill. kroner, som er ei auke på i overkant av 1 mill. kroner. Dette skuldast at det er gjort ei styrking på natt hjå legevakta, høg løns- og prisvekst, auka kostnader til vikarinleige og overtid, samt ny ordning knytt til sommarbonus i høve rekruttering.

Kommunedirektøren foreslår å auke ramma til Familie og helse med 1 mill. kroner slik at budsjett samsvara med faktisk driftskostnad.

Oppbemanning Stella Maris

I 2023 auka ein grunnbemanninga ved langtidsavdelingane på Stella Maris med til saman 2,8 årsverk. Desse årsverka går på «topp» mellom dei to avdelingane. Styrkinga låg ikkje inne i opphavelag budsjett for 2023. Ramma for 2024 er difor auka med 3 mill. kroner.

Utskrivingsklare pasientar

På grunn av press på institusjonsplassane så har ein dei siste åra ikkje klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar og kommunen må av den grunn betalte dagsbøter til Helseføretaka. Prognose for 2023 er eit meirforbruk på utskrivingsklare pasientar på 1,4 mill. kroner. Det er lagt inn ei moderat auke på 1 mill. kroner i ramma, slik at budsjett samsvara meir med faktisk kostnadsnivå.

Vikarinnleige legesenter ved permisjon

Grunnbeløp blir brukt i mange av NAV sine utbetalingar. 6G (grunnbeløpet i folketrygda) er maksimal kompensasjon ved til dømes foreldrepermisjon, og per mai 2023 tilsvara 6G om lag 0,7 mill. kroner. Når kommunalt tilsette fastlegar til dømes avviklar foreldrepermisjon så må kommunen dekke differansen. I mange tilfelle blir også kostnaden for vikarinnleige høgare enn lønskostnaden til den som går ut i permisjon. For 2024 vil dette utgjere om lag 0,4 mill. kroner, og kommunedirektøren foreslår difor å auke ramma med tilsvarande sum.

Kostra-analyse

	Vestnes 2021	Vestnes 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
Prioritet					
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B)	18,6 %	22,4 %	34,5 %	34,6 %	30,6 %
Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	0,4 %	0,3 %	0,2 %	0,3 %	0,2 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	57,7 %	59,2 %	43,3 %	41,7 %	39,7 %
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B) *) **)	2 827	2 849	3 387	2 600	2 191
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) *) **)	4 337	4 450	4 094	4 341	4 139
Dekningsgrad					
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	1,9 %	1,6 %	1,0 %	0,7 %	0,8 %
Mottakere av hjemmetjenester per 1000 innbyggere (B)	56	52	58	42	48
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over (B)	26,4 %	26,8 %	17,3 %	16,5 %	16,1 %
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken, totalt	16,90	16,90	10,40	10,90	11,60

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov



Foto: Ziggi

Samfunn og samskaping

Beskriving av verksemda i dag

Kommunalområdet Samfunn- og samskaping omfattar einingane tekniske tenester, eigedomsdrift samt beredskap. Kommunalområdet har eit utvida ansvar for heilskapleg og samfunnsmessig utvikling av kommunen med fokus på samskaping internt og saman med eksterne aktørar som til dømes næringslivet. Oppgåver som ligg til kommunalområdet er mellom anna planarbeid, brann, beredskap, næringsutvikling, oppmåling, innkjøp, drift og vedlikehald av kommunale bygg og vegar, vatn og avløp, byggesak, klimasatsing, berekraftsarbeid med meir.

Frå 2024 er ramma knytt til prosjektsøknader til kultur og idrett flytta frå Sentraladministrasjonen til kommunalområdet Samfunn og samskaping. Å søke ulike statlege og fylkeskommunale midlar til mellom anna tettstadsprosjekt, kulturvern og sikring av friluftsområde, ligg også innafor oppgåvene.

Samfunnsplanlegging og prosjektutvikling

Samfunn og samskaping har ansvar for den strategiske samfunnsplanlegginga etter plan og bygningslova. Kommunal planstrategi og kommuneplanen er lovpålagte oppgåver som krev at det leggst opp til ein brei prosess internt og eksternt i kommunen. Plan for trafikktrygging samt klima og miljø, er òg strategiske planoppgåver som ligg til kommunalområdet.

Det blir også arbeida med å gi hjelp til lag og foreiningar i prosessen med å søke eksterne midlar. Kommunen skal så langt som råd støtte opp om utvikling av lokale forsamlingshus og idrettsanlegg, og gi til dømes rettleiing og behandle søknadar om statlege spelemidlar. Spelemiddelordninga er ei viktig ordning for bygging og vedlikehald av kulturbygg, idretts- og nærmiljøanlegg i kommunen.

Å søke andre statlege og fylkeskommunale midlar til mellom anna tettstadsprosjekt, kulturvern og sikring av friluftsområde, ligg også til tenesteområdet.

Beredskap

Kommunen har ansvar for å ivareta befolkninga si sikkerheit gjennom å redusere risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og materielle verdiar. Beredskapsplikta krev at kommunen arbeider systematisk og heilskapleg på tvers av kommunalområda for å ivareta ansvaret.

Arbeidet med å koordinere beredskapsarbeidet i kommunen er lagt til dette kommunalområdet. Dette gjeld mellom anna oppfølging og revisjon av kommunens overordna ROS (overordna risiko- og sårbarheitsanalyse), med revisjon og utarbeiding av tilhøyrande beredskapsplanverk. I dette ligg kommunen sin beredskapsplan for kriseleiinga, med underliggande beredskapsplan som Evakuerings- og pårørandesenter, krisekommunikasjonsplan og atomberedskapsplan.

Tekniske tenester innan forvaltning og tenesteproduksjon

Følgjande fagområde ligg under ansvarsområdet tekniske tenester:

- arealplanlegging
- deling av eigedom
- byggesaksbehandling
- matrikkelføring
- oppmåling og kart
- adressering
- eigedomsskatt
- landbruk
- skogbruk
- naturforvaltning
- klima og miljø
- vilt
- forvaltning og drift av kommunal vegar og avløp
- prosjektering og utbygging av bustad- og næringsområde
- stell av park og grøntområde inkl. aktivitetstilbod for personar med hjelpebehov
- brann og feiing/tilsyn


Dersom ein ser vekk frå avgiftskapital, kor kostnadane blir dekkja gjennom kommunale gebyr eller andre inntekter, er dei største nettoutgiftspostane brannvern, vedlikehald av kommunale vegar og parker/grøntareal. I tillegg er tekniske tenester ansvarleg for gjennomføring av mange av investeringsprosjekta i kommunen. Dette gjeld mellom anna utbyggingsprosjekt innafor bustadfelt, vegar, trafikktrygging, avløpsanlegg, samt industri- og næringsområde.

Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar

Samla bruttoareal for kommunale bygg var ved utgangen av 2022 på om lag 72 000 m². Bygningsmassen består av kommunalt disponerte bustadar og ei rekke formålsbygg som skular, barnehagar, helseinstitusjonar, kommunehus og kultur/idrett. I tillegg blir det administrert i underkant av 6.000 m² til vidare utleige. Dette gjeld 16 bustadar i ein kommunalt oppretta bustadstiftelse og ca. 50 innleigde flyktningbustader. Den store auka i innleigde bustader i 2022 kjem utelukka av flyktningstraumen frå Ukraina.

Eininga for eigedomsdrift har ansvaret for sal av kommunale bustad- og næringstomter, samt sal og kjøp av kommunale bygg/bustadar. Administrasjon og kompetanse på fagfeltet om offentlege anskaffingar ligg og til eininga, samt ansvar for koordinering av kommunen sine forsikringsordningar. I tillegg er eigedomsdrift ansvarleg for gjennomføring av mange av investeringsprosjekta i kommunen.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Status og utfordringar

Etterslep på vedlikehald av kommunale vegar

Utfordringsbilete for tekniske tenester si drift er etterslep på vedlikehald av kommunale vegar og kommunale grøntområde, auka kostnader til vintervedlikehald og beredskap. Klimaendringar med villare og våtare ver forsterkar utfordringsbilete innafor fleire av fagområda våre.

Vi har framleis om lag 3 km med grusvegar som krev intensivt vedlikehald med grusing og slodding for å halde tilfredsstillande standard, og vi bør difor på sikt få etablert fast dekke. Dei kommunale vegane med asfaltdekke er av varierende standard og store deler av vegnettet har eit dekke som burde vore fornya. Andre strekkingar krev delvis oppbygging av nytt berelag med vidare. Kommunen har kjøpt inn ei digital løysing/programvare, «Rosy», som inneheld vegdata av høg kvalitet og stor nøyaktigheit. Løysinga gir grunnlag for dynamisk rapportering av tilstand og vedlikehaldsplanlegging. Dette gir vidare grunnlag for budsjettering og prisføresurnad til entreprenørar, og samstundes gir det eit grunnlag for dei strategiske vala som må gjerast. Dårlig standard på asfaltdekke er svært tilfredsstillande for alle trafikantar og fører til at det blir vanskeleg å få god standard på snøbrøytinga, noko som går utover den generelle framkomsten og kan føre til redusert trafikktryggleik.

Med stadig høge drivstoffprisar og den generelle kostnadsauken i tillegg til auka nedbør, vil det bli krevjande å ta inn vedlikehaldsetterslepet. Meir ekstremvær og klimaendringar gir ekstra utfordringar for planlegging og drift og det blir svært viktig å skaffe eit godt grunnlag for prioriteringane framover.

Drift og vedlikehald av grøntområde

Drift og vedlikehald av grøntområde med plenar, plantning og installasjonar av ulike slag krev stor arbeidsinnsats. Dette har vore utført delvis ved kjøp av tenester frå Tremek, egne tilsette og som arbeid- og aktivitetstilbod for brukargrupper som krev hjelp og tilrettelegging. Sidan organisering av kommunen sitt dag- og aktivitetstilbod for ulike brukargrupper er under vurdering, står framleis mellom anna ei fast gartnarstilling vakant.

Etterslep på vedlikehold av kommunale bygningar

I tida som kjem står kommunen overfor krevjande prioriteringar innanfor verdibevarande vedlikehald og tilrettelegging av lokalar. Kommunen har ein stor bygningsmasse, og det er mange bygg som har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep både innvendig og utvendig. I fleire av bygga våre er det tekniske installasjonar som er moden for utskifting. Eldre anlegg har ofte nådd teknisk levetid. For betre utnytting av tekniske anlegg er det nødvendig med ei oppgradering av SD-anlegga (sentralt overvakingsanlegg) knytt til fleire av formålsbygga.

Fleire tenester melder om behov for å gjere endringar/ombyggingar (tilrettelegging) med dei lokala dei disponera. Det kan vere at lokala ikkje er tilpassa gjeldande tenesteproduksjonen og at lokala manglar naudsynt fleksibilitet.

Gamle tekniske anlegg og rørsystem som er dyre i drift

Kommunen har ein del å gå på når det gjeld tiltak for å redusere straumforbruket. Kommunale bygg har en del eldre teknisk anlegg som gjer dette vanskeleg. I tillegg har kommunen framleis eit fjernvarmeanlegg som har eit varmetap på over 20 %.

Vestnes kommune er eigar av leidningsnett på Myraområdet. Dette nettet er frå utbygginga av Hellandheimen på seint 50-talet, og det er tidvis store lekkasjar samstundes som det er konstant smålekkasjar. Røyrnettet har nådd si levetid, og det er behov for å skifte ut leidningsnett og leggje om slik at det er mogleg å trygge vassleveransen for innbyggjarane. Dette blir føreslått som eit investeringstiltak i 2024.

Samandrag budsjett

Budsjettramma for 2024 er bygd opp frå opphavelig budsjett for 2023, korrigert med årets lønsvekst og forventa prisauke til neste år slik at det er ei reell vidareføring av budsjettrammene. Vidare er ramma justert med vedtekne endringar og kommunedirektøren sine forslag til tiltak og tilpassingar.

Kommunalområdet merkar auka løns- og prisstigning når det gjeld innkjøp av varer og tenester. Dette gir utslag i både drift og investeringar, mellom anna i auka kostnader til vedlikehald av vegar og bygg, kjøp av tenester til kommunal drift, innkjøp av material m.m.

Kommunalområdet har etterslep på vedlikehald av kommunale vegar og bygg. Mange av bygga og dei tekniske anlegga er gamle og krev utskifting. For å redusere kostnader er det foreslått å avhende kommunal bygg som ikkje er i bruk. Dette bidrar til å redusere kostnadar til mellom anna vedlikehald, straum, forsikring og vaktmeistertenester. Sal av bygg vil også gi salsinntekter som kan brukast til å finansiere andre investeringar.

For å redusere kostnader til straum er det foreslått å skifte ut eldre teknisk anlegg som er meir energieffektive. I tillegg skal det jobbast med ENØK- tiltak på alle kommunale bygga slik at kommunen på sikt kan redusere straumforbruket.

Av alternative tiltak som kommunedirektøren ikkje har foreslått er til dømes kutt eller reduksjon i kultur- og aktivitetsmidlar som utgjer om lag 0,5 mill. kroner per år. Dette er eit godt og viktig tilskot for lag, foreiningar m.m. Eit anna alternativ er kutt i kjøp av tenester frå Vestnes Næringsforum, som utgjer

0,75 mill. kroner. Vestnes kommune kjøper i dag tenester av Vestnes Næringsforum til mellom anna råd og rettleiing, samt formidle tilbud om kurs og opplæring og moglegheiter innafor verkemiddelapparatet. Konsekvensen er at kommunen må gjer desse oppgåver sjølv, noko som krev ei auke i ressursar.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	42 170	42 170	42 170	42 170
Sum Tekniske justeringer	-2 700	-2 700	-2 700	-2 700
Vedtak forrige periode				
Retaksering av eigedom	-590	-790	-790	-790
Sum Vedtak forrige periode	-590	-790	-790	-790
Sum Lønns- og prisvekst	2 353	2 353	2 353	2 353
Konsekvensjusteringer	-937	-1 137	-1 137	-1 137
Konsekvensjustert ramme	41 233	41 033	41 033	41 033
Innsparingstiltak				
Avhende kommunale bygg	-500	-750	-1 000	-1 000
ENØK-tiltak	-400	-500	-600	-700
Nedlegging Tresfjord brannstasjon	-200	-200	-200	-200
Omstilling og effektivisering	-230	-680	-900	-900
Utsifting av vassrør	-200	-200	-200	-200
Vakante stillingar	-900	0	0	0
Sum Innsparingstiltak	-2 430	-2 330	-2 900	-3 000
Tilpasning til aktivitetsnivå				
Brøyting og strøing	800	800	800	800
Kontingent Romsdalsmuseet	300	300	300	300
Varslingssystem og kommunalt oppgåvefelleskap	200	200	200	200
Sum Tilpasning til aktivitetsnivå	1 300	1 300	1 300	1 300
Nye tiltak og realendringer	-1 130	-1 030	-1 600	-1 700
Ramme 2024-2027	40 103	40 003	39 433	39 333

Innsparingstiltak

Avhende kommunale bygg

Dette tiltaket gjeld reduserte faste kostnader som følgje av avhending av kommunale bygg som ikkje blir nytta i kommunal tenesteproduksjon. I økonomiplan for 2023 -2027 er det lagt inn ei innsparing på avhending av kommunale bygg på 0,4 mill. kroner. Liaråket er vedteke nytta til flyktningbustader, medan Tresfjord trygdeheim er lagt ut for sal, men ikkje avhenda. Fiksdal skule vart avhenda i 2023. Dette gir ei innsparing i vaktmestertenenesten på om lag 0,2 mill. kroner i 2023.

Dersom Tresfjord trygdeheim blir avhenda i 2024 vil det gi reduserte driftskostnader på om lag 0,2 mill. kroner i året. I 2024 vil det truleg bli fremma ei politisk sak om å avhende Vågstranda skule fordi den

ikkje blir nytta i kommunal tenesteproduksjon. Dersom bygget blir avhenda kan dette gi ei innsparing på om lag 0,2 mill. kroner.

Kommunedirektøren føreslår å legge ned barnehagen på Vågstranda. Bygget er i dårleg stand, både yttervegg, kjøkken og innvending støyskjerming må på plass for å kunne tilby ein forsvarleg standard i barnehagen. Kommunen vil få ei innsparing på om lag 0,1 mill. kroner gjennom mindre bruk av ressursar (tilsyn og arbeid), vedlikehaldskostnader, forsikring og andre løpande utgifter. I tillegg vil ein sleppe nødvendig vedlikehaldskostnader som må påreknast dersom bygget skal fortsette å vere i drift på lag 0,7 mill. kroner.

Oppsummert vil avhending av bygga som er omtala over gi ei innsparing på om lag 0,5 mill. kroner i 2024.

Gartneriet på Myra har ein høg driftskostnad grunna store utgifter til straum. I 2024 vil vi jobbe for å finne ei anna løysing, slik at vi kan sanere gartneriet i løpet av 2025. Dette kan gje ei årleg innsparing på om lag 0,5 mill. kroner.

ENØK-tiltak

ENØK dreier seg om å forvalte energiforbruket på ein god måte for å redusere sløsing. Målet er å redusere utgiftene utan å kutte komforten. For tida har kommunen ein gunstig straumavtale som har ført til låge kostnader. Kommunen har ein del å gå på når det gjeld tiltak for å redusere sjølve forbruket. Tiltak kan vere å skifte ut eldre teknisk anlegg, smartare styringssystem for straumbruk, skifte ut gammalt lysarmatur med nye som nyttar led, installere fleire varmpumper med meir. I tillegg må det jobbast med ei haldningsendring i organisasjonen knytt til dette tiltaket.

I klimabudsjettet er det foreslått at kommunen skal arbeide med å redusere forbruket av straum med 20 %. Det er budsjettert med ei innsparing på 0,4 mill. kroner i 2024, og deretter ei gradvis opptrapping utover planperioden som følge av planlagte straumsparingstiltak. Tala er estimat, sidan faktisk innsparing også vil vere avhengig av straumprisane.

I tillegg må det vurderast om kommunen framleis skal ha fjernvarme, då det gir eit varmetap på over 20 %. Ei omlegging krev eingongsinvesteringar, men kan på sikt redusere kostnader til fjernvarme. I 2024 skal vi sjå på moglegheita for å utfase fjernvarmeanlegget. Dette krev at ein greier ut om ulike alternative energikjelder og effekten dei kan få for energiforbruket i dei aktuell kommunale bygga. Kostnader til utgreiinga blir tatt innanfor ramma.

Nedlegging Tresfjord brannstasjon

Dersom ein vel å leggje ned Tresfjord brannstasjon er det mogleg å få ei innsparing på 0,2 mill. kroner årleg. Tresfjord trygdeheim er nedlagd, noko som stiller mindre krav til kort utrykkingstid.

Dimensjonering av brannvesen og utrykkingstid som er omtalt i «Forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralane» er ikkje til hinder for at brannstasjonen vart lagt ned. Stasjonen på Helland ligg innafor tilstrekkeleg utrykkingstid.

Ei utrykking til områda rundt Tresfjord kan bli noko dyrare enn utrykking frå Halland brannstasjon. Ved utrykking grunna alarm vil ein måtte nytte Helland stasjon også på dei mindre hendingane som Tresfjord har håndtert åleine.

Omstilling og effektivisering

Det er lagt inn ei innsparing knytt til omstilling og effektivisering. Tiltaket utgjer ein reduksjon på 0,5 årsverk i 2024 og 2025. Det er då lagt inn halvårsverknad i det året reduksjonen skjer. Dette må knyttast

opp mot å jobbe meir effektivt gjennom mellom anna bruk av digitale løysingar, færre bygg å vedlikehalde og liknande.

Utskifting av vassrøyr

Røyrnettet på Myra har nådd si levetid, og det er behov for å skifte ut leidningsnettet og leggje om slik at det er mogleg å trygge vassleveransen. Ved å skifte vassrøyr forventar vi lågare forbruk, som følgje av redusert lekkasjetap. Ein vil også sleppe uventa kostnader ved å reparere lekkasjar. Utskifting av røyrsystem på Myra ligg inne som eit investeringstiltak i 2024. Det er forventa at tiltaket vil gje ein reduserte driftskostnad på om lag 0,2 mill. kroner årleg.

Vakante stillingar

Stillinga som gartner står framleis vakant. Dette er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg og gjer at beskjæring, anleggsarbeid og sommardrift blir skadelidande. Noko av arbeidet blir utført ved hjelp av delvis vikariat og kjøp av tenester. Det er planer om å etablere eit nytt heilskapleg dag- og aktivitetstilbod innan 2025. Dette kan bety at arbeidet med grøntområda kan overførast til desse tenestene. Å la stillinga som gartner stå vakant vil gje ei innsparing på om lag 0,3 mill. kroner i 2024.

Stillinga som vegingeniør har stått vakant sidan februar. Denne vert lyst ut igjen i mai 2024 med håp om tilsetjing i løpet av 3. kvartal 2024. Dette vil gje ei innsparing på om lag 0,6 mill. kroner.

Samla vil tiltaket med å halde stillingar vakant gje ei innsparing på 0,9 mill. kroner i 2024.

Tilpasning til aktivitetsnivå

Brøyting og strøing

Det har vore rapportert i tertialrapporten eit stort meirforbruk på brøyting og strøing i år. Prognosa viser eit meirforbruk på om lag 1 mill. kroner i år.

Prisane i nytt brøyteanbod vart betydeleg høgare enn førige anbudsrunder. Dette grunna i auka kostnader generelt og prisstigning på diesel spesielt. I anbudsrunderen vart det også lagt opp til at brøyteentreprenøren skulle utføre sandstrøinga. Strøing har tidlegare vore utført av kommunen, men på grunn av avgrensa kapasitet har ikkje dette vore heilt tilfredsstillande. Det er ikkje fullt ut tatt høgde for auka driftsutgifter på dei om lag 20 km med kommunal veg som vi fekk ekstra da Vågstranda/Hjelvika vart innlemma i Vestnes.

Kommunedirektøren foreslår å auke ramma med 0,8 mill. kroner, og forventar at eventuell meirkostnad utover dette blir dekt innafor ramma.

Kontingent Romsdalsmuseet

I forslag til ny samarbeidsavtale med Romsdalsmuseet, er det lagt inn ei gradvis auke i kontingenten fram til 2026. Dette er likt for alle Romsdalskommunane. Kommunestyret vedtok i november 2021 ei gradvis opptrapping av kontingenten for 2022 og 2023, men auken vart ikkje lagt inn i kulturbudsjettet. I år er kontingenten 350 000 kroner (50 kr per innbyggjar). I 2024 er det foreslått å auke kontingenten til 635 000 kroner (kr 90 per innbyggjar). Det kjem ei eiga sak om dette til politisk behandling.

Kommunedirektøren foreslår å auke ramma med 0,3 mill. kroner til kontingent til Romsdalsmuseet, slik at budsjettet samsvara med faktisk kostnad.

Varslingssystem og kommunalt oppgåvefelleskap

Det er interkommunalt samarbeid om 110-sentralen i Møre og Romsdal. Dette gir brannvesenet moglegheit til å samvirke med andre som brannvesen, politi, ambulanse, men også redningskøyte, helikopter og frivillige organisasjonar som Raude kross. 110-sentralen er der også for at kommunen sine innbyggjarar slik at dei kan varsle når brann og ulykker oppstår. I 2023 auka kontingenten med 0,2 mill. kroner. Kommunaldirektøren foreslår å auke ramma med 0,2 mill. kroner slik at budsjett samsvara med faktisk kostnad.

Kostra-analyse

	Vestnes 2021	Vestnes 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
Prioritet					
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på fjernvarme, konsern	23,0 %	29,0 %	13,0 %	13,0 %	14,0 %
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	58,6 %	40,1 %	88,1 %	85,3 %	83,8 %
Beredskap mot branner og andre ulykker nettdriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	1 059	961	1 246	952	1 215
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	194 805	186 723	112 507	182 652	152 116
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	4,6 %	4,6 %	9,1 %	9,5 %	8,3 %
Plansaksbehandling nettdriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	125	120	389	305	270

*) Inflasjonsjustert med deflator